

«Den første jeg kjender av ætten
fikk ryddet sig plass i en skog»

Skogfinnar i norsk litteratur

NOR4390 – Masteroppgåve i nordisk, særleg norsk,
litteraturvitskap

Hausten 2019

Magnus Bernhardsen

Samandrag

«Den første jeg kjender av ætten fikk ryddet sig plass i en skog» –

Skogfinnar i norsk litteratur

Skogfinnane er ein av dei fem nasjonale minoritetane i Noreg, og det er ein veldig usynleg og lite kjent minoritet. Eg har undersøkt om det finst ein eigen skogfinsk litteratur, og korleis skogfinnane er framstilte i norsk skjønnlitteratur av og om skogfinnar. Eg gjekk fyrst gjennom litteratur frå 1800-talet, der det berre er ikkje-skogfinnar som har skrive. Så såg eg på dei ulike forfattarane som debuterte fram til ca 1945. Der er det små og store bidrag, nokre med klisjear og stereotyper, andre med episke slektsromanar.

Eg kjem fram til at det er Åsta Holth som har gjeve det viktigaste bidraget til den skogfinske litteraturen, og på sett og vis har skapt ei forteljing om det skogfinske som andre adopterer.

Eg har vore oppteken av å sjå om det finst skogfinsk litteratur utanom Finnskogen, og det gjer det, men ikkje mykje. Den skogfinske litteraturen er meir mangfaldig enn eg førestilte meg, men forsøket på å skapa ein definisjon snevvar den også meir inn enn godt er.

Innholdsliste

Samandrag	2
Føreord	6
1 Innleiing	7
1.1 Tittelen	7
1.2 Nokre definisjonar	8
1.3 Avgrensingar	8
1.4 Kva har eg gjort for å finna litteratur?	9
1.5 Kva er dei skogfinske spora eg ser etter?	9
1.6 Bakgrunnen for utvandringa frå Finland	10
1.7 Skogfinnane i Noreg	10
1.8 Eilert Sundt	11
1.9 Carl Axel Gottlund	12
1.10 Badstuskikken – eit døme på kulturell endring	13
1.11 Gottlunds store plan	14
1.12 Samansmelting og integrasjon	15
1.14 Kven, finne eller skogfinne?	16
1.15 Skogfinnane som nasjonal minoritet	17
1.16 Kritikk av statusen som nasjonal minoritet	18
1.17 Skogfinnane – ein usynleg minoritet	19
1.18 Skogfinsk litteratur eller finnskoglitteratur?	19
1.19 Regionallitteratur eller minoritetslitteratur?	21
1.20 Runesong – den einaste skogfinske litteraturen?	22
1.21 Skogfinsk litteratur som identitetsbyggjar, og <i>Spillet om innvandrerne</i>	23
1.22 Finnskogdagene	24
1.23 Spillet om innvandrerne	25
1.24 Andre skogfinne-spel	26
1.25 Innvendingar mot oppgåva (og om tidlegare forskning)	26
2. Skogfinnar i 1800-talslitteraturen	30
2.1 Peter Christen Asbjørnsen	30
2.1.1 <i>En natt i Nordmarken</i>	30
2.1.2 Lukas Finne	31
2.1.3 Kalevala og finsk diktning i Norske Huldreeventyr og Folkesagn	31
2.2 Ole Andreas Øverland	32
2.2.1 <i>Fra en svunden tid. Sagn og optegnelser</i>	32
2.2.2 <i>Fantejagter i begyndelsen af det 18de aarhundrede</i>	32

2.2.3	<i>Finnerne i Nordmarken</i>	33
2.2.4	Finnen Tharald	33
2.3	Harald Meltzer	34
2.3.1	<i>En Husmandsgut</i>	34
2.3.2	<i>En Husmandsgut</i> som døme på regional litteratur.....	35
2.3.3	Henrik Jæger om Harald Meltzer	36
2.4	Jonas Lie.....	36
2.4.1	Modellen for Evina Feier?.....	37
2.4.2	Haakon Garaasen og Åsta Holth om <i>Evina Feier</i>	37
3.	Skogfynnane i norsk litteratur 1900-.....	39
3.1	Haakon Garaasen.....	39
3.1.1	Frende-Strid.....	39
3.1.2	<i>Rogfinne</i>	41
3.1.3	Raseteori om at finnane er mongolar.....	42
3.1.4	<i>Tungsjøætta</i>	44
3.1.5	<i>Frå grensebygder og finnskogar</i>	44
3.1.6	I Stor-Finnland	45
3.1.7	Nasjonalsosialistisk diktar	46
3.2	Ola Martinus Høgåsen.....	47
3.2.1	<i>Vaarbekk vaknar</i>	48
3.2.2	<i>Mat for Mons</i>	48
3.2.3	<i>Pelle ping-pang og andre eventyr</i>	48
3.3	Mikkjel Fønhus.....	49
3.3.1	<i>Mannen med ormeøynene</i>	49
3.3.2	Fønhus og Olaf Lindtorp	51
3.3.3	<i>Finnegubben</i>	51
3.3.4	<i>Veien over fjellet – en bok fra de herjede bygder</i>	51
3.3.5	<i>Finnegubben overnatter under Lenningsfjellet</i>	52
3.3.6	<i>Gjemt i Villskogen</i>	52
3.3.7	<i>I susen av Storelva</i>	53
3.3.8	<i>Villmannshytta ved Glesa elv</i>	53
3.3.8	<i>Skogfynnene i Hurderlia</i>	53
4.	Forfattarar som skreiv om skogfinnar frå om lag 1940	55
4.1	Hans Børli.....	55
4.1.2	<i>Sølv og stål</i>	56
4.1.3	<i>Tyrielden</i>	59

4.1.4 <i>Men støtt kom nye vårer</i>	60
4.1.5 <i>Villfugl</i>	61
4.1.6 <i>Likevel må du leve</i>	61
4.1.7 <i>Tusseleiken</i>	62
4.1.8 <i>Stadnamn</i>	63
4.1.9 <i>Skogingar</i>	63
4.1.10 <i>Finnskogforfattar</i>	64
4.2 <i>Martin Vestlien</i>	64
4.3. <i>Åsta Holth</i>	65
4.3.1 <i>Utdanning og arbeid</i>	67
4.3.2 <i>Jann-Båra</i>	69
4.3.3 <i>Gamle bygdevegen</i>	71
4.3.4 <i>Porkkalafela</i>	77
4.3.5 <i>Slektstrilogiane</i>	80
5. <i>Oppsummering og konklusjon</i>	84
Referansar	87

Føreord

Eg har vore så heldig å få lesa og lesa og lytta og leita i mange månader. Eg visste nesten ingenting om skogfinnane eller Finnskogen eller dei skogfinske forfattarane før eg byrja på denne oppgåva, og det har verkeleg vore spanande.

Eg vil takka rettleiaren min, Ståle Dingstad, for gode råd og innspel. Eg vil få takka alle medstudentar dei siste åra på Universitetet i Oslo, og alle førelesarar og lærarar. Då eg byrja som student igjen etter mange år i arbeidslivet hadde eg ikkje sett for meg kor mykje eg kom til å setja pris på det.

Takk til alle som har hjelpe meg undervegs, særleg bibliotekarar på Universitetsbiblioteket, Nasjonalbiblioteket og Moss bibliotek. Og bibliotekaren på Ivar Aasen-tunet som hjalp meg med ei kjelde heilt i siste lita!

Takk til Terje Abusdahl for ei førehandskopi av *Slash & Burn*, takk til Åsta Holths Vener for eit flott seminar eg fekk vera med på, takk til Hege som køyrde meg dit.

Takk til familie og vener, som knapt har sett meg den siste tida. Takk for all støtte og oppmuntring! Takk til kollegaer som har vore fleksible og greie!

Og størst takk av alle går til sambuaren min, som både er grunnen til at tenkte eg kunne få til å skriva ein masteroppgåve, og som er ho som har gjort at eg kom meg gjennom det. Tusen millionar takk, Lina. Eg håper eg kan få vist kor mykje eg set pris på støtta og oppmuntringa du har gjeve meg.

Moss,

13. november

Magnus Bernhardsen

1 Innleiing

«Finst det ein skogfinsk nasjonallitteratur?» Det var eit spørsmål eg stilte meg då eg byrja å læra meir om skogfinnane og dei nasjonale minoritetane i Noreg. Attåt nordmenn og samar (som vert rekna som urfolk) er det fem nasjonale minoritetar i staten Noreg; kvenar, jødar, rom, romani og skogfinnar. Eg tenkte at ein nasjon har jo sin nasjonallitteratur. Sjølv om omgrepet er omdiskutert, og det er usemje om til dømes den norske nasjonallitteraturen vert fornya eller er avleggs, om han er verksam, om folk les han, så er det semje om at vi har hatt ein nasjonallitteratur. Men er det slik for dei nasjonale minoritetane? Finst det eigne nasjonallitteraturar for minoritetsmåla? Og kva inneheld i så fall dei?

Etter kvart tenkte eg at det ein må starta med å finna ut er jo kva som i det heile teke eksisterer av skogfinsk litteratur. Det var ikkje lett å få ein skikkeleg oversikt over. Og så vert spørsmålet kva som tel med som skogfinsk – er det blodsband, eller sjølvidentifisering, eller er det enkelte tema og motiv som er avgjerande. Er det språklege drag? Er det geografi? Eg tykte at det låg eit prosjekt her – å prøva å finna ut kva som er det skogfinske i norsk skjønnlitteratur. Det vart tidleg klart for meg at det finst ei «skogfinsk forteljing», og eg tenkte eg ville sjå korleis den ser ut i skjønnlitteraturen.

Eg prøver med denne oppgåva å laga eit oversyn over kva som eksisterer, kva det er vi eigentleg kan snakka om som skogfinsk litteratur. Det gjer at det ikkje vert så mykje nærlesing av tekstane, men meir ein jakt etter skogfinske spor.

1.1 Tittelen

Tittelen er henta frå eit dikt av Rudolf Nilsen, *Stamtre*. Han hadde finneslekt frå Eidskog, og og den fjerneste slektningen vi kjenner til er finnen Michel Eskilssøn Fallet på Mangenskauen i Aurskog (Bjørnsen, 1951, s. 17). «Den første jeg kjender av ætten / fikk ryddet sig plass i en skog» (Nilsen, 1926, s. 20) lyder som ein finnskogsforfattar. Det er derimot Rudolf Nilsen, som var så urban at han skreiv *Hjemvé* etter nokre månader på Lørenskog.

«Å, forlot jeg mit elskede land / mine gater med brosten og sand / for å bo her i storskogens rand?» (Nilsen, 1925, s. 16).

Trine Sennerud Melby har skrive meir inngåande om Michel Eskilssøn Fallet i masteroppgåva si *De skogfinske bosettingene i Aurskog, Setskog og Eidskog, 1650-1725* (Melby, 2012).

1.2 Nokre definisjonar

Skogfinnane er heilt kort fortalt ei gruppe som innvandra til Noreg på 16- og 1700-talet, og busette seg på austlandsområdet. Det er ikkje noko levande skogfinsk språk i dag, den siste som snakka finsk som morsmål gjekk bort på 1960-talet. Det skogfinske kjerneområdet er i Finnskogen i Hedmark.

Eva-Marie Syversen definerer **Finnskogen** slik i hennar avhandling om finnskoglitteratur: «de store skogsområdene omkring den sørlige delen av riksgrensen mellom Norge og Sverige, fra traktene omkring Glomma i vest til Klaraälven i øst, fra Svanskog i sør til Trysil i nord. Området omfatter således de sør-østlige deler av Hedmark fylke i Norge og de nordvestlige deler av Värmlands län i Sverige.» (Syversen, 2014, s. 16). Vidare peiker ho på at Finnskogen inneheld stadnamn som Brandval Finnskog (Noreg) eller Karlanda Finnskog (Sverige).

1.3 Avgrensingar

Eg har valt å sjå på skjønnlitteratur, kanskje fyrst og fremst ut frå at eit forsøk på å laga ein fullstendig skogfinsk bibliografi med all sakprosa, rapportar og kjeldemateriale er eit bibliotekarfagleg prosjekt, og eit fullt oversyn over all folkedikting og folkeminnesamling er eit etnografisk eller kulturhistorisk prosjekt. Desse grensene kan jo vera nokså flytande, og fleire av tekstane eg tek føre meg er eventyr, halvdokumentariske skisser og folkeminneinnsamling lett kamuflert som skjønnlitteratur.

Eg har i utgangspunktet berre teke med litteratur som er publisert i bøker, altså ikkje aviser, tidsskrift, jolehefte, foreiningsblad og så vidare. Eg har hovudsakleg med litteratur frå dei etablerte forlaga. Det er enormt mykje materiale å henta andre stader også, og dette er hovudsakleg eit spørsmål om prioritering. Det er ein veikskap, med tanke på at eg ynskte å sjå på framstillinga av og sjølvframstillinga av skogfinnane, som var (og er?) ei marginalisert gruppe .

Eg har også gjort utvalet basert at det må vera eit skogfinsk motiv, ikkje på at det skal vera ein forfattar med skogfinsk identitet eller bakgrunn. Det ville uansett gjort at oppgåva fyrst og fremst skulle dreidd seg om slektsgransking. Bjørnstjerne Bjørnson¹ har «skogfinsk blod», men diktinga hans, til dømes om Finland, tykkjer eg likevel ikkje ville høva i denne samanhengen.

¹ På plassen Flatlien under Nordråk budde finnen Mads Mikkelsen Flatlien i 1686. Han var tipptippoldefaren til Inger Elise Nordraak, mora til Bjørnstjerne Bjørnson (Bakke, 2011, s. 46).

Dinest har eg tenkt som så at eg ville prøva å sjå om det fanst skogfinsk litteratur som ikkje er frå Finnskogen, som ikkje er knytt til den regionale finnskogslitteraturen. Dette har gjort at eg har sett etter det eksplisitt skogfinske, medan det jo er mange motiv og tema som er knytt til det skogfinske i bøker der ein ikkje nemner at det er skogfinnar eller eit skogfinsk miljø det er snakk om.

Eg har også valt å berre halda meg til norsk litteratur, noko som eigentleg er eit val veldig i strid med den skogfinske historia og kulturen, som eksisterte og eksisterer på begge sider av en svensk-norske grensa. Eg tek heller ikkje med skjønnlitteratur om skogfinnar frå Sverige og Finland som er omsett til norsk.

I utgangspunktet hadde eg tenkt å ta med langt fleire forfattarar enn eg ende opp med. Til slutt måtte eg gjera det valet å ikkje ta med nokon av dei som debuterte etter den andre verdskrigen. Det er smerteleg, for det er nettopp i kva som skjedde etter den skogfinske oppbløminga frå 70-talet og utover, og etter Åsta Holths bøker, at det kanskje verkeleg ville vore interessant å arbeida med forteljinga om skogfinnane. Eg kjem til å bryta med denne avgrensinga i nokre tilfelle.

Når eg nyttar omgrepet skogfinsk litteratur vidare så vil det vera litteratur om skogfinnar eller det skogfinske.

1.4 Kva har eg gjort for å finna litteratur?

I arbeidet har eg prøvd å spora opp det eg kunne av skogfinnar i norsk skjønnlitteratur, men her har det jamt vore ei kjensle av å oversjå noko. Eg har nytta bibliografiar som Reidar Øksnevads *Finnland i norsk litteratur* (1950), litteraturlista i Ragnvald Iversens *Finsk på norsk grunn – relikstudier* (1959), litteraturlistene i bygdebøker, på nettstadene til historielag og skogfinske organisasjonar og så vidare. DNT Finnskogen har ei overraskande god litteraturliste, til dømes (DNT Finnskogen og omegn). Det har også vore mange søk i bokhylla.no og andre databasar, men neste gong eg skal gjera eit slikt arbeid skal eg vera mykje nøyare med å notera nett kva søk som er gjort. Skrivemåtar varierer også veldig, skogfinne kan skrivast på mange måtar har eg innsett. Elles har det vore eit problem at ein del artiklar og nyttige kjelder er på finsk. Det har eksistert ein skogfinsk bibliografi på nett, men nettstaden han låg på har vore nede i perioden eg har arbeidd med oppgåva.

1.5 Kva er dei skogfinske spora eg ser etter?

I forsøket på å finna fram til skogfinnane, og skogfinske motiv, i dei ulike tekstane har eg sett etter ulike namn på skogfinnane; finsk språk; snakk om å koma frå Finland, Suomi, Savolax,

Tavastland, Rautalampi; Finnskogen; matretter som nevegraut, motti, silpo, barkebrød; omtale av å brenna bråte, svedjebruk; bygningar som badstove, rie, pørte; neverkont, kont, neversko, finnsko med meir.

1.6 Bakgrunnen for utvandringa frå Finland

Eg vil her byggja mykje på framstillinga i masteroppgåva til Anniken Johansen ved IAKH på UiO frå 2014 om møtet mellom skogfinnane og dei norske bondesamfunna. Ho skriv at røtene til skogfinnane er i området Savolax i Finland. Her nytta dei dyrkingsteknikken *huutha*, eller svedjebrenning. Dette gjorde det mogleg å gjera nytte av dei store barskogane i Finland, og område som før var for jakt og fiske vart no opna for nyridding og busetjing. Savolaksarane koloniserte nordre Savolax, og dinest audemarkene i Tavastland, som førte til opprettinga av eit nytt sokn, Rautalampi (Johansen, 2014, s. 9).

Den store nyvinninga med *huutha*, og som skil den frå svedjinga som også føregjekk i Noreg, er eit nytt rugslag som gjorde at ein kunne driva svedjebruk i barskog. Ein kunne få ekstremt mykje korn att ved svedjebruk, og produksjonen skaut i vêret (s. 12).

Grunnane til at vandringa heldt fram austover til Sverige og Noreg er fleire, og omdiskuterte. Johansen trekk fram a) dårlege kår, fattigdom og misvekst, b) meir effektivt og arealkrevjande jordbruk og c) krig og uro, særleg Klubbekrigen og bondeopprør i 1596-97. I Sverige ynskte dei ein større busetnad i grenseskogane mot Noreg, og Hertug Karl lova gode vilkår og seks år skattefritak for dei som busette seg der. På 1620-talet byrja det såleis å koma finnar til skogsområda i Värmland i stor skala (s. 10).

Dei fyrste skogfinnane kom til Noreg ein gong på 1600-talet. I *Finnmantallet* er det omtalt to finnar som i 1686 oppga fødestad i Grue og fødeår 1622 og 1624, men dette er usikre opplysningar. Det finst ikkje skogfinnar i skattemanntalet før i 1650. Bakgrunnen for flyttinga til Noreg er også samansett. Det var ikkje klåre grenser mellom Noreg og Sverige, grensa vart ikkje fastsett før i 1751. Skogfinnane fekk trongare kår i Sverige utover 1600-talet, og dei vart utsett for undertrykking av ulike slag. Områda dei kom til i Noreg var i stor grad aude og kongsallmenning (s.11).

1.7 Skogfinnane i Noreg

Asbjørn Fossen (1924-) er ein norsk jurist og forfattar av ei rekkje bøker. Han har mellom anna samla mykje informasjon om kor det fanst skogfinsk busetnad i Noreg. I boka *Historien om de norske skogfinnene* (1994) listar han opp skogfinske buplassar i kommunar i Hedmark, Akershus, Østfold, Oppland, Buskerud, Telemark og plassar i Oslomarka. Fossen ser ikkje

berre på stadnamn og folketeljingar, men også på funn av stokkebåtar, kattissar (fiskegjerde) og anna som tyder på skogfinsk busetnad.

Sjølv om vi i dag knyt skogfinnane til Finnskogen og stader som Grue Finnskog og Åsnes Finnskog, så fanst det skogfinnar over store delar av Austlandet. Og stadnamn som Finnemarka ved Modum vitnar om det.

Kristian Østberg (1867-1942) var jurist, men vart etter kvart også folkeminnesamlar. Han ga ut ein artikkelserie 1936-39 i *Norsk Geografisk Tidsskrift* om skogfinnane og Finnskogane i Noreg. Desse byggjer til stor del på gransking av tingbøker, protokollar og andre offentlege dokument. Solør-Odal Historielag samla desse artikkane i boka *Finnskogene i Norge*. Dette arbeidet er grunnlaget for svært mykje av det som er skriva om skogfinnar seinare.

Han skriv om korleis det var ein del konflikhtar med mellom styresmaktene og finnane dei fyrste åra, som endte i Kristian den femtes lov 6-17-30 (1687)

«Hvorsomhelst skovfinner kunde antreffis, som opholde sig enten på almindings, eller andre skove til at forhugge dennem, eller gjøre skade paa undersaatternis veidefang og fiskeri, og ej sætte sig ned i bøygden, og skatte og skylde, som andre undersaatte, da skulde de paagribes og have forbrut livet, og alt hvis de have med at fare. (Østberg, 1978, s. 135)

Denne lova gjaldt heilt til den fyrste norske straffelova i 1842, men vart aldri etterlevd.

1.8 Eilert Sundt

Eilert Sundt (1817 – 1875) reiste i 1848 til Finnskogen. Han skriv om dette i kapittel 10 av *Fante- eller landstrygerfolket i Norge, Skovfinner og tiggerlapper*. Han byrjar med nokre sitat for å seia litt om kva han ventar seg.

I en «relation om Norges riges tilstand i året 1699» hedder det om dem: De ere det allerskadeligste ukrud for landet, som nogetid nævnes kan —: thi i ufreds tider ere de ikke alene de allerstørste spioner, men og, som de vide alle gjenveie og stier i skovene, så må hver fattig mand frykte sig for deres overfald, røven og tyveri» o.s.v. Ganske de samme udyder siger også Pontoppidan dem på; han sammenligner dem med *morlakerne*, et halvildt røversk folk i Dalmatiens bjerge, og føier til, at de i det hele er så fornædrede, at de norske behandle dem på samme foragtelige måde, som man andetsteds kan behandle de lumpneste jøder (Sundt, 1974 [1852], s. 141).

Sundt har ikkje nokon hyggeleg førestilling om kva han skal få møta, og ventar seg å koma til eit «fanterede» (s. 141). Han vert svært gledeleg overraska då den fyrste finnen han møter byd han inn på ei skål mjølk, noko han sjeldan får av like fattige norske bønder. Han vert introdusert til naboane, og «her var jeg virkelig som i et fremmed land, der udmærkede sig ved den behagelighed, at alle dets indbyggere forstode mit modersmål, skjønt de sig i mellem talte et andet» (s. 143). Etter å ha fått god mat, vore i badstue, møtt skulemeisteren, sett den finske bokhandelen, lytta til vakre finske songar og diskutert grammatikk og folkedikting, så utbryt Sundt «Og alt dette måtte jeg høre og se her, hvor jeg havde ment, at jeg skulde forefinde et slags fantefolk!» (s. 146). Einar Niemi meiner Sundt opplevde Finnskogen under den økonomiske oppgangstida etter at finnane fekk kjøpa gardar frå konkursbuet til Det Ankerske Fideikommiss (Niemi, 2003, s. 124).

1.9 Carl Axel Gottlund

Ein viktig person for skogfinnane i Noreg og Sverige var Carl Axel Gottlund (1796-1875). Framstillinga her byggjer eg på Einar Niemi i *Norsk innvandringshistorie bind 2* (ss. 113-127). Carl Axel Gottlund kom frå Savolax i Finland, som frå 1808 var eit fyrstedøme i det russiske imperiet. Han var presteson og teologistudent i Uppsala i Sverige. Sumaren 1817 oppsøkte han fyrste gong finnskogane i Sverige, eller finnmarker som er det tilsvarande namnet på svensk. Gottlund dreiv feltarbeid blant skogfinnane fram til 1823. Han fekk offentleg støtte til arbeidet, og distribuerte store mengder med trykksaker, ikkje minst biblar, på finsk. I Finland var situasjonen for skogfinnane i vest lite kjent, og det var stor interesse for verksemda til Gottlund. Han fekk kallenamnet «Finnskogens apostel», men var ikkje i hovudsak ute i religiøst ærend. Det var innsamling av folketradisjonar og undersøking av folkelivet der som var hovudmålet, kombinert med opplysningsarbeid. Dagboka hans er bevart og utgjeve, også dei delane han skreiv i kodar om meir intime detaljar ved feltarbeidet. Dei skriftlege materialet frå arbeidet hans er svært viktige kjelder til kunnskap om skogfinnane. Der kan vi lesa at finnane kunne svensk og norsk, men til dagleg kommuniserte seg i mellom på finsk. Dess lenger han kom inn i dei norske finnskogane, di betre kunne dei finsk. Dei kunne også lesa finsk, og nokre av dei skreiv finsk, med ei talemålsnær rettskriving. Gottlund merkte at mange var varsame med å tala finsk i byrjinga, men då dei forstod at han kunne finsk vart det berre kommunisert på finsk. Han noterte seg at språket og kulturen elles hadde arkaiske trekk (noko som er kjent frå andre utvandrarsamfunn). Han fann også ein levande finsk folkekultur. Gottlund tykte røykstovene (*savutupa* eller *pirtti/pørte*) var svært store samanlikna med Savolax og Karelen. Han mislikte at dei var i ferd med å byta ut

røykstover med jarnomnar. Finnskogane var svært reinslege. Dette observerte også Eilert Sundt:

Det var lørdagsaften nu, renselstiden [...] Nogle kastede klæderne af sig på marken for at kvæge sig ved det forfriskende dampbad, andre hørtes derinde at pidske de svedende lemmer med ris af birkekviste, atter andre styrtede dampende du og overøste sig med vand i den forbiflydende bæk, gamle og unge, mænd og kvinder i meget ugeneret blanding. Dette sidste træk var vel altfor naturligt til, at der skulde kunne passe for vore forhold; men vel skulle jeg ønske, at der stod en badstue på hver norsk bondes gård, og at dens flittige brug kunde smykke hans person og hans hus med en sådan renlighed som den, der i høi grad udmærkede finnerne. (Sundt, 1974 [1852], s. 144)

1.10 Badstuskikken – eit døme på kulturell endring

Badstua var forbunde med noko heilag, og reinsemda var knytt til både kroppslege og verdslege tilhøve. Fellesbadinga forsvann utover 1800-talet, og det vanlege vart at menn og kvinner gjekk kvar for seg (Niemi, 2003, s. 115). Åsta Holth (1904-1999) skriv om utviklinga i *Kapellet* (1967):

Frå gamle, gamle tider var badstugua – sauna – ein hellig stad. Det var ikkje berre kroppen som skulle bli rein og oppnya der, sinnet skulle og vera stemt til høgtid og ettertanke. Høg lått og uhøvisk tale måtte ikkje høres i sauna, uhøviske faktar ikkje tålas. Difor kunne kvinner og menn lauge i hop, alle var reine av sinn og hadde ikkje bruk for blugskapen. I den sterke heten vart menneskja slappe, frie og late og lykkelige. [...] Så var det ikkje å undres over at finnane vart såra i sitt inste når nordmennene tala nedsettande om sauna. At dei lukta «røyk», kunne trolle, og tala merkeleg, det tok dei med stor ro. Men når det vart sagt at dei var hedningar og usedelege folk fordi menn og kvinner lauga i hop utan anna å gjøemme seg med enn bjørkekvasten, da vart mennene rasande, og kvinnene gret.» (Holth, 1967, s. 21).

Holth skildrar korleis dette endra det sosiale livet på gardane. Den feststunda laurdagsbadet hadde vore for heile huslyden forsvann. Så vart det slik at husbonden og sønene hans bada for seg, og tenestefolket etterpå, av praktiske omsyn. Då forsvann den sosiale kontrollen som hadde gjort at det ikkje var uhøvisk tale i saunaen, og det vart ein profan plass. Saunaen vart berre eit grått hus der ein fekk skiten av seg. «Det som hadde vori hellig heilt frå hedensk tid,

det vart sulka i kristentida.» (Holth, 1967, s. 22). Diktaren og skogsarbeidaren Martin Vestlien (1907-1986) skreiv også om denne utviklinga i diktet *Badstu*:

Men skal det bli riktig fryd og gammen
 må menn og kvinner få bade sammen.
 da blir det herlig på alle vis
 det blir det reineste paradis

Om Satan kommer og vil forføre
 og hvisker slangen et ord i øret,
 så blir det ikke no' syndefall
 i denne varmen i alle fall (Vestlien, 1946, s. 59)

1.11 Gottlunds store plan

Gottlund gjorde mykje arbeid for å registrera skogfinnane, og kriteriet hans var kor godt dei kunne finsk. Han rekna med 25 000 finskkyndige i dei norske og svenske finnskogane. Dette var nok eit optimistisk anslag frå Gottlund. Einar Niemi viser til folketeljningane frå 1845 og 1855 der det berre er to prestegjeld med «Qvæner» i Sør-Noreg, Grue og Hof i Hedmark. Her var det i 1845 1740 totalt, med 1697 i grue og 43 i Hof. I Grue var dei 20 % prosent av folketalet, i Hof ein liten minoritet av dei 8500 innbyggjarane. Det var i desse områda at Carl Axel Gottlund ynskte å få på plass ei finsk kyrkje ved Røgden, og eit finsk kyrkjesokn for finnar på båe sider av grensa til Sverige. Han fekk ei fullmakt frå eit møte med om lag 40 skogfinnar til arbeida vidare med saka. Tilbake i Uppsala fekk han i 1822 ein audiens med kronprins Oscar, og fekk gjort ein avtale om å møta kong Karl Johan for å leggja fram saka. Han budde seg med å skriva sakpapir med grunnlag i feltmaterialet han hadde samla, og fekk inn ein petisjon underskrive av 600 finnar frå Sverige og Noreg. Dinsten organiserte han ein deputasjon på 12 finnar, seks frå Noreg og seks frå Sverige. Dei marsjerte frå finnskogane til Stockholm via Uppsala, og kom til Stockholm 21. april 1823. Gottlund var å rekna som russisk medborgar, og hadde fått påbod om å halda seg unna finnskogane og all politisk verksemd, men fekk likevel møta kongen i lag med resten av utsendingane. Riksdagen undersøkte saka nærmare, og det viste seg at norske myndigheiter var sterke motstandarar av planane. Det var ikkje snakk om å få eit norsk-svensk kyrkjesokn med finsk som kyrkje- og skulemål. Det ville føra trua integriteten til begge dei to rika, og union. Utgreiinga fant elles at det ikkje var behov for nokre tiltak for finnane i Noreg. På svensk side vart det opna for

ambulerande skulelærarar for å styrkja svensk språk, og tiltak for utbreiing av svensk religiøs litteratur. Ynsket om at finnane skulle få kjøpa gardane etter konkurransen til det Ankerske Fideikommiss vart løyst ved at staten kjøpte dei, og selde vidare til finnane, så det kom i alle fall noko godt ut av arbeidet.

Niemi skriv at ein av årsakene til at Gottlund ikkje hadde større gjennomslag, ved sidan av at vart mistenkt for å vera russisk agent, var at han det var så utopisk og romantisk. Gottlund hadde sett for seg at han skulle verta leiar av eit kyrkjeråd, som ein høgste myndigheit i det planlagte heradet. Han hadde utstyrt petisjonen med eit segl for «Finnskogens Härad», der våpenskjolda til Savolax og Karelen er med, saman med skjolda til Noreg og Sverige i langt mindre format. Gottlund vende tilbake til Finland, og vart lærar på universitetet i Helsinki (Niemi, 2003, ss. 113-127). Namnet hans levde vidare på Finnskogen. Då Eilert Sundt var der opplevde han at «endnu den dag idag er der ikkje en sjel på Finskoven, som jo nævner C. A. Gottlund som finnernes ven og velgjører. De gamle mindes ham med takknemmelighed; de unge omtale ham med ærefrygt. Er ikke dette bevis for, at hans virksomhed, hans tale imellem dem må have båret gode frugter? [...] Således vakte og nærede han deres nationale bevidsthed; derved gjenvandt de agtel~~sa~~se for sig selv først og tiltvang sig så sine naboers.» (Sundt, 1974 [1852], s. 152).

1.12 Samansmelting og integrasjon

Sundt meiner denne sjølvvaktinga og auka respekten fører til auka samansmelting mellom dei norske og finske, ettersom det vert meir vanleg med blanda ekteskap. Han er også framsynt nok til å sjå at krava skogfinnane har om å få ei eiga kyrkje, og ein betre veg, vil føra til auka integrering. Han vonar Hedemark amt kan løyva pengar til dette, så han ein gong kan få høyra at «folket i den norske skovbygd ikkje lenger føler sig som fremmed, men er blevet aldeles norsk» (Sundt, 1974 [1852], s. 152). Dette ynsket vart oppfylt, sjå berre her kva journalisten Arthur Rathe (1884-1956) skriv i boka *Finsk fare for Finnmark* (1936, ss. 139-141): «Denne del av Norge [Finnskogene] har en historie for sig, ulik de fleste andre lands-strøks, en historie [...] det er meget nødvendig å gjøre sig bekjent med [...] for den viser at selv finnlendere har kunnet gå op i Norge og bli full-norske. Og har folk av den finske stamme kunnet det i den sydlige, skulde det vel ikkje være noget i veien for at de også kan det i det nordlige Norge! [...] For efterkommerne efter de finske innvandrere til Sør-Norge synes det gildt å nedstamme fra dem. Det er blitt en heder å ha blod i sig.» Rathe var nokså ytterleggåande i sin anti-kvenske haldning, og eg trur ikkje han er ein god kjelde for den

faktiske situasjonen på Finnskogen, derimot er han eit døme på haldningar som eksisterte i Noreg på trettitalet.

1.14 Kven, finne eller skogfinne?

Omgrepsbruken på ulike grupper med finsk-ugrisk språkbakgrunn er forvirrande, og omgrepa vert nytta om ein annan. Samar vart tidlegare kalla finnar, og i nokre av områda skogfinnane busette seg fanst det samisk busetnad. Kvener er også finnar, og kven vart nytta som namn på skogfinnane i nokre samanhengar. Vi reknar dei som to ulike grupper, og kvenane er den gruppa med finske innvandrar som busette seg i Nord-Noreg. Det finst finnar i Noreg som ikkje høyrer til nokre av desse gruppene, men har busett seg her utan å vera del av dei innvandrarbylgjene som tok kvenane og skogfinnane hit til landet. I kapittelet *Skogfinnene – en stat i staten?* i *Norsk innvandringshistorie band 2* skriv Einar Niemi meir utfyllande om dei ulike nemningane. Han fører fram at det skjedde ei endring på fyrste halvdel av 1800-talet, der gruppa som tidlegare vart omtalt som skogfinnar no fekk nemninga kvener av forskarar, forfattarar og byråkratar. Han meiner dette heng saman med eit ynske om oversikt og forenkling, der ein ville ha så få kategoriar som råd (Niemi, 2003, s. 106). Niemi meiner det var Nils Vibe Stockfleth (1787-1866) – prest, misjonær og språkforskar – som fyrst utvida kven-omgrepet ved at han formidla ideen om at skogfinnane er det same folkeslaget som kvenane i nord. Båe gruppene hadde utspring i dei same omfattande finske migrasjonane frå slutten av 1500-talet til byrjinga av 1600-talet. Amund Helland (1846-1918) skriv i *Norges land og folk* om Hedmark at kvenene der er det same folkeslaget som kvenane i Nord-Norge. Utviklinga etter innvandringa var veldig ulik for dei to gruppene. Etter ca. 1700 er det lite tilsig av nye innflyttarar til dei skogfinske områda, medan tilflyttinga i dei kvenske områda fyrst tok fart for alvor etter 1700. Den kvenske tilflyttinga hadde større variasjon enn den skogfinske, som hovudsakleg kom frå Savolax (Niemi, 2003, ss. 108-109). Det var lite kontakt mellom kvenane i nord og skogfinnane, og dei utvikla på høvesvis kort tid kvar sine etniske særdrag. Det var ingen gjensidig påverknad av språk og kultur, og næringsveggar og økonomi var heilt ulike. Skogfinnane var ein bondekultur i gamle skogsområde, medan kvenane vart ein kystkultur. Medan kvenane auka i tal utover 1800-talet, med ny innvandring, gjekk talet på registrerte skogfinnar nedover. I 1845 vart det berre registrert skogfinnar i Hedemarks amt, som Qvæner, og talet var 1738. I 1891 var det 855, og i 1900 429, alle i Grue prestegjeld. (Niemi, 2003, s. 110)

Skogfinne var heller ikkje det einaste namnet eller oppnamnet finnane fekk her. Svedjefinne, rogfinne/rugfinne, mottifinnar, lusfinnar var andre namn som vart nytta. Dei to siste er meir openbert nedsetjande.

1.15 Skogfinnane som nasjonal minoritet

I 1999 ratifiserte Noreg Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. I 2000 kom *Stortingsmelding 15* som ei oppfylgning av den ratifiseringa. Med dette vart skogfinnane ein av dei fem norske nasjonale minoritetane, saman med jødar, kvener, rom og romanifolket. Om skogfinnane står det at

«Ein reknar med det finst fleire hundre personar i Noreg som reknar seg som skogfinnar. Tidlegare snakka gruppa finsk, og finske ord og uttrykk er framleis i bruk på Finnskogen. Dei seinare åra har det skjedd ei revitalisering av finnekulturen. Det finst no fleire regionale og lokale organisasjonar som arbeider med den skogfinske kulturen, dessutan organiserte nettverk med kontaktar over landegrensene»
(Kommunal- og regionaldepartementet, 2000, s. 13)

Det er nemnt opp nokre krav som har kome frå skogfinske miljø, og dei gjeld forskning, kulturbevaring, dokumentasjonsarbeid og kontakt med andre finskspråklege minoritetar. Det vert halde fram at det er viktig å berga restar etter gamle svibruk, røykomnar og røykbadstover. Det er mangel på læremiddel i grunnskulen og vidaregåande opplæring, faglitteratur om skogfinsk kultur og historie og tradisjonsformidling om ulikt handverk og kulturuttrykk. Det står også at skogfinnane tidlegare var ei stigmatisert gruppe, og at mange framleis ikkje ønskjer å stå fram med bakgrunnen sin. (Kommunal- og regionaldepartementet, 2000, s. 39).

Den nye statusen som nasjonal minoritet var nok ikkje krav av ei brei folkerørsle, men det var fleire eldsjeler som hadde arbeidd for at skogfinnane også skulle vera ein av dei nasjonale minoritetane. Organisasjonen Skogfinske Interesser i Norge vart skipa 5. januar 1999, og han var med på å gje innspel til *Stortingsmelding 15*.

Ein av eldsjelene bak organisasjonen og arbeidet andsynes styresmaktene var Birger Nesholen, som er i leiinga for Skogfinske Interesser i Norge. I eit intervju med Klassekampen fortalte han litt om prosessen.

«Siden 1998 har Norge hatt fem offisielle nasjonale minoriteter. Skogfinnene er en av de [sic], og det er Birger Nesholen sin fortjeneste at skogfinnene fikk denne statusen. De andre er jøder, rom, romani og kvener. Før de nasjonale minoritetene ble etablert,

fikk Nesholen en telefon fra en kollega i Nord-Norge, som fortalte om prosessen som var i gang. I forslaget som var ute på høring, var skogfinnene lagt inn som en grein av kvener, som er finske innvandrere til Nord-Norge. Nesholen satt seg ned og skrev en høringsuttalelse på 26 sider, hvor han forklarte skogfinnenes historie.» (Simenstad, 2012).

Til NRK sa han at det var ei overrasking for både styresmaktene og mange andre at skogfinnane var ein heilt eigen gruppe som fortente minoritetsstatus. Nesholen meiner også det ikkje er noko poeng å telja opp personane som er skogfinnar, det er ei kjenslesak for kvar og ein. Han meiner at stoltheita over og medvitet om den skogfinske identiteten er vorte sterkare. (Saugestad, 2013).

1.16 Kritikk av statusen som nasjonal minoritet

Ikkje alle var like positive til denne nye statusen. Forfattaren Adelheid E. Seyfarth Gulbrandsen² skreiv ein artikkel i *Samtiden* 4/2004 (Gulbrandsen A. E., 2004) der ho problematiserte vedtaket. Ho meiner til dømes at det verkar søkt å skriva at nokon i dag ikkje skulle ynskja å stå fram med sitt historiske finske opphav, slik det står i stortingsmeldinga, og at det i mange samanhengar heller vil vera eit reint høgkasteteikn å ha eit finskklingande namn. Ho meiner også at identiteten *skoging* ikkje er det same som å tilhøyra, eller ynskja å tilhøyra, ein skogfinsk minoritet. Ein *skoging* kan ein ganske enkelt kalla seg om ein bur på Finnskogen. Gulbrandsen meiner at minoritetsstatusen har gått mange hus forbi, ikkje minst «på Skogen³». Ho oppfattar dette meir som merkevarebygging, der ein kan erstatta ein fallert distriktpolitikk med ein minoritetspolitikk for å tilføra nokre nye midlar til ein region med stadig færre arbeidsplassar. Som døme på at ein kan identifisera og solidarisera seg med ein kultur utan gjera det til «etnisk organisering» trekk ho fram Åsta Holth, som gjorde ein enorm innsats for Finnskogen, men ikkje ynskta at skogfinnane skulle bli ein eigen minoritet. Gulbrandsen meiner det er det «nye» minoritetane som møter diskriminering i dag, medan samfunnet som diskriminerte dei «historiske» minoritetane (dei som fekk status som nasjonale minoritetar) ikkje finst lenger.

² Ho nyttar berre Adelheid Seyfarth som forfattar. «Då Adelheid debuterte med Fars hus, brukte ho Gulbrandsen til etternamn, men så vart det Seyfarth etter den tyske bestemora. Sidan har ho spurt forlaget om å byta etternamn, men då berre ler dei høgt. – Og då får det heller vera Adelheid Seyfarth!» (Fyllingsnes, 2010).

³ Måten (finn)skogingar gjerne omtaler (Finn)skogen.

1.17 Skogfinnane – ein usynleg minoritet

På Norgeshistorie.no, som er del av formidlingsarbeidet ved det humanistiske fakultetet ved Universitetet i Oslo, har Anniken Johansen skrive artikkelen om skogfinnar. Ho skriv mellom anna at «Etter 400 år i Norge er skogfinnene i dag så norske at det ikke lenger er lett å få øye på dem» (Johansen, 2018). Dette gjeld sjølvsagt i det ytre, ved klesdrakt, skotøy, reiskapar og liknande, og også i at det ikkje er noko skilje i hudfarge eller andre slike trekk. Ei anna sak er at det også er sant i ei overført tyding. Ein skal leita godt for å sjå denne minoriteten. Eit døme på dette er at det i november 2007 vart halde eit seminar med namnet *Kvener og skogfinner i fortid og nåtid* i Tromsø. Rapporten frå seminaret, derimot, heiter *Kvener i fortid og nåtid* (Lindgren, Hauan, Niemi, Niiranen, & Thuen, 2009). Skogfinnane forsvann frå seminarnamn til rapporttittel.

Institutt for samfunnsforskning gjorde ei gransking av korleis framstillinga av etniske og religiøse minoritetar er i læremiddel. Dei søkte gjennom trykte og digitale læremiddel, og fann at samar og jødar får ein del omtale, men «om de andre minoritetsgruppene står det vesentlig mindre. I bøker for historie både på ungdomstrinnet og videregående opplæring er det en del treff på romfolk, og deretter færre og færre på romani/tatere, kvener og til slutt skogfinner – som knapt nevnes» (Midtbøen, Orupabo, & Røthing, 2014, s. 37) Dei fekk åtte treff på skogfinnar i digitale læremiddel, men «blant de åtte treffene på «skogfinner» er det for eksempel kun én lenke som sier noe om skogfinner annet enn å nevne dem som en av de fem nasjonale minoritetene» (s. 40).

Eit siste døme, i artikkelen *Språk, identitet og minoritetspolitikk* (2017) av Verena Schall, seniorrådgjevar om minoritetsspråk i Språkrådet, skriv ho kort om kvart av dei nasjonale minoritetsspråka, og innleier kvart stykke med eit uttrykk på språket. Utanom for skogfinsk. Uttrykket som opnar kvart vesle stykke er «Eg ser deg»! Forklaringa på at det vart slik, nemleg at skogfinsk ikkje er eit levande språk i Noreg, er god nok og heilt ut forståeleg. Eg tykte likevel det var ganske symptomatisk.

1.18 Skogfinsk litteratur eller finnskoglitteratur?

Kaisa Maliniemis doktoravhandling *Kvenlitteratur i nord – Med spesielt blikk på Idar Kristiansens romaner* (2001)⁴ hadde som mål å utvida postkoloniale teoriar, saman med kultur- og samfunnsforskninga, til kvensk litteratur, men utan å definera kvenlitteratur direkte som postkolonial litteratur. Sjølv om kvenane ikkje er ein minoritet som er vorte kolonialisert

⁴ Avhandlinga vart levert under namnet Kaisa Maliniemi Lindbach, men ho nyttar berre dei to fyrste namna no, så siteringane kan sjå merkelege ut.

av ein annan makt meiner ho at kvenlitteraturen er oppteken av nokre av dei same problema som kjem fram i den postkoloniale diskursen; kulturell motstand, maktbruk og maktrelasjonar, hybriditet, synkronitet, identitet og dobbelmedvit (s. 23). Desse spørsmåla er også til stades i litteratur om og av skogfinnar. Maliniemi har eit eige kapittel om finnskoglitteratur, som eg kjem tilbake til.

Eit anna emne som er relevant for denne oppgåva er korleis ho drøftar kva som burde høyra inn under kvenlitteratur. Ho viser til at det finst lister over kvenlitteratur som omfattar både skjønnlitteratur og sakprosa, men at dei ikkje vitskapleg funderte. Sjølv uttrykket kjem er «et talespråklig begrep som hittil har betydd litteratur som er skrevet om eller av kvener» (s. 42). Maliniemi vil nytta det omgrepet om «tidleg kvensk litteratur»; munnleg forteljartradisjon, songtradisjon, skjønnlitteratur og halvdokumentariske skildringar hovudsakleg skrive før den andre verdskrigen. Ho meiner ei fullstendig oversikt over kvenlitteratur vil vera vanskeleg å laga. Det er mykje som aldri vil verta fanga inn, og som høyrer til ulike litteraturar på same tid. Maliniemi vil oppfatta omgrepet så ope som mogleg utan at det misser kjenneteikn som skil det frå anna litteratur frå nordområdet. Når det gjeld kvensk fiksjonslitteratur vil ho konsentrera seg om tematikken i verka, ettersom etnisitet og identitet ikkje er statiske eigenskapar. Det som oppfattast som «det kvenske» bør handsamast som motseiingsfylt og mogleg å endra (s. 42). Ho siterer Marjut Anttonen *The dilemma of some present-day Norwegians with Finnish-speaking ancestry* :

«some call themselves kven, while others prefer to be known as being of Finnish ancestry (finskættet in Norway). Still others would rather emphasize their mixed ancestry: it is not unusual to self-ascriptions like «I'm neither only Norwegian nor only Kven, but I am a North Norwegian cocktail [sic] with Norwegian, Saami and Kven elements in my background.» (Anttonen, 1998, s. 45)

Dette er kanskje endå meir på spissen når det gjeld identitetane som finnar, skogfinnar, finnskogingar, skogingar, solungar, grensebygdfolk, nordmenn – identitetar som vil oppfattast som fullt ut mogleg å sameina for nokon, men fullstendig åtskilde for andre. Eit anna poeng frå denne artikkelen til Anttonen som også høver godt på den skogfinske situasjonen er at «Sifting out what is distinctively Norwegian, Finnish and Saami is interesting and complicated and creates tensions between ideas of sameness and difference.» (s. 46). Er *mutti*, (ein tørr graut) fyrst og fremst skogfinsk? Eller der det knytt til alle «på Skogen»? Muttioppskrifta ein nyttar i Noreg er annleis enn den finnane tok med seg hit, så det er ei lokal tilpassing ut frå råvarene her. Gjer det at det er ein finnskogsrett, ikkje ein skogfinnrett?

Med eit moderne syn på identitet, som til dømes Birger Nesholen gav uttrykk for, der ein seier at det å vera skogfinsk – eller kven eller nordmann – er eit val kvar og ein tek, korleis skal ein då sortera ut kven som er ei skogfinsk eller ikkje?

Stein R. Mathisen peiker i artikkelen *Festivalising heritage in the Borderlands; Constituting ethnich histories and heritages under the rule of the Finn Forest republic* på at ei slektsbakgrunn eller genetisk tilknytning til det skogfinske kan framstå ekskluderande, men det inneber også at dei som ikkje har nokon kulturell, geografisk eller etnisk tilhøyrsele kan verta inkludert. Det er mange hundre tusen med skogfinnar i slekta, langt fleire enn dei som til no har rekna seg som skogfinnar (Mathisen, 2009, s. 27).

Maliniemi meiner eit av dei viktigaste skilja mellom kvenlitteratur og finnskoglitteratur er at kvenlitteratur er etnisk litteratur, medan finnskoglitteratur er basert på regionalitet. (Lindbach, 2001, s. 117).

Eva-Marie Syversen seier seg i si doktogradsavhandling *Skogen, hjemmet og veien. Erindringssteder i finnskoglitteraturen 1920 – 1940* (2014) samd i dette, og i at litterære tekstar utan tilknytning til Finnskogen vanskeleg kan kallast finnskoglitteratur, sjølv om forfattaren har ein biografisk tilknytning til Finnskogen. Likevel er ikkje etnisitet uinteressant i finnskoglitteratur, snarare tvert i mot. Syversen trekk fram den skogfinske runediktinga som noko som kan kallast ein etnisk, særleg skogfinsk litteratur. Samstundes kan denne også inn under den regionale finnskoglitteraturen (ss. 19-20).

Eg tykkjer Maliniemi og Syversen argumenterer godt, og vil berre få slå fast at når eg nyttar omgrepet skogfinsk litteratur, så er det i eit forsøk på å sjå kva litteraturen har sagt om skogfinnane, og kva skogfinnane har sagt om seg sjølv. Eg prøver ikkje å erstatta omgrepet finnskoglitteratur, eller tømme det for det skogfinske.

1.19 Regionallitteratur eller minoritetslitteratur?

Maliniemi meiner at eit av særtrekka ved kvenlitteraturen er at det er ein minoritetslitteratur. Ho viser til Gilles Deleuze og Félix Guattari som definerer minoritetslitteratur som ein «kollektiv og politisk litteratur som produseres av en minoritet på et større språk. Det forutsetter at minoritetens eget språk og kultur er blitt undertrykt under hovedspråket eller hovedkulturen. Dette er ofte innvandreneres og deres etterkommeres problem» (Lindbach, 2001, s. 80). Maliniemi trekk også fram at dei fyrste verka innan ei minoritetslitteratur ofte er sterkt sjølvbiografiske, og at forfattaren gjer eit slags arkivarbeid for etterkomarane for å ta vare på kultur og tradisjonar før dei forsvinn heilt inn i hovudkulturen. Ho meiner det er

typisk for kvenlitteraturen, og eg vil seia det same om den skogfinske litteraturen (s. 81).

Haakon Garaasen gjeikk til dømes frå å skriva noveller og romanar til å skriva folkeminnesamlingar. Og det er folkeminnesamlingar som lenge var størsteparten av litteratur om skogfinnar.

Maliniemi held fram *hybriditet* som ein strategi for minoritetslitteraturen å unngå å berre verta for ei gruppe. Ved å ta frå hovudkultur og minoritetskultur, å kryssa sjangrar og blanda fantasi og humor kan ein skapa ein eigen spesialitet som ikkje vert marginalisert, men kan verta populær både i hovudkulturen og marginalkulturen (Lindbach, 2001, s. 96). Eg tykkjer dette ofte kjem fram i skogfinsk litteratur, der bruk av finske ord, stadnamn, namn på historiske personar, brotstykke av songar og liknande vert nytta på ein slik måte at lesaren som ikkje er del av minoritetskulturen oppfattar teksten som autentisk og stadbunden, medan dei som kjenner kodane vil kjenna tilhøyrse og identitet.

1.20 Runesong – den einaste skogfinske litteraturen?

Eva-Marie Syversen peiker som nemnt tidlegare på at runesongen kan vera eit (det einaste?) døme på ein spesifikk etnisk skogfinsk litteratur. Sinikka Langeland ga i 2001 ut boka *Karhun emuu – runesanger fra Finnskogen*. Det er ei samling med skogfinske runesongar med omsetjing til norsk dialekt frå Finnskogen. Samlinga er basert på tradisjonstilfang samla inn på Finnskogen, og som no finst i Finland. Det er gjeve ut eit verk på 33 band med runesongar, *Suomen kansan vanhat runot* og i band VII 5 er dei skogfinske runesongane samla, *Skandinavan metsäsuomalaisten runot*. Det er fleire hundre runesongar frå Finnskogen i dette verket. Det finst også lydbandinnspelinar av skogfinsk runesong, spelt inn på 1930-talet. Runesongane har lange røter tilbake i tid, Langeland skriv 4-5000 år. Og det er ein tradisjon som strekk seg over heile det finsk-ugriske området. Runesong har ikkje med skriftruner som til dømes futhark å gjera, sjølv om opp det etymologisk finst ei kopling (Langeland, 2001, ss. 7-11). Det finst songar for å heidra bjørnen, songar for å stemma blod, runer mot sjukdomar, mot impotens og så vidare. Og nokre er delar av folkediktinga som vart samla til Kalevala. I *Karhun emuu*, som tyder moderbjørn, det 32 runesongar.

Sinikka Langeland har spelt inn to musikkalbum med runesong, *Tirun Lirun – skogfinske runesanger* i 2001 og *Runoja* i 2002, og musikkverket *Sammas – Himmelsøyle* (2012). *Sammas* er det skogfinske namnet på Sampo frå *Kalevala* (Langeland, 2012).

1.21 Skogfinsk litteratur som identitetsbyggjar, og *Spillet om innvandrerne*

I norsk soge er posisjonen til skjønnlitteraturen som nasjonsbyggjar nærast udiskutabel, eit enkelt døme kan vera omgrepet «poetokrati» om rolla Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson spelte (Sars, 1913, s. 33). Konfliktane i norsk nasjonsbygging var jo også gjerne knytt til skjønnlitteratur og litterære strider. *Diktaren* Ivar Aasen, A. O. Vinje, Elias Blix på den alternative lina i språkspørsmålet. Gyldendal forlag presenterer seg sjølv og historia si som «den kulturelle nasjonsbygging» (Gyldendal forlag, 2018) .

Ingun Grimstad Klepp undersøkte korleis turgåarar opplever kulturlandskapet i si doktoravhandling, *På stier mellom natur og kultur – turgåeres opplevelser av kulturlandskapet og deres synspunkter på vern* (1998). Ho samtalte med ulike menneske som brukte naturen på Finnskogen, og gjekk Finnskogsleden⁵ med ei gruppe. I kapittel 4 *Folket i skogen* snakkar ho med sju menn og fem kvinner. Alle mannfolka arbeider eller har arbeidd i skogen. Alle kvinnene utanom ei har arbeidd heime med dyr, jord og barn. Nokre reknar seg som reine finnar, dei fleste er ei blanding av finsk, norsk og svensk. Nokre seier dei ikkje er «finnar», men er gift med ein og har budd lenge på Finnskogen. Klepp skriv at alle kjenner godt til litteratur om Finnskogen. Ein av dei seier han har «lesi nesten for lite», men han har lese alt av Olaf Lindtorp (folkeminne), Sven R. Gjems (kom no i år med bok nummer 28, på dette tidspunktet hadde han nok færre) og Rudolf Bråten (lokalhistorie) og noko av Åsta Holth (Klepp, 1998, ss. 57-58). Blant dei som går Finnskogsleden møter ho eit ektepar med skogfinsk slektsbakgrunn som bur i Oslo. Dei har ikkje vore på Finnskogen før, men har lese mykje på førehand, og sette pris på å gjenoppleva bøkene til Åsta Holth (s. 90). Dei har også lese bygdebøker, Gottlunds dagbok, og praktbøker om Finnskogen. I tillegg har dei skrive til Åsta Holth med spørsmål og fått svar. «Vi hadde lyst til å se hvordan hun [romanfigur] hadde det, hvor langt det var til Askosberget [gard i Holths Finnskog-trilogi] og litt sånn» (s.105). Eg tykkjer dette er nokre illustrerande døme på plassen litteraturen har i opplevinga av Finnskogen, og ein slags hjelp til å knyta røtene sine til noko.

Randi Brenden siterer forfattaren Rolf Rønning om Åsta Holth og den skogfinske identiteten: «På den tida Åsta skrev romaner, som fikk gode kritikker, og høstet gjeve litterære priser, var ikke skogfinsk kultur noe man gjerne slo i bordet med. Selvfølgelig var det Åsta som våget det spranget!» (Brenden, 2002, s. 298).

⁵ Ein vandreled frå Eidskog til Trysil på 24 mil (Visit Hedmark, 2018).

1.22 Finnskogdagene

No kan ein seia at Åsta Holth ikkje fekk prisar før etter Hans Børli hadde skrive *Stål og sølv*, og Mikkjel Fønhus og andre hadde skrive om skogfinnane i lang tid. Men Holth var nok den fyrste som i skjønnlitterær form ga ei så brei og allsidig framstilling av den skogfinske kulturen. Ho tok også initiativet til å skipa Republikken Finnskogen og Finnskogdagane, som er ei markering på Svullrya kvar sumar. Stein R. Mathisen ved Universitetet i Tromsø har skrive om denne markeringa, eller festivalen:

«The author Åsta Holth (1904-1999) was a central person in organising the Finn Forest Days right from the beginning. She was also the first president of the republic, an office she was awarded for life. Åsta Holth can be understood as one of the great «mythographers» for the Finn Forest people, and in that as a successor to Carl Axel Gottlund and Nittahon Jussi. Yet she brought some new elements to the construction of a new Forest Finn identity, although she was clearly also building this identity on the past. Her series of three historical novels from the Finn Forests [...] are important epic versions of local history and identity. In these novels she brought the past to life, and brought the earlier both stigmatised and marginalised Finn Forest identity a new feeling of pride and self-esteem.» (Mathisen, 2009, s. 18).

Finnskogdagene er etter det eg kan sjå handsama litterært éin gong, i *Hard Asfalt* av Ida Halvorsen. Hovudpersonen i den sjølvbiografiske dokumentarromanen har ein far med skogfinsk bakgrunn frå Grue Finnskog. Avsnittet om Finnskogdagene nedanfor er eit kjærkoma avbrekk i ei ellers nokså tyngande bok.

«Dagen etter er det finnskogdagene. Jeg gleder meg. Finnskogdagene er en fest tre hele dager til ende for å feire den finske innvandringa på Finnskogen. Det er tjukt av finske innvandrere der. Det kan høres på navna: Heikki, Sirrikit, Synnika. Innbyggerne er stolte av finneblodet sitt. De tilhører et sterkt folkeslag og har bygget opp Finnskogen med bare nevene. De er viden kjent for sin lidenskapelige natur, både i kjærlighet og uvennskap. Kvinnfolka er sterke som arbeidshester. Eva og jeg stiller oss opp for å se på bryllupet. Bryllupet er fast takst hvert år. Paret som er plukka ut i år, var nydelig. Hun var slank og lys og hadde krone på hodet. Begge hadde bunad. De blei trukket av hest og kjerre.» (Halvorsen I. , 1982, s. 113)

Åsta Holth var klar på at det ikkje berre var festival og moro med Finnskogdagene: «Det er temmelig my alvor i det også [Finnskogdagene]. Finnskogingene må bli bevisste om kulturen sin. Finnskogen har en kultur. Vi har noe å by fram.» (Tønnesson, 1976, s. 189).

1.23 Spillet om innvandrerne

Sven R. Mathisen skriv også om *Spillet om innvandrerne* av Merete Wiger, som vert framført under Finnskogdagene kvart år. Han meiner det at spelet vert framført kvart år, med roterande amatørskodespelarar er med på å gje det ein eigen mytisk kraft, og at det skaper eit narrativ som knyter saman notida med fortida, og skaper nye koplingar mellom kultur, rom og etnisk identitet (Mathisen, 2009, s. 25).

I føreordet til bokutgåva av spelet står det at Merete Wiger har henta fagkunnskap hjå Carl Axel Gottlund, Olaf Lindtorp, Åsta Holth, Kristian Østberg, Harald Hveberg, Per Hohle, Per Martin Tvengsberg og Helge Godø. Det vart fyrste gong framført av «Det Primitive Teater» i lokalet Skogheim på Grue Finnskog i 1993, men sidan den gong utandørs på museuret Finnetunet (Wiger, 1998, s. 5).

Spillet om innvandrerne er interessant fordi det strukturer og gjev ein kronologi til forteljingar, soger og myter. Gjennomgangsfiguren er Jussi, basert på vandringsmannen Nitåha-Jussi, som vart gjort kjent utanfor Finnskogen gjennom bøkene til Dagfinn Grønøset og påfylgjande film og TV-program. Jussi kommenterer og deltek gjennom heile stykket, frå det opnar i 1625 til våre dagar. Spelet opnar på 1600-talet med at Per Larsen, eller Pekka Lurinpoika Räisälä, brenn bråte på nyriddinga si ved Røgden. Jussi og huldra møtest, ho prøver å lokka han med seg, men Jussi står i mot, og kan i staden fortelja om at han ser ei slekt koma til skogane for å finna nytt land. Jussi siterer frå Kalevala, og så kjem Steffen Mullikala, kona Mari og Inkeri. Dei kjem frå Värmland der garden deira er vorte brent. Så får vi vita at dei har med seg såkorn, og at Per har sett opp rie, badstove og røykstove. Steffen og Mari fortel at dei kjem frå Savolaks, men har budd ei tid i Värmland. Jussi kjem no inn og forklarar korleis svedjebruk føregår, og Steffen fortel at dei vart inviterte til Värmland av svenskekongen sjølv. Det er ei effektiv opning målt etter kor mykje informasjon ein får framført for tilskodarane. Den fyrste scenen er effektiv på fleire vis, Inkeri og Per trulovar seg og «Inkeri forsvinner bak stua for å gjøre seg gravid», som det står i scenetilvisinga.

Spelet er tydeleg inspirert av Finnskog-trilogien til Åsta Holth. Det er vanskeleg å ha full oversikt over om det er Åsta Holth som har dikta fritt, eller om ho sjølv har bygd på andre historier, og innimellom er det kombinasjonar. Eg kan i alle fall nemna opp nokre samanfall.

Lensmannsdrengen som fyrst vert lurt til å tru at Per og Inkeri har ei dotter og ikkje ein son, og så vert lurt til å fara heim utan pengane han skulle krevja inn (Wiger, ss. 34-37) er sett saman av to historier om Pål og Kerttu frå *Kornet og freden* (s. 91) og Pål og Kari frå *Steinen blømer* (gjennomgåande). Mari som må underskriva på å overføra garden til det Ankerske Fideikomiss for å få handla på butikken (Wiger, s. 51) er frå *Steinen blømer* (s. 182). Jenta som seier at finnar luktar vondt (Wiger s. 48) er frå *Steinen blømer* (s. 162). Og slik kunne eg halda fram. Poenget med denne øvinga er at *Spillet om innvandrerne* på sett og vis er ei innføring i det skogfinske. Om du les stykket, eller helst ser det på Svullrya, vil du få med deg dei mest kjende delane av forteljinga om skogfinnane slik ho er i dag⁶.

1.24 Andre skogfinne-spel

Eit anna spel som har gjort mykje for ein revitalisert skogfinsk identitet er *Verrespelet Grenselaus* i Vera i Verdal, Trøndelag fylke. Dette er også ei grensebygd mot Sverige, men det er ikkje den vegen skogfinnar kom dit. I 1799 flytta ei gruppe skogfinnar frå Trysil til Vera. Der vart det konflikhtar med sørsamar, nordmenn og svenskar, og dei måtte finna måtar å leva saman på. (Hermann). *Grenselaus* vart fyrste gong spelt i 2012. I 2016 vart eit nytt spel sett opp, *Grensegang*, som også handlar om skogfinnane.

I Vestre Trysil er det også eit lokalt spel om skogfinnane, *Gudslånet* (Rydje, 2015).

1.25 Innvendingar mot oppgåva (og om tidlegare forskning)

Eg vil trekkja fram nokre veldig gode innvendingar mot heile prosjektet mitt. Dei er sjølvstapt ikkje formulert mot meg og mitt bidrag, men eg tykte likevel at Adelheid E. Seyfarth Gulbrandsen råka ganske godt i ein artikkel i antologien om Åsta Holth som kom til markeringa av det som ville vore 100-årsdagen hennar, *Åsta i våre hjerter* (2003). Artikkelen heiter *Åsta: elsket i hjel?*, ein tittel som kan seest som ein kommentar til antologitittelen. Kritikken hennar rettar seg mot det å basta og binda Åsta Holth til ei romantisering av rugfinnene og rugfinnelitteratur, slik ho meiner Kristofer Uppdal vart knytt for sterkt til romantiserande verk om arbeidarrørsla medan ein oversåg den mystifiserande poesien hans. Gulbrandsen meiner det er eit gjennomgåande trekk ved merksemda forfattarskapen til Åsta

⁶ Nokre ting er uheldig, slik som at det vert gjort eit nummer ut av at Gottlund skal sett så mange born på jentene på Finnskogen. Jan Myhrvold gjekk gjennom gjekk gjennom alle oppføringane i dagboka til Gottlund, der han skreiv ned sine erobringane (sanne eller påfunne), og heldt dei opp mot oversikter over nyfødde Han fann ingen born etter Gottlund (Myhrvold, 2011).

Holth får, nemleg at det er tekstens funksjon som vert sett i sentrum, og ikkje den litterære kvaliteten i seg sjølv. «I den grad Åstas tekst bare leses som en fortelling finneinnvandrenes etterkommere, og ikke som et allment budskap om identitet og livsbetingelser, skyldes det ikke bare de aktuelle tekstenes eventuelle litterære begrensninger. Faktisk kan den delvis heroiserende tilnærming til kulturpersonligheten og talerøret Åsta Holth fortrenge mulige kvaliteter ved selve hennes forfatterskap.» (Gulbrandsen A. E., 2003, s. 84).

Vidare meiner Gulbrandsen vi skal motstå det freistande ved å prøva å gå Åsta Holths romanar etter i saumane for å finna personar som faktisk har levd og hendingar som faktisk har skjedd. «Hvorvidt forhold som beskrives i teksten er «sanne» eller ikkje, anses av stadig flere [litteraturvitere] som uinteressant – både som brekkstang inn i litteraturen selv, og som interessant i forhold til den som har skrevet teksten. Dette gjelder ikke minst når [den] aktuelle teksten har mer eller mindre iøyenfallende selvbiografiske trekk; i det øyeblikk en tekst kan defineres som «litteratur» opphører hele hensikten med å betegne en tekst som «selvbiografisk». (Gulbrandsen A. E., 2003, s. 86).

Dette går jo rett inn i det eg tenkte å gjera. Men er det verkeleg slik at det berre er slik Åsta Holth vert lese? La oss sjå på tidlegare oppgåver om Åsta Holth.

Olav Hasli (Universitetet i Trondheim, NLHT, 1979) skreiv hovudoppgåva *Ei drøfting av kvinnesynet i Åsta Holth sine romanar Kornet og Freden, Steinen blømer og Kapellet*. Eg siterer frå Randi Brenden «Problemstillinga si formulerer Hasli slik: «Eg vil drøfte kva for sider ved kvinneskildringane som er bestemt av at kvinne er eit eiga samfunnsgruppe, og kva som er bestemt av dei sosiale forhold i samfunnet.» (Brenden, 2013, s. 12).

Unni Sørli (Universitetet i Oslo, 1977) skreiv hovudoppgåva *Åsta Holth og Finnskog-trilogien. Biografi og en analyse av Finnskog-romanene med hovedvekt på Kornet og freden*. «Det jeg først og fremst vil påvise i denne analysen, er framfor alt det dialektiske forholdet mellom individ og samfunn i Finnskog-romanene».

Anne-Ma Grønlie (Universitetet i Oslo, 1974) skreiv hovudoppgåva *Arbeiderdiktning og rollebevissthet (en kjønnspolitisk analyse av noveller frå Arbeidermagasinet/Magasinet for alle)* om novellene til Åsta Holth, der dei fleste jo ikkje er frå Finnskogmiljø.

Randi Brendens doktogradsavhandling *Åsta Holth – feminist og postkolonialist* tek heller ikkje for seg Åsta Holth fyrst og fremst som heroiserande eller romantiserande skogfinneforfattar.

Kaisa Lindbach Malieniemi skriv om Åsta Holth som finnskogsforfattar i doktorgradsavhandlinga *Kvenlitteratur* (2001). Ho drøftar mellom anna skogfinnelitteraturen som settlerlitteratur.

Henning Howdlid Wærp ga ut doktorgradsavhandlinga si om norsk naturlyrikk som boka *Diktets natur*, der han så vidt drøftar Holth som finnskogsforfattar kontra Hans Børli.

I doktogradsavhandlinga til Eva-Marie Syversen, *Skogen, hjemmet og veien – Kulturelle erindringssteder i finnskoglitteraturen 1920-1940* (2014) er Åsta Holth berre nemnt ettersom Malieniemi skriv om ho.

Frå eit forskningsperspektiv er det ikkje nett slik at kritikken råkar, tykkjer eg. Randi Brenden oppsummerer i si avhandling at «forskarar har i hovudsak lese tekstane med utgangspunkt i ein tradisjon der ein fortolkar litteratur som uttrykk for det verkelege livet, i samtida eller i historia.» (Brenden, 2013, s. 23). Der er Gulbrandsen og Brenden samde, men spørsmålet er vel også om «Åstas tekst bare leses som en fortelling finneinnvandrerne etterkommere» (Gulbrandsen A. E., 2003, s. 84). Det meiner eg ikkje ein kan seia.

Det er nok godt mogleg at bruken av Åsta Holth blant lesarar, og særleg dei som er interesserte i det skogfinske og Finnskogen, kan gjera at ein gløymer eller utelet andre sider ved forfattarskapen hennar. Dette er eit problem ved mange forfattarskap og verk, vil eg hevda, slik som når byrådet i Oslo føreslo å kalla ein skule opp etter Peer Gynt, fordi han står for noko open, internasjonalt og nyskapande (Olsen, 2007). Og nett denne bruken og funksjonen av litteraturen er det også viktig å undersøkje. Eg vil med andre ord hevda at eg med opne augo går inn i ei problematisk handsaming av Åsta Holth og anna skogfinne-relevant litteratur.

Når det gjeld dette med å fokusera på om ting er «sanne» eller ikkje, altså om ein romanfigur verkeleg har levd, eller om ei historisk hending skjedde nett slik eller slik, så er eg samd i at det ikkje har noko å seia for kvaliteten og verdien på litteraturen, og at det tvert i mot kan vera slik at ei lesing som skal avsløra mistak, eller fyrst og fremst leita etter (sjølv-)biografiske trekk i diktning, vil gjera at ein overser dei verkelege innsiktene i ein tekst. Likevel, Når Harald Meltzer skriv om *En Husmandsgut*, med ein hovudperson som er namngjeven, med alder og heimeadresse, så er det eit poeng at han ikkje ende opp som kriminell, slik Meltzer impliserer, men vendte tilbake til heimbygda og vart lærar. Åsta Holth hevda ved fleire høve at skrivearbeidet med Finnskog-trilogien losna då ho dreiv slektsgransking og andre historiske undersøkingar. Litteraturvitskapleg vil det i seg sjølv vera interessant å sjå kva som er reine

påfunn, kva det finst kjelder til, kva som er mytar og kva som er rådande oppfatningar ein berre fører vidare.

Malmieinen understøttar Gulbrandsen poeng når ho skriv at litteraturkritikarar og fagfolk i Tromsø berre ville diskutera det historiske innhaldet i romanane til Idar Kristiansen, og at det har gjort at metaforisk språk og mytebruk ikkje vart tolka nærare, slik at ein ser på kvenlitteratur om lag som historieskriving i dag (Lindbach, 2001, s. 96).

Eg vil gjenta at eg ser desse problema, og eg tykkjer det er viktige innvendingar.

2. Skogfinnar i 1800-talslitteraturen

I dette kapittelet er det ikkje med nokre skogfinnar som skriv om sitt eige folk. Det er ei samling med forfattarar og skribentar frå hovudkulturen, og dei spora skogfinnane sette i den litteraturen.

2.1 Peter Christen Asbjørnsen

Den fyrste referansen til skogfinnar i norsk skjønnlitteratur eg har funne er i *Norske Huldreeventyr og Folkesagn (Første samling)*, fortalte av Peter Christen Asbjørnsen (1812-85)⁷. Denne samlinga kom fyrste gong ut i 1845. I motsetnad til dei to banda med *Norske Folkeeventyr*, som han ga ut i samarbeid med Jørgen Moe i 1842 og 1843, er dette ei samling med segner, og ikkje eventyr⁸. Knut Liestøl skriv i innleiinga til den kommenterte utgåva av *Norske Huldreeventyr* frå 1949 at ei segn byggjer på personlege minne, skildrar kjente stader og omtalar verkelege personar (Liestøl, 1949, s. VI). Eventyr vert ikkje knytt til verkelege hendingar og stader, medan den som fortel ei segn går god for at det er sant. Eg siterer frå 1949-utgåva.

2.1.1 En natt i Nordmarken

Det er 14 storforteljingar i boka, altså ei råmeforteljing som inneheld fleire kortare segner, og det er i storforteljinga *En natt i Nordmarken* (Asbjørnsen, 1949, ss. 123-158) vi møter skogfinnane. Denne vart nedteikna i 1844 (Liestøl, 1949, s. 240). Råmeforteljinga er at Asbjørnsen tek seg ein fisketur ein varm julidag. Han vandrar til Bjørnsjøen i Nordmarka, og fiskar i elva som renn inn i vatnet. Dinsten går han til sørsida av Bjørnsjøen, til Skysskafferodden. Der møter han to karar. Den eine er Elias Fisker, som Asbjørnsen ofte hadde råka på vandringane i øydemarka. Slekta til Elias har budd på staden så lenge nokon kunne minnest, og i eldre tider hadde dei «ligget i evindelige klammerier med «skogfinnene»,

⁷ Henrik Wergeland skreiv eit stykke om Christen Haakaalien og hans familie i Folkebladet 29. oktober 1833, sidan gjeve ut i *Sortkridttegninger*, under pseudonymet Siful Sidadda. I *Huusmanden paa Manglefjeld* (Wergeland, 1933) skriv han om ein husmann som vart drive frå plassen han hadde rydda, med sin far, kjerring og sju ungar. Håklia/Haaklien var eit finnetorp på Nes. Eg har ikkje fått stadfest at Christen Håklie var skogfinsk, og sjølv om det er nokre indisjar i teksten, som at dei budde i ei badstove og åt barkebrød, så kan eg ikkje seia at sikkert at dette er ein tekst om ein skogfinsk familie. Det ville i så fall vore den fyrste skjønnlitterære teksten om skogfinnar. Ei slektsgransking ville avgjort spørsmålet, men det er samstundes slik at dette ikkje har vore lese som ein tekst om skogfinnar.

⁸ I eventyret, eller forteljinga, *Tatere* frå Grudbrandsdalen er det med ein figur som heiter Trefotfinnen, som set finnskott på folk. Det er nesten heilt sikkert ein sørsame, og romaniene er usamde om det er ein annan romani eller ein finn/same (Asbjørnsen & Moe, *Norske folkeeventyr* 2, 1995, s. 329).

som efter sagn i forskjellige bygdelag like til midten av forrige århundre spredt bebodde Nordmarken og de store skogsvidder, som i flukt med denne strekker seg fra Lier og Holsfjorden like inn i Gudbrandsdalen og Valdres» (Asbjørnsen, 1949, s. 128).

2.1.2 Lukas Finne

Vi får ikkje høyra meir om skogfinnane i denne omgangen, no får vi segner om nøkken, blått lys utpå vatnet, huldra og skattar. Og i den fyrste utgåva av *Huldreeventyr* var dette alt om skogfinnane. I andre utgåve i 1859 vart det lagt til eit lite stykke om Lukas Finne (Liestøl, 1949, s. 244). Asbjørnsen nemner opp ei rekke historier frå Elias då han vart oppmoda om å fortelja noko for at dei skulle halda seg vakne medan dei røykte pipe og tok ein dram. Han fortel då om «Lukas finne, som hadde bodd i Fortjernbråten, og kunne så meget at han frelste jorden sin for alle slags udyr, så aldri noe kreatur ble slått eller revet for ham» (Asbjørnsen, 1949, s. 142). Etter nokre fleire historier legg dei seg til å sova ved elden, og Asbjørnsen vender tilbake til byen med ein «fiskekurv full av ørret og hodet fullt av historier».

Det er ikkje stort lesarane får vita om skogfinnane, med andre ord. Ein vil nesten tru dei har budd i området svært lenge ut frå det Elias fortel, men dei kom nok mot slutten av 1600-talet. Og om dei budde der til midten av det førre hundreåret var det i så fall berre ein periode på 50-80 år slekta til Elias kunne ha vore i klammeri med dei. Dinest er det verdt å merkja seg at Elias fortel at Lukas Finne kunne «frelsa jorda» si for udyr. Dette er ei vanleg oppfatning om skogfinnane, og dei vart tillagt magiske evner, nærmast overført frå eldre idear om samane.

2.1.3 Kalevala og finsk dikting i Norske Huldreeventyr og Folkesagn

Eit interessant poeng Liestøl kjem med i kommentarane til *En natt i Nordmarken* er at Asbjørnsen i har føyd til to liner frå Kalevala som motto til segna i handeksemplaret sitt av *Huldreeventyr* (Liestøl, 1949, s. 240).

Har mig ämnat at på laxfangst

Ville se hur fisken biter

Desse linene vart ikkje lagt til i nokre av dei trykte utgåvene. Som Liestøl nemner passar det kanskje ikkje så godt med laksefiske i Nordmarka. Asbjørnsen redigerte sjølv tre utgåver av *Norske Huldreeventyr og Folkesagn (Første samling)*. Fyrste utgåve kom i 1845, andre utgåve i 1859 og den tredje i 1870. Den tredje utgåva samlar dei to samlingane av huldreeventyr og folkeseigner i eitt band. I 1845-utgåva er det ikkje noko motto etter fortalen, men i 1859 legg Asbjørnsen til eit finsk ordspråk etter dei to fortalane (Asbjørnsen, 1859):

Lyssna till den granens susning,

Vid hvars rot ditt bo er fästat

I 1870 held han på ordspråket, og legg også til ei strofe frå Kalevala (Asbjørnsen, 1870):

Bättre uti hemmet smakar

Vatten ur en sko af näfver,

Än i obekanta neider

Honing, drucken ur en guldsåål.

Eg reknar med at desse finske innsmetta i boka fyrst og fremst er ein måte for Asbjørnsen å kopla arbeidet han gjorde med innsamling av segner og eventyr til det tilsvarande i Finland. Likevel er det jo interessant at han vel eit sitat der neverskoa vert nemnt, ein skotype som også vart kalt finnsko, og som var knytt til skogfinnane.

2.2 Ole Andreas Øverland

Historikaren Ole Andreas Øverland (1855-1911) skreiv også om segner om finnar i Nordmarka. Han var ein svært produktiv historikar, og hovudverket hans var *Illustreret Norges Historie* som kom ut i sju band i åra 1885-95. Han arbeidde i Riksarkivet frå 1879-85, og der kom han over historisk materiale som ikkje tidlegare var nytta (Bratberg, 2009).

2.2.1 *Fra en svunden tid. Sagn og optegnelser*

I 1888 gav han ut *Fra en svunden tid. Sagn og optegnelser*. Dette er ei samling med ulike historier Øverland har funne fram til eller vorte fortalt. Det er ikkje i nærleiken av den litterære kvaliteten som Asbjørnsen har, og eg tek det med her mest fordi segnene til dels føregår same stadene som i *En natt i Nordmarken*. Etersom det er segner tykkjer eg dei høyrer inn under skjønnlitteratur, og dei er også illustrerande for kva eit lesande publikum kjente til om skogfinnane. Det er to stykke i boka som dreier seg om skogfinnar; *Fantejagter i begyndelsen af det 18de aarhundrede* og *Finnerne i Nordmarken*. Det er også eit stykke som heiter *Finnernes tryllekyndighed*, men det handlar om sørsamar.

2.2.2 *Fantejagter i begyndelsen af det 18de aarhundrede*

Fantejagter i begyndelsen af det 18de aarhundrede (Øverland, 1888, ss. 47-56) byggjer i hovudsak på funn Øverland har gjort i Riksarkivet og handlar om klappjaktar og andre konfliktar med skogfinnar og taterar. Han avsluttar med å skriva at i løpet av 1700-talet «gik det finske element ialfald delvis op i det norske. Man feiler neppe meget i at antage, at det for en ikke ringe del er det fremherskende i husmandsklassen i flere — maaske de fleste — af østlandets bygder. Men paa samme tid, som det finske indvandererfolk efter en lang og haard

kamp vandt et slags indfødsret, rekrutteredes den omstreifende, hvis hovedkjerne romanierne var og er, fra enkelte lag af det norske samfund [...]» (Øverland, 1888, s. 56).

2.2.3 *Finnerne i Nordmarken*

Finnerne i Nordmarken (Øverland, 1888, ss. 57-62) opnar med at «Sagnet vil med bestemthed vide, at de fleste gaarde og pladse i den nordre del af Nordmarkens skogstrækninger fra først af er ryddede af invandrede finner». Han nemner dinest opp ei rekkje plassar i Nordmarka, blant dei Fortjernsbraaten, som er plassen Lukas finne budde. Øverland skriv at «man endnu den dag i dag [...] til dels kan paavise gaardstufterne». Igjen vert vi gjeve inntrykk av at desse finnane hadde budd i Nordmarka i lenger tid enn dei gjorde. Øverland skriv vidare at finnane heldt seg for seg sjølv og ikkje svarte på spørsmål om kven dei var og kor dei budde når dei var i byen (s. 57) og at det «yderst sjelden have hændt, at en nordmand, som forvildede sig til de trakter, hvor finnerne havde slaaet sig ned, kom til at bringe bud til bygden om, hvad han maatte have set». Motseiingane var så sterke at folk kunne verta drepne for å halda finneplassane skjult, med andre ord.

2.2.4 *Finnen Tharald*

Øverland nemner ei segn om ein finne som budde ikkje langt frå Sandungen, Tharald (s. 58). Han skulle hatt ein norsk tenestegut, og var han mange års løn skuldig. Ein dag tok han med seg tenesteguten på eit ærend til Skysskaffertjern, og kom heim utan han. Etter dette har jegerar og fiskarar sett eit gjenferd som har ropt på Tharald ved tjernet. Seinare fekk Tharald seg ein ny tenestegut, og då prøvde han seg nok ein gong på å sleppa unna betaling ved å koka han i badstova (s. 59). Tharald skal også ha satt frå seg to «rakkerknegte» på ei øy i Hakloa, og etterlate dei der for å døy. Dei vart redda av ein annan mann, men vendte tilbake med 6-8 kameratar for å ta Tharald. Han hadde forskansa seg i badstova med folk og våpen, så dei gjorde vendereis. På vegen drap dei bjellekua hans, og skar av juret på den (s.59-61). Øverland oppgjev Børge Hakloen og oppsitjaren på garden Bonna som kjelde til dei fleste av desse segnene (s. 62).

Forfattern og journalisten Per Hohle (1918-99) gav ut ei rekkje bøker om natur og friluftsliv (Store Norske Leksikon, 2009), og skriv meir utfyllande om Tharald og Børge Hakkloen, eller Hakkloa, i boka *Finnskoger og skogfinner* (1974). Han nemner at det i eit kort stykke om skogfinnane på Krokskogen i tidsskriftet *Ringerike* «for 33 år sidan», altså kring 1941, sto at namnet til Tharald var Paavo Tarvainen. Det er ikkje oppgjeve nokon kjelde for dette, og historiene i stykket er elles frå boka til Øverland, eller ei kjelde som byggjer på han. Hohle skriv at Øverland vandra innover Nordmarka sumaren 1883, og møtte Børge Hakkloa ved

Bonna. Børge Hakkloa budde på Vest-Hakkloa, og var av finneætt. Han var dotterson av Peder Håkenstadenga på Hadeland, og hans bestefar var ein Honkainen som hadde utvandra frå Finland (Hohle, 1974, ss. 87-88).

2.3 Harald Meltzer

Harald Meltzer (1814-62) var ein bergensk jurist som fekk seg arbeid som politifullmektig i Christiania i 1848. Same år byrja den nye avisa Christiania-Posten å koma ut, og Meltzer vart spurt om han ville bidra med notisar frå politiverksemda der (Jørgensen, 2009)⁹. Henrik Jæger omtalte i *Norske Forfattere : Litteraturbilleder* (1883) dei fyrste notisane hans som «uden literær Interesse» (s. 115) og «i al sin Ubehjælpelighed» (s. 118). Det låg likevel noko der, ei glede over å oppleve komiske situasjonar og interessante menneske. Henrik Jæger (1854-1895) meiner at med utgjevinga av Asbjørnsens *Huldreeventyr* vart det opna for å skildra det «som før den Tid ikkje havde gaaet an at gjengive paa prent, fordi man var kommet overens om, at det var uskjønt og stødende; men Asbjørnsen gjengav det likevel» (s. 120). Han vart ikkje berre «Christiana-Postens Politireferent; han var Asbjørnsens Efterfølger og Politinotiserens Forfatter.» (s. 121).

2.3.1 *En Husmandsgut*

Det er notisen *En Husmandsgut* (Meltzer, 1912, ss. 116-129) som er interessant i skogfinsk samanheng. Den vart fyrst prenta i Christiania-Posten, og kom så på trykk i ei litt utvida utgåve i band to av *Smaabilleder af Folkelivet* i 1862. Eg har nytta samlebandet *Politinotiser* frå 1912. I notisen fortel Meltzer om ein liten gut som hadde teke kontakt med ein vektar for å få husly natt til 1. mai 1952. Guten fekk koma med til politikammeret, og sova der. Dagen etter vart han framstilt for ein embetsmann. Guten fortel at han heiter Karl Olsen, at han vart 10 år før jol og er frå Samuelsekmuren på Solørs Finnskog. Faren har skada seg og brote beinet, og arbeider i skogen med krykker. Mora steller med småsøskena. Ho går også rundt og tigg, og spinn litt. På spørsmål om dei ikkje har ei ku svarer Karl: «Ku? Hæ! Nei ikke e Gjeit engang, ikke e Høne, ikkj e Katte er han god for at føde under Bastuen. Jo Rotter, det er sandt, det tør hælde, der er nok af dem, og det dem som grove er au, for de kræker op paa Krakkene, som vi smaa ligger paa om Natten, og traækker og klorer os i øinene. Men jeg har inte hørt, at det gaar an at faa Melk af Rotter» lagde han til og lo [...]». Det viser seg at foreldra ba han om å dra av stad for å skaffa seg mat sjølv. Han har gått «gjennem Solør og Vinger og Odalen

⁹ Artikkelen om Meltzer i *Norsk biografisk leksikon* inneheld ein trykkfeil, Meltzer byrja ikkje som politijurist i 1849. Henrik Jæger skriv 1848, og det gjev heller ikkje meining at han skulle ha fått på prent notisar i Christiania-Posten før han byrja som politijurist. Det kan sjå ut som om feilen stammar frå *Norsk Forfatterleksikon* frå 1896 (Halvorsen & Koht, 1896, s. 37).

og Ullern og Næs og Ullensaker og Sørums og Skedsmo og Akerssogn». Etter kvart vert han lei av alle spørsmål, og set seg til å lesa eit oppslag i ei avis. Han kan lesa bokstavane, men les alle orda i eitt, «Hundbortkommenengulblakdoger». På spørsmål om han forstod det han las seier han at han kan lesa, men ikkje har lært å forstå. For å koma litt ovanpå igjen utfordrar han politijuristen på om han kan finsk.

«*Daja gonsina bohoe somikea? Forstaar du det, du?*»

«Nei, hva betyder det?»

«*Daja gonsina bohoe somikea? Det betyder, kan du tale Finsk? Ise meide joka don daivasa olko biete sinon nimens ristete valda goldans dobaten etc etc. Det betyder: Fader vor, du, som er i himlen etc.*»

Han oplæste Fadervor paa Finsk og Norsk med lige stor Færdighed, og da han sagde «Amen» efter det norske Fadervor, tilføiede han: «Det gaar inte an at vende om Amen paa Finsk, for det er det samme som paa Norsk. Men nu vil jeg ned i Drengestuen din igjen og faa lidt Middagsmad, før jeg gaar igjen.»

Dei sender guten til Redningsanstalten, og der er han eit halvt års tid. Han lærer seg latin, og «var uhyre stolt av sin megen lærdom». Seinare «kom han i Johan Dahls Boglade», ein bokhandel der det «kom daglig en flerhed af byens begavede mænd» (Mørch, 1901, s. 95). Ein får gissa at Karl Olsen var visargut eller noko slikt. Etter dette fekk han plass på Sjømannsskulen i Horten (Meltzer, 1912, s. 129). Så avsluttar Meltzer med å fortelja korleis det gjekk til slutt med husmannsguten: «Desværre opfyldte han ikke de forventninger, man havde til ham. Han løb sin Vei derfra og, efter hva der er Politikammeret berettiget, vandrer han nu med et taterfølge, dels i Sverige, dels her i Landet.» Her er nok Meltzer feilinformert. Husmannsguten Karl, eller Carl som han var døypt, Olsen var ein ekte person, og i *Grueboka: Finnskogen* kan vi lesa at plassen heitte Samuelsen og Samuelsenmuren, ikkje Samuelsenmuren. Og Carl Olsen ende ikkje opp i eit taterfylgje, men vart omgangsskulelærer i Grue. Ein dag i 1866 var skulen på Vollstad. Carl skulle gjera eit rundkast for elevane, men fall, brakk ryggen og døydde, berre 25 år gamal (Trøseid & Hveberg, 1990, s. 476).

2.3.2 *En Husmandsgut som døme på regional litteratur*

Eva-Marie Syversen, fyrsteamanuensis ved Høgskolen i Innlandet, nyttar *En Husmandsgut* som døme på regional litteratur i *Regional litteratur* (Syversen, 2002). Ho skriv at «Mange forfattere som skriver lesverdig om det skogfinske, er ikke selv skogfinner. Allmenn litteratur, for eksempel regional litteratur, kan ha tilfeldige innslag av det skogfinske som kan være interessante bidrag til belysning av skogfinske kulturelle sammenhenger» (s. 277). Meltzer

skriv aldri at Carl Olsen er skogfinsk, og han reflekterer ikkje noko rundt at han kan finsk. Han nyttar det berre som eit «individuellt karakteriserende trekk ved Carl Olsen» (s. 283).

2.3.3 Henrik Jæger om Harald Meltzer

Henrik Jæger skriv at i Christiania-Posten «fremkom denne Skildring tilsyneladende [...] hensigtsløs [...], men da Meltzer skulde udgive sine Politinotiser i Bogform, forsynede han den med en liden Indledning, der viste at hans Virkelighedsskildringer ikke altid var saa blottet for Tendens, som de ved første Øjekast saa ud til» (Jæger, 1883, s. 142). Denne innleiinga er eit stykke om husmenn som har «været Landets Pionerer» og «gjort lyst mellem Træerne, ryddet op i Urene og gravet i Myrene» (s. 143). Han skriv vidare at dei ofte vert jaga vekk frå plassane dei har rydda av storbøndene. Jæger kommenterer at «Det forbauser en at træffe paa slige Ord midt i den idylliske Bonderomantiks Blomstringstid» (s. 143). Men, som Syversen merkar seg, så «understreker han ikke spesielt at denne gruppen av husmenn har en særlig næringsmessig og kulturell arv» (Syversen, 2002, s. 283). Kulturarv og etnisitet vert heilt underordna klasse og individ. I 1912-utgåva av *Politinotiser* er det med kommentarar av Anders Krogvig (1880-1924), der han informerer lesaren om at det kom «Finner (kvæner)» og slo seg ned i det som sidan var Finnskogen (Meltzer, 1912, s. 190).

En Husmannsgut var mykje brukt i lesebøker i skulen, og vart omsett til svensk, tysk, finsk og fransk (Syversen, 2002, s. 281).

2.4 Jonas Lie

Jonas Lie (1833-1908) ga i 1891 og 1892 ut to novellesamlingar, *Trold – en Tylft Eventyr* og *Trold – en Tylft Eventyr. Ny Samling*. I den fyrste av desse samlingane har han med novella *Evina Fejer*, som opnar slik:

«Langt inde paa Finskogen ved Vermundsjøen bode en ensom Svediefin, som om Vinteren foer ned til Bygden og tjente Skillinger ved at feje Skorstene. Han havde en datter, som hed Evina. Stuen laa mange Mile fra Folk, og forudenden var der bare en liden Udflytterplads paa den anden Side av Sjøen. Der bode et Par gamle Folk og Vermund, Sønnen deres. De havde ryddet og brændt Braate og saat Rug og faat istand den lille Hytte med Indgjærningen, som det lysnede og røg af derover paa den anden side» (Lie, 1891, s. 190).

Evina elsker å syngja, og ho og Vermund er saman så ofte som råd. Etter kvart som dei veks opp forstår Vermund at han er forelska i Evina, og han sparer opp pengar slik at dei kan gifta seg og tinga lysing hjå presten. Tre veker før dei skal til kyrkja er det nokre framande karar som høyrer Evina syngja. Dei vert med ho heim til faren, gjev han hundre daler og seier at dei vil ho skal vera med dei til byen og syngja. Ho vil gjerne få gifta seg fyrst, men det er det

ikkje tid til, dei må fara med ein gong. I byen får ho timar i song og i opptre, og får ei mjuk og fin seng og mykje god mat. Etter ei tid skal ho opptre for fyrste gong, og er ein braksuksess. Ho vert betalt store summar for å turnera med songen sin, og kjem til slutt til Operaen, og vert berømt. Ho sender pengar heim til faren, men får vita at han er død. Ho gløymer nesten at ho ein gong var ei fattig jente ved Vermundsjøen. Ein kveld ser ho eit kjent andlet i publikum, og det er Vermund som har kome for å høyra henne syngja. Han hadde lese om suksessen hennar i avisene, og ville koma for å finna ho att. Ho er svært glad for å sjå han att, og dei snakkar om alt der heime. Ho avgjer at ho vil koma heim til Vermundsjøen til sumaren, og sender med Vermund pengar så han kan gjera i stand huset etter faren. Evina kjem att, og er på heimelege traktar ei veke før ho plutselig reiser ut i verda på ny, på nye år på turné. Men røysta er ikkje lenger like god, kreditorane vert fleire og turneane tek ho til stadig fjernare stader for å tena pengar. Røysta vert samanlikna med eit øydelagt orgel i avisene, smykka er pantsett og villaen gått til kreditorane. Så ein dag ser Vermund at et ryk frå feiarhytta. Der sit Evina og koker kaffi. Røysta hennar er nesten heilt borte, men no giftar dei to seg endeleg, og bur i lag i ro ved Vermundsjøen.

Vermundsjøen, eller Vermunden ligg i Åsnes kommune i Hedmark. Vermundstorpet ligg på nordsida av Vermundsjøen, og det vert hevda at dette er den eldste heimen på Finnskogen (Skrede, 1953, s. 69). Evina Feier er fri dikting frå Jonas Lies side, sjølv om det er mogleg han har vore ved torpet og vorte inspirert (Skrede, 1953, s. 70). Jonas Lie budde på Kongsvinger, frå 1859 til 1868, og var sakførar og forretningsmann der. Familien flytta til Kristiania etter at dei gjekk på store tap i konkursen ved Odals værk (Ovlien, 2012).

2.4.1 Modellen for Evina Feier?

Det er egentleg ikkje noko særleg skogfinsk over personane i novella. Opplysningane om at feiaren var svedjefinne kunne vore utelate, og novella ville ikkje ha endra seg. Plasseringa ved Vermundsjøen kunne vore bytt ut med ein annan innsjø. Om vi skal tru sonen Erik Lie, som i 1922 skreiv artikkelen *Omkring modellerne i Jonas Lies digtning* i Tidens Tegn, var bakgrunnen for Evina Feier at Jonas Lie hadde møtt den svenske songstjerne Christina Nilsson etter ein konsert i Paris (Sjøvall, 1966, s. 417). Ho kjente ikkje til han, og novella skal ha vorte skrive i full fart etterpå (Midbøe, 1966, s. 77).

2.4.2 Haakon Garaasen og Åsta Holth om Evina Feier

Om ikkje det skogfinske motivet stakk så djupt, så viser dei to skogfinske forfattarane Haakon Garaasen (1887-1957) og Åsta Holth (1904-99) til *Evina Feier* med glede:

«Sola sig attom åsane og legg avglansen sin in under Vermundsjøen, no villand og storlom krusar vatne. Eg lyt hugse *Evina Feier*, det dårande eventyre av Jonas Lie, han som ei tid hadde tilhelde sitt her på desse kantar.» (Garaasen, 1923, s. 209)

«For en utsikt. [...] I nord svakt som et åndesyn mot himmelen Trysilfjella. Ikke så langt unna ligger Vermundsjøen. Hvem har ikke lest den stemningsfulle fortellingen «Evina Feier» av Jonas Lie? En kan godt forstå at disse traktene har virket inspirerende på dikteren.» (Holth, 1982, ss. 200-01)

3. Skogfinnane i norsk litteratur 1900-

I denne perioden kjem dei fyrste bøkene med skogfinsk motiv skrive av forfattarar med skogfinsk bakgrunn, og som hadde levd i skogfinske miljø.

3.1 Haakon Garaasen

Fram til no har alle dei nemnde forfattarane vore majoritetsnorske¹⁰. Den fyrste skjønnlitterære forfattaren med uttalt skogfinsk bakgrunn er etter det eg kan sjå Haakon Garaasen¹¹. Han kjem frå Galaasgrenda aust i Trysil (Skrede, 1964, s. 189). Han debuterte med *Fraa skogbygda – forteljingar* i 1908. Her opnar han med ein målpolitisk programerklæring: «Maale i *Fraa skogbygda* skil seg noko ut baade ifraa det vanlege landsmaale og midlandsmaale, soleis at eg hev nytta dei former som eg har funni ligg mitt eige bygdemaal, Trysil-maale, nærast. Paa den maaten fall det meg lettast aa skrive» (Garaasen, 1908, s. 6). Haakon Garaasen var engasjert i målsaka, og var også ein av underteknarane av oppropet for *Østlandsk reisning* (Jahr, 1973, s. 91).

3.1.1 Frende-Strid

Den lengste av dei forteljingane er *Frende-Strid*, om konflikten mellom dei to Svartaasgardane Norgaren, Knuss gard, og Storgaren, Olass gard.

«Det hadde vori strid mellom Olass og Knuss frå eldgamal tid. Endaa ætti var ei, um ho no ikkje hadde blanda blod paa hundrad av aar. Etter segne hadde det komi tvo brører over fraa Finland i den store ufreden. Dei hadde vorti ved kvar si av dei tvo Svartaas-døtterne. Desse tvo brørerne la under seg vidt og breidt, skydde haakke [korkje] vatn hell eld, hadde ikkje age haakke for Gu' hell Fan. (Garaasen, 1908, s. 12)».

Her får vi ein opphavsmyte om kvifor finnane kom til Trysil, dei rømde frå ein stor ufred in Finland. Vel framme legg dei under seg store landområde, men tek også norske ektefeller. Dette skapte agg i bygda, og ein dag samla «bønderne» seg med lensmannen i spissen, «for no

¹⁰ Jonas Lie meinte han hadde samisk blod. Mora, Pauline Christine Tiller, hadde ei mormor frå Helgeland, Bereth Povelsdatter. Det var ho Jonas Lie meinte var samisk eller hadde samiske anar. Arne Garborg skreiv at «Jonas Lies Mor var svartøiet, mørk, liden af Væxt, livlig, mangfoldig, med noget eget fremmedartet over sig, som nok kunde tyde paa Raceblanding. I sin Ungdom havde hun været vakker. Da hun laa paa Ligstraa, kunde man ikke undgaa at blive slaaet af hendes udpræget indiske Ansigtstype, noget, der ellers snarere skulde tyde paa Tater end paa Fin. Men hun kan have havt noget af begge dele: Nordlandsblod er blandet Blod; sml. herom ogsaa Indledningskapitlet til «Tremasteren» (Garborg, 1893, ss. 12-13).

¹¹ Stavingane Håkon Garåsen og Haakon Garaasen vert nytta om einannan, men eg vel å stava namnet Haakon Garaasen konsekvent.

skulde dei faa!». Men på Svartaasen var det stilt. Bøndene og lennsmannskarane går frå rom til rom i garden, og slår inn kvar låste dør. Til slutt kjem dei fram til koven, eit rom innafor stova, som også er stengt. Ein «stor, skjeggute bonde» sprengde opp døra. Der inne hang det to menn under taket, medan alle lyklane låg på bordet. Konflikten mellom dei to brørne hadde ført til at dei tok liva sine.

Det er ikkje meir snakk om finnane i bygda etter dette brutale tilbakeblikket i byrjinga av forteljinga. Det er ei finnkoie i skogen (s. 36), og det ligg ein Finndal der (s. 45). Men finnane og ætlingane deira er framstilt som integrerte i bygda. Dei ytre motseiingane kjem staden for med det engelske kompaniet som kjøper opp skogen og myra, og fullmektigen deira. «Svartaasmyr, ja. Det hadde vori mykje strid um den! [...] No hadde det vorti slik ettersom han Stor-Ola Storgaren-Svartaasen sa, at ingin av dei atte henne. Kompanie, det store engelske, som aatte skogane i kring, det atte og myra, sa han Ola (s. 12)».

Eit anna framandelement er ein jødisk handelsmann. Jøden – som ikkje har fått noko namn – har sett opp ein disk inne på skjenkestova. I ein vill dans river tømmerfløytarane disken over ende, og jøden vert sinna. Han skjeller ut fløytarane, og kallar dei «kristne djevar». Då kastar dei han ut i snøen, og kastar alle varene hans etter han (s. 72).

Garassen skildrar ei bygd der den gamle tida er i ferd med å forsvinna:

«Det var ikkje no som i gamall tid. Ungdomen aatte ikkje greide paa si eigi ætt lenger. Og her tok aat aa verte so *mykje* ungdom no, at Maalstuggugubben [mannen som har stova ein har møte i] visste ikkje um *han* kjende dei alle, av namn daa; kva *ætt* dei hørde til det saaag han sagte, var so at dei likna paa folke sitt. Dei gamle merke agta ingin paa, no gjekk det etter annakk [almanakk] og gradstokk og dokter fraa høgskulen i Krestían [Kristiania]. Primstaven og vintergata [Mjølkevegen, reknar med det er meint å navigera etter stjernene] og aarelatning var avleggs; burtbytt var skjoldluve og knebrok og sylvspende sko. No gjorde ikkje husmor lenger korsets hellige tegn over smørbutt og myssmørst, og husfar staala ikkje stalldøri, var det enn den heilage jolekveld. No leika ikkje nissen paa laaven jolenott, og gløymd var gamall aatgjer' mot underjordiske og alle vonde vette.» (s. 61)

Det er eit samfunn i oppbrot, tradisjonell magi og overtru forsvinn, moderne tidsmåling og medisin kjem inn. Men det er som sagt ikkje konflikten mellom dei finske og norske som står som hovudmotseiinga her. Det er heller ikkje slik at den gamle overtrua og tradisjonelle medisinen er knytt til finnane, slik det har vore vanleg å gjera i segner og forteljingar både før og seinare.

3.1.2 *Rogfinne*

Den neste boka til Garaasen, *Rogfinne* frå 1912, er nok den som er mest omtalt i våre dagar, sjølv om den tredje boka hans, *Tungsjøætta* frå 1916, fekk best omtale då ho kom ut. *Rogfinne* tek opp att konflikten mellom dei innvandra finnane og dei opphavlege innbyggjarane, og mellom to viktige gardar. Denne gong er det garden Kongsli, som er ein finnegard, og «norske» Drevstad. Konflikten mellom dei har nok opphav i den etniske motseiinga, men er meir og meir prega av personmotsetnader. Nett slik *Frende-Strid* opna med ei skildring av forfall i Storgaren, der «upplarva maaling heng skjelv under take» (Garaasen, 1908, s. 9) vert Kongsli skildra som «ein gong den største og rikaste i bygda; men i den tida da denne forteljinga tar til har det gaatt mykje attende. Innsokna og stadglidd staar no den gamle, tvihøgda storbygningen der i Kongsli; ein lyt mest tenkje paa ein skamkøyrd, sundbrotin og utlevd tømmergamp.» (Garaasen, 1916, s. 5).

Den fyrste dialogen i boka er frå Finn-Kerste, ei gamal kjerring som hjelper til på garden, husmora har vore død eit år. «Je vett itte haa vi ska' ha tel mat i kveld, je! Tu faar i veggen og sjaa om tu itte sku' faa dak i naan fisk, tu Arnfinn!» seier ho (s. 6). Arnfinn tenkjer at «ho er litt lepsk somme gongjer». Finn-Kerste har foreldre frå Finland, og «det er vanlegt at born av finske foreldre har det med aa lepje, [...] bytter om t og d, p og b, g og k. Ofte held dette finske tungeslage seg ned gjennom fleire led» (s. 6-7). Så får vi nokre døme på finskheit hjå Arnfinn; han piskar seg raud i badstoga, badar naken i snøen og fiskar aure i «næverskrukka». Men heilt så finsk som Finn-Kerste er han ikkje, medan ho lagar til fisken «nemner ho'n Arnfinn med mange underlege kjælenamn i eit maal ungane ikkje skynar». Han spør kva mål ho talar, «Det er morsmaale *vaart* je talar no, guten min!» svarer ho. Finn-Kerste peiker på ei gamal borse og ei gamal øks på veggen, og spør Arnfinn om kor dei kjem frå. Han svarer Finland, og Finn-Kerste fortel då segna om korleis finnane kom til Drevsjøen. Segna er om ei ung finsk jente som gøymde seg i dei norske grenseskogane.

«Ho var dotter aat ein bondekonge, og trulova med den edle adelsmannen Vilhelm Ørn. Saa ein dag hjala ufredsluren: den finsksvenske hæren skulde fylgje Gustav Adolf den store i striden mot valdsherrane! Og paa slettune langt uti det framande lande der fann Vilhelm Ørn døen, døen paa kjempevis. Sin trufaste tenar sende han med si siste helsing aat henne som heime sat i *Suomis land*. Da var det ho, som gjekk med barn under hjarta, ikkje orka aa vera heime lenger: der var for mange minne...! Ho reiste ut, med den trufaste tenaren til fylgjesvein og hjelpesmann.»

Dei kjem til Drevsjøen, der ein einsleg norsk nybyggjar er i ferd med å få ein elg. Jenta spurde på utydeleg svensk om dei kunne få kjøpa litt mat. Han ville ikkje ha betalt, men fekk likevel ein sølvdalar av ho, før dei reid vidare. Nordmannen vart forelska, og byrjar å bruka dagane sine på å leita etter ho. Etter ei tid såg han røyk ved Harsjøen, tok børsa og gjekk dit. Der sat ho ved elden. Nordmannen ville gjerne gifta seg med ein gong, men jenta sa at han ikkje måtte tenkja på henne, og kanskje dei kunne vera vener likevel. Det ville han ikkje, «anten elske eller ...!». Nett då han skulle seia dette kom det ei lomskrisk , og «skrike hang igjen; det vart til angst og otte, og rædd venting; ... venting paa det usagde orde og det som med kunde fylgje.» Den finske gjenta og tenaren byggjer ei stove, og den vart til Kongsli. Tenaren bygde seg garden Kyrohaugen. Nordmannen vart far til Drevstadætta. Finn-Kerste fortel vidare at striden som byrja den gongen guten fekk nei av jenta har vara ved og auka paa fraa tid til tid, som årstala. Og det er ikkje berre ei ættestrid, det har

«vori usemje millom *finnlendar* og *nordmann*, millom dei som flytte inn, bygde seg heimar, brende braate, saadde vinterrug og næpe – og dei som kanna landet til seg med retten aat den i dette rike første børne. Det er folk av to ulike, store greiner: mongol og indogerman. Der har vel ikkje sprungi saa mykje blod i denne ufreden: det har meir vori ein seig kvar dagsufred, still, men djup, som skogstjørne, som folkelynne. Og kanskje just derfor vart striden saa stygg, og mistrua saa blind...» (Garaasen, 1916, ss. 7-12).

Finn-Kerste legg også ut om korleis finnane vart skulda for å driva med trolldom, og at det kunne gjera folk og fe sjuke, og at røyken frå bråtebrenninga deira øydela voksteren for andre. Finn-Kerste har eit mål med dette, ho merker at Arnfinn ser seg sjølv som nordmann. Ho fortel at sjølv om Kongsli-ætta har vore med og slåst i lag med nordmenn i krig, så får dei framleis klengenamnet «rogfinne» slengt i andletet. Ho vil at han skal vera stolt av rogfinne-namnet, og knyta identiteten sin til det (s. 13-14).

3.1.3 Raseteori om at finnane er mongolar

Dette om at finnar er mongolar er ikkje ein ukjent idé i raseteorier. Det er likevel ikkje vanleg at den dukkar opp om skogfinnar i skjønnlitteraturen. Eg har ikkje kome over andre som har skriva om dette enn Haakon Garaasen. Poenget vert teke opp att seinare i boka, der vi høyrer praten på Drevstad gard. Helene Smalnese fortel at rogfinne og mongol er det same folket.

«*Mongol*, ja! Namne på eit folk som burt langt, langt i aust, einkvan staden der sola kjem opp! Dei er gule og stygge i huda, og er saa lure at augo sit sneidt i hovude, som på ræven! Og dei er ikkje kristne, men ville heidningar! Det kan ein vita naar ein høyrer at

dei et levande ormar berre saa eitere fræser i munnen, som brennande fleskefeitt i ei steikjepanne, og heilsloukar froskar og musungar, og helles om lag haa som helst!». Dette hevdar Helene å ha høyrt frå dottera til skulemeistaren, og han frå klokkaren, og han igjen frå presten. Og presten frå vår herre sjølv. No vil dei agte seg for å koma i lag med nokon av rogfinnætt. «Ja før hell je ville gjifte meg med en rogfinne ville je gjifte meg med en *svenske*, hell au leva ugjift» seier ei av jentene (s. 31-32).

Arnfinn veks til, og prøver seg på Målfrid Ørn, men ho avviser han ettersom han er full. Han reiser til Amerika nokre år, og sender brev til Målfrid, men dei vert stoppa av matriarken på Drevstad, Bjørg, som i si tid vart avvist av faren til Arnfinn, Hinrik. Då Arnfinn kjem tilbake har han med seg ein mann av dansk adelsslekt, og dei set i gang med eit jarnverk. Dette skaper ny strid i bygda, og Drevstad-folka nyttar makta dei har i kommunestyre og elles til å skapa trøbbel for Kongsli-folka. Arnfinn Kongsli reiser bort ei tid, og i fråvêret drikk verksarbeidarane sprit og eggjar kvarandre opp mot jarnverket. Det ender med at dei riv det ned, knusar maskinane og set fyr på det heile. Ein av dei kjeftar på jarnommen: «Du ga oss *stort mod* da du kom hit inn i di fredsamme skoga' vaare og aat aa sluke kol og malm i mengdevis, og spy ut att rennandes jønn; men etterpaa, haa ga du oss da? Jo da ga du oss *armôa* da, klødde i filler, og gjorde oss og alle vaare mange ganger magrare, graa blêkare og knefattiare enn vi var naan gang før! (s. 169.» «Ned med blodsugar-samfunde» ropte den eine rallaren medan dei reiv ned arbeidsplassen sin (s. 172).

Etter dette høgdepunktet i konflikten løyser det seg slik at dei som øydela verket angrar, og arbeider gratis for Arnfinn Kongsli til dei har gjort opp for segl, Arnfinn betaler ut alle som hadde krav i verket og sjølv Drevstad-matriarken vert meir mildt innstilt til Kongsli-ætta. Arnfinn viser det seg har funne sølv, og skaffar seg også alle skogen i området etter at kompaniet som åtte han gjekk konk. Men Arnfinn Kongsli vert sjuk etter ein tur på skeiser, og døyr like før Målfrid Ørn får sagt at han at ho vil ha han likevel. Då Målfrid skal venda heim att etter å ha fått dødsbodskapen om Arnfinn møter ho ein gamal kar som har fått namnet «Finnlands profet» (s. 268). «Han er av finsk ætt, har lesi, granska og gruvla mykje, og bor no i den vesle stoga si nord i øydemarka opp millom Finndalsfjella, der knausane staar som aartusen gamle steinkyrkjur, og der mesteparten av aare er vinter. I den stoga hans der nordi er hyllur langs alle veggjer, fulle av bøker: og mange av bøkene er skrevne i framande tungemaal».

I folkeminne- og diktsamlinga *I Dalaskog*, som Garaasen ga ut i samarbeid med svenske Paul Lundh, skriv han om «Dalarnes profet» som «vandra vide i verda», altså Sverige, Noreg,

Finland og Danmark. Gunnar Lars Larsson, som profeten heitte, ga ut ei rekkje skrifter med jakthistorier, og tydelegvis nokre som gjorde at han fekk bot for å ha talt mot øvrigheita (Garaasen & Lundh, 1929, ss. 35-37). Denne *Finnlands profet* hjå Garaasen er veldig merkeleg, han dukkar opp litt ute av ingenting, og får koma med nokre tankar om menneskelagnaden og tidas tannhjul, før han går inn i øydemarka på ski igjen.

3.1.4 *Tungsjøætta*

Tungsjøætta kom ut i 1916, og var den andre og siste romanen til Garaaasen. Det skogfinske innslaget er langt mindre enn i *Rogfinne*, sjølv om det nok er mange av romanfigurane som ville hatt finsk bakgrunn om det vart skrive meir om livssoga deira. På side 140-42 møter vi Finn-Gro, som dukkar opp i draumane til skogsmannen Erik Haverstad. I draumane driv ho med trolldom, og manar eiter ut av eld, stein og stokk, og dryp inn i tilværet hans.

3.1.5 *Frå grensebygder og finnskogar*

Etter desse tre bøkene hadde Garaasen ein plan om å gje ut fem band med kulturminne og forteljingar i serien *Frå grensebygder og finnskogar*. Han fekk gjeve ut tre av desse, og *I Dalaskog* som fylgjer mykje den same oppskrifta. Samlingane er

Frå grensebygder og finnskogar. 1: Trysil malm og andre malmar (1923)

Frå grensebygder og finnskogar. 2: Magre vilkår (1924)

Frå grensebygder og finnskogar. 3: Emigrantane frå Suomi, Kalevalas land (1925)

I Dalaskog : skildringar og dikt, forteljingar og småstubbar (1929) (Med Paul Lundh)

Det er i hovudsak reiseskildringar frå vandringar i Trysil, Solør, Värmland, Idre og Særna og Dalarne. Innimellom er det noko som er meir litterært, men det meste av desse bøkene fell meir inn under folkeminnesamling enn skjønnlitteratur. Eit døme på eit slikt litterært stykke er *Eg gjekk i Trysil malm*. Det opnar slik

«Det går ein mann inn gjennom skogane. Han er mørk i hårferda og stridøygd. Namne hans er Hakko, Vesl Hakko, med tilnamne Samlaren. Ætta hans Vesl Hakko Samlaren greiner seg i to. Den eine greina ligg vestetter, den andre austetter. Denna som ligg austetter eig rota si i Suomi land, dei tusund sjøars og tusund skogars. Vesl Hakko stanar innimellom og pratar med ømse av dessa som han møter, no han går inn gjennom skogane. Han møter ein som heiter Rasmus, med tilnamne Rævefangaren. Og 'n Hakko seier åt'n Rasmus at retteleg er namne mitt ikkje Hakko men Halvor og Hiunrik og Hima. Hinrik Hima Inen er namne mitt, av Hima Inen si eldgamle ætt

lengst aust i Satakunda, Tavastland og Savolaks i Suomi, dei tusund sjøars og tusund skogars!.....»

Her har Garaasen skrive om seg sjølv og ætta si, om seg sjølv som samlar, og etterkomar etter ei slekt frå Finland. Så kjem det eit avsnitt som kan ta pusten frå ein: «Dette hadde ikkje Hamsun¹², Drachmann¹³ hell Ivar Mortensson Egnund¹⁴ skrivi. Dette hadde eg sjølv skrivi.» (Garaasen, 1923, s. 39). Han siktar ikkje lågt, Vesl Hakko! Han fortel dette stykket til kameraten Rasmus Rævefangaren, og han svarer og ler: «Men du Håkon, du Hakon, du Håken, du Hakko, du Håkkå hi hi, ja du Hagen, du Hågen, du Halvor he he, du Hinrik, du Hima, du Inen hå hå!» Haakon vert arg, og spør kvifor han ikkje skulle nemna seg «Halvor og Hinrik og Hima». Ætte- og namnefaren hans i niande ættleddet heitte Hima i Finland, i åttande Hinrik i Sverige og i sjuande Halvor i Trysil. Han held fram med å seia at då Hinrik Himasonen kom gjennom skogen fanst det ikkje folk eller fe der frå før. Så fortel Haakon eit segn om ein Heimur som kom vandrane med ei harpe av gull til *try sildr*¹⁵. Han vart slegen i hel av nokre som var slavar av Mammon. Dei drap Heimur, tok gullet og slo sund harpa. Ut av harpa kom det ei ung og fager jente som vart mor åt ei songarætt som framleis lever i skogane. Dette hadde Haakon fått høyra frå ein gamal og klok gubbe (s. 41).

Det er ei noko forvirrande tekst. På den eine sida framhevar Garaasen seg som ein diktar, som til og med kan måla seg med Hamsun. På den andre sida er han berre ein samlar, ein som fortel opp at segner han høyrrer frå gamle gubbar rundt om. Og det er noko sårt i måten han må argumentera med Rasmus på. Det er mykje verdfull lokalhistorie og kulturhistorie i bøkene, men dei ber preg av at han var ein *samlar*. Det er ikkje stramt redigert, eller gjort greie for kjelder og slikt. For kunnskapen om skogfynnane i Noreg, og ikkje minst den levande skogfinske kulturen, hadde dei nok mykje å seia.

3.1.6 I Stor-Finnland

Det siste bandet er kanskje det merkelegaste. Det opnar med bolken *I Stor-Finnland*, med dei tre stykka *Kring Kupprana vik i Satakunda*¹⁶ *bodde eit folkeferd i trange kår, men åtte lel mang ei lykkeleg stund, Ulykka braut herjande inn over folkeferde kring Kupprana vik og Kalevala*. Det lengste stykket, *Ulykka...*, er ei forteljing om hekseprosessar ved ein borg i

¹² Knut Hamsun (1859-1952), nobelprisvinnar i litteratur. (Rottem, 2009)

¹³ Holger Drachmann (1846-1908), dansk forfattar (Brønsted, 2016), mellom anna tonesett av Edvard Grieg (Benestad, 2009).

¹⁴ Ivar Mortensson-Egnund (1857-1934), prest, forfattar og målmann frå Alvdal (Østigaard, 2016).

¹⁵ Er nok meint å vera eit etymologisk tolking av namnet Trysil.

¹⁶ Historisk landskap i Finland, i dag Satakunta og Birkaland.

Åbo, som må vera Åbo Slott, men som Garaasen kallar Gudbrandsborg og Kupprana Vaara. Denne forteljinga ser ut til å delvis byggja på historisk materiale, til dømes er hekseprosessen mot Márten Stodius og Henricus Eolinus (Garaasen, 1925, s. 47) kjende frå historia (Elmgren, 1855-57). Nett kva som er frå rettsprotokollar, og kva som er rein dikting er ikkje lett å seia.

Eit interessant poeng i denne bolken er ei segn om at forfedrane til hovudpersonen Heiki hadde kome frå dei svensk-norske grenseskogane til Finland, og at det er difor finnane som utvandra valde å fara dit (s. 121). Ein gamal gubbe på finnskogane hadde fortalt Garaasen at det var ei gruppe finnskogingar som reiste til Båhuslen. Etterkomarane deira dreiv fiske i Østersjøen, og ein fiskarflåte dreiv i land i Satakunda. Garaasen skriv at han har granska dette, og at han høyrte det same frå fleire. Han vel å fortelja «ømse» frå hekseprosesstida, og meiner at hekseprosessane i Satakunda og Åbo må ha hatt eit meir norsk-svensk drag enn sermerkt finsk (s 37-38). Etter bolken om Stor-Finland er det ein del om vandraren Ljøsstad-Børe, som også er med i dei to fyrste banda *Frå grensebygder og finnskogar*, ei samling med korte biografiar av folk frå Trysil og ein småstubbbar.

3.1.7 Nasjonalsosialistisk diktar

Garaasen fekk aldri ferdigstilt fembandsverket sitt, og skrivinga hans vart mest som journalist. I 1943 er portretta til Haakon Garaasen og Rolf Jacobsen (1907-1994) midt på framsida av ei bok, flankert av 12 andre menn og kvinner. Boka var *Nasjonalsosialister i norsk dikting*, utgjeve som fylgje til ein serie føredrag om nasjonalsosialistiske forfattarar i NRK. Denne boka vart kalt «NS' egen litteraturhistorie» av historikar Nils Johan Ringdal (Ringdal, 1993, s. 179). Det var meint å koma fleire band, men det vart med dette eine. Boka var del av eit større verk for å visa *Norsk åndsliv på vegen heim*. Det vert poengtert at det ikkje er med avlidne forfattarar, og at alle som er i samlinga har «fått høve til å ta stilling til dagens spørsmål» (Programdirektøren [Eyvind Mehle?], 1943). Haakon Garaasen vart presentert av Sverre Tveito (1910-1945), i eit kapittel som også tok for seg Rolf Jacobsen. Jacobsen hevda at han ikkje visste at han skal skulle presenterast i bok og radioføredrag, og at han «ble nokså forbitret. De kunne jo bare spurt meg først. Da hadde fått nei.» (Lillebo & Bentzon, 1998, s. 195).

Sett med våre augo er det kanskje litt merkeleg at den nesten gløymde Haakon Garassen får brorparten av kapittelet han og Rolf Jacobsen deler. Garaasen får seks sider tekst, Jacobsen to (Tveito, 1943). Garaasen hadde ikkje publisert nokon ny bok sidan *I Dalaskog* i 1929, og vart vel rekna som ferdig av dei fleste. Jacobsen var ung og på veg fram. Sverre Tveito skriv at «Det seies at ætti har innflyttarblod i seg, – finneblod» (s. 55). Om han hadde lese bøkene til

Garaasen kunne kanskje ha skrive det tydelegare at han faktisk var finskætta, men her ville kanskje Tveito dempa det finske mest mogleg. Vidare skriv han «Det er jamvel rasestrid her. Finnar som tek ryggtak med nordmenn om heim og odel» (s. 56). Her har Tveito eit poeng, det er vel ingen annan forfattar som har gjort *rasespørsmålet* like viktig som Garaasen. Både finnar og nordmenn la ut om det mongolske ved finnane i *Rogfinne*. Eit anna nasjonalsosialistisk trekk ved *Rogfinne* som Tveito korrekt nok peiker på er at boka er nasjonalsinna, men at den sosiale konflikten er utan system. Arbeidaropprøret er fullstendig retningslaust, og fører ikkje til anna enn øydelegging og audmjuking av arbeidarane som må arbeida gratis for verkseigaren til dei får tilgjeving – «den sosiale reisning i boki er utan system. Berre ein ting er Garaasen klar over: alt står og fell med den som fører striden – hovdingen» (s. 56). Tveito skriv ingenting om den ganske stereotype og negative framstillinga av den namnlause handelsjøden, som burde ha vore i tråd med dei ideologiske målsetnadene for det nasjonalsosialistisk kulturarbeidet.

3.2 Ola Martinus Høgåsen

Ola Martinus Høgåsen (1900-64) vart fødd i Grue, på småbruket Høgåsen, med skogfinsk slekt på både mors- og farssida. Sven R. Gjems skriv at han ættar frå Liukoinen, Haljainen, Räisänen, Mulikka og Oinoinen med fleire (Gjems, 2017, s. 44). Han var eldst av ti sysken, og vaks opp med eventyr og segner frå Finnskogen, og las tidleg Snorre, Aasen, Vinje og så bortetter. Han las Ivar Aasens ordbok, og vart interessert i dialektar og nynorsk. Han vart med på skogsarbeid etter konfirmasjonen, men kom seg etter kvart på lærarskulen i Oslo. Han fekk seg lærarpost i Skåbu i Gudbrandsdalen. Der vart han aktiv i kommunepolitikken, og gjekk på ski tre mil til Vinstra etter skuledagen for å vera med på kommunesestyremøte, før han gjekk heim att etter møtet. Høgåsen gav ut to diktsamlingar medan han var i Skåbu, og omsette *Internasjonalen* til nynorsk, ein versjon som kom med i *Arbeidernes sangbok*. Etter ti år på Skåbu fekk han seg ei ny lærarstilling på Kjørum. Han var eit organisasjonsmenneske utan like, og var med i ei rekkje ulike organisasjonar i målrørsla, arbeidarrørsla, fråhaldsrørsla, lokalhistorie og så vidare. Han var også nestleiar i Noregs mållag nokre år. I 1938 fekk han pengar til å reisa på ei studiereise til Sverige og Finland (Høgåsen, 1999, ss. 5-7). Han skulle studera skulestellet, men hadde også eit sterkt ynske om å sjå stadene der forfedrane kom frå. (Haraldseid, 1959, s. 37).¹⁷

¹⁷ For å understreka det finske opphavet sitt nytta han visstnok også ein finsk versjon av namnet, Mattio Reisanen, men dette finn eg berre opplysningar om på wiki-sider utan vidare kjeldetilvising.

3.2.1 *Vaarbekk vaknar*

I debututgjevinga *Vaarbekk vaknar – klunk paa ymse strenger* (1923) har han diktet *I timberkoja*. Det umiskjenneleg finnskogdiktning, om ikkje det er eksplisitt skogfinsk.

I neva-grauten han Gunnar rører,
og Søgaaardsgubben paa pipa nører.
Ein gir eit løysande latterord
til krydd paa maten kring benk og bord.

Det same med *Ei arbeidsmanns saga*:

Om vinteren han vassa på ubrøytt veg.
I timberskogteigen, der tedde han seg.
Med øksa den kvasse og konten paa rygg
Var'n basen i laget, so bjørnebrei-trygg

Nevagraut og konte på rygg er skogfinske spor, men er også delar av finnskogskulturen.

3.2.2 *Mat for Mons*

Høgåsen ga ut ei rekkje eventyrsamlingar, med kunsteventyr, altså ikkje folkeeventyr han har samla inn. I *Mat for Mons* (1939) er eventyret *Røvarane i Tolvmilsskogen* (ss 19-23). Der møter vi røvarane Tore Gauk og Faste inne på Tolvmilsskogen mellom Värmland og Solør. Dei plagar og røvar bøndene. Ein dag skyt dei på havfrua(!) i Røgden, og då får bøndene ein mektig alliert. Havfrua jagar røvarane ut av Tolvmilsskogen, så dei aldri plagar nokon der igjen. Det er ikkje så mykje å seia om *Stortrollet på Finnskogen* (ss. 57-63) anna enn at trollet heiter Tramp-i-tramp og bur ved sjøen Lamp-i-lamp. 'Lampi' er innsjø/dam på finsk.

3.2.3 *Pelle ping-pang og andre eventyr*

I 1955 kom *Pelle ping-pang og andre eventyr*. Der finn vi *Eventyr fra Finnskogen* (Høgåsen O. M., 1955, ss. 71-80). Eventyret handlar om eit «par folk på Finnskogen» som ikkje har barn, det krydde av ungar på kvart finnetorp, men ikkje på storgarden. Ein dag får dei hjelp av ei fantekjerring, og dei finn eit rart nøste inni eit putevar, med tenner og bust. Dei kastar det på elden, og då løyser trolldomen som hadde vore på dei seg opp. Dei får ei jente, og ho veks opp og skin som ei blome, men ein dag vert ho borte. Alle leitar etter ho, men ingen kan finna ho. «Langt borti eit berg på ein liten svelt-i-helø-plass budde Finn-Kjersti med dei tre sønene sine, Pavo og Pekka og Heiki-Nikki. Ein dag hadde ho vore frami bygda og selt neverkonter.» (s. 72). På vegen ser Finn-Kjersti at den forsvunne jenta er bergteken i eit syn, og sender sønene sine ut for å finna ho ein etter ein. Dei legg alle i veg med neverskreppa på ryggen, men dei to

fyrste mislukkast med sine tre oppgåver. Heikki-Nikki er tredjemann og overvinn trollheksa som har teke Valborg, og Valborg giftar seg med redningsmannen sin. «Og ætta deira finn du att på Finnskogen den dag i dag.» (s. 80).

Det er også eit anna eventyr frå Finnskogen i den same samlinga, *Ljosstubben frå Huldrehaugen* om ein finngubbe på eit finntorp med tre døtrer, dei to eldste vert gifte og fer frå garden. Den yngste er hjå han lenge, men ho har finne-augo og kan hjelpa lensmannen med å avsløra nokre tjuvar. Så giftar ho seg med lensmannen.

3.3 Mikkjel Fønhus

Mikkjel Fønhus (eigentleg Mikkel Arnesen Fønhus, 1894-1973) vart fødd i Sør-Aurdal i Valdres. Han har ikkje skogfinsk bakgrunn, men har skriva om skogfinnar. I 1951 kom han med romanen *Mannen med ormeøynene* – altså same år som Hans Børli ga ut *Sølv og stål*. Begge bøkene kom ut på Aschehoug. Magne Skrede, som mellom anna står bak fleire bygdebøker og bygdehistoriske verk, hadde ein artikkel i Vinduet om dette samantreffet. I *Finnskogen som stoffkilde – Børlis og Fønhus' nye romaner* (1951) skriv han at det er underleg at ingen har tenkt på skjønnlitterær utnytting av dette stoffet før. Han nemner opp sakprosa verk som er skriva, og *Frå grensebygder og finnskogar* av Garaasen, men overser *Rogfinne*. Skrede hevdar at Fønhus var i Savolaks som del av arbeidet med *Mannen med ormeøynene*. Både romanane har handlinga lagt til slutten av 1600-talet, og både skildrar møtet mellom skogfinnar og bønder gjennom ein manns lagnad. Skrede avsluttar artikkelen noko merkeleg: «For begge forfatterne har Finnskogen vært en gavmild stoffkilde, men ingen av dem har fått med alt de ville. En kan vente framhald om grender og bygder, og vi håper på konsentrasjon og grei behandling. Det grøsser i en ved tanken på hvor mange bind dette stoffet kunne bli emne for ved planøkonomisk og langsiktig rasjonering!» (Skrede, 1951, s. 700). Er det slik at han helst vil ha ein skikkeleg roman, og så ferdig med det?

3.3.1 *Mannen med ormeøynene*

Mannen med ormeøynene går føre seg ved Øyeren i Brandval. Karvas-Heikki er i konflikt med lokale bønder, som meiner han tek for mykje vilt. Det er Bottolv Kilemo som er den førande i å ta eit oppgjær med Heikki. Heikki såg annleis ut enn folk flest, han vart kalt «Mann' med ørmaugom»¹⁸ ettersom augo hans kneip i hop, og han gjekk støtt og myste (s. 10). Han og

¹⁸ Olaf Lindtorp skriv i *Fra Finnskogene i Solør og Vermland : beretninger og folkeminne fra grensebygdene : tredje samling* (1954) at like under Klintknoppen, aust for Store Røgden, fanst etterkomarar etter mannen med ormeaugo. «Jeg husker godt en mann der som hadde slike rare øyne, Skarpe og rare, var de. Og sagnet gikk at en

Annikki hadde vandra heile vegen frå Kallojärvi i Savolaks med ungane sine. Landskapet var ikkje heilt ulikt der heime. Torpet kalla dei opp etter garden i Finland, Karvas. Fønhus skildrar ein klassisk finnegard, med pirtti (våningshus), riiki (til å tørka rug) og stabbur (s. 16-17). Ein ting er ikkje heilt som han skal vera, då. Heikki skulle skjæra inn eit symbol over døra til våningshuset, «et slags merke som var skåret inn der med kniv, to trekantar. Og trekantene var på en måte skåret i kryss, så de dannet en slags rose, og den øverste delen av den minte om et spisst tårn opp over et flatt tak. Dette var lykkemerket som støtt ble skåret over døra til våningshuset når det var ferdigbygd, gammel skikk fra Suomi. Men det måtte en øvd kar til å skjære dette merket, ellers kunne det ende ille. For det første måtte merket skjæres med en eneste strek med kniven, knivbladet måtte ikke lettes fra veden, ellers fikk lykkemerket ingen kraft. Og det spisse tårnet øverst måtte ikke komme på nedsida, peke ned, noe som lett kunne hende for en uøvd – da kunne merket føre vondt i stedet for godt over dem som skulle bo i huset.» (s. 24). Det var det siste som hadde skjedd.

Medan Heikki er i Värmland for å selja skinn kjem Bottolv Kilemo og hans menn for å gjera opp med finnane. Grunngevinga deira er at Heikki skaut ein elg for å ta huda, og ikkje brukte resten av dyret. Annikki er uroleg, ho minnest historier om svenskar som har drepe tjue finnar og søkkja dei i Lahtijärvi, Slaktsjøen¹⁹. Kilemo og karane set fyr på garden, og jagar Annikki og dei to borna. Guten Pekka prøver å nå naboen Matti, medan Annikki og dottera Kajsa ventar. Skia er også brunne opp, så det er eit slit å koma seg fram i snøen. Pekka frys i hel på vegen, og Annikki og Kajsa frys i hel inne i ei bu. Heikki kjem att og går i gang med å hemna seg. Han gravlegg familien sin på ei holme²⁰. Bottolv Kilemo skal gifta seg, og Heikki gøymer seg langs ruta dei skal ri til kyrkja. Han hoppar fram og stel brurekrona, for dinest å dra til fjells og gøyma seg igjen. Utover sumaren øydelegg Heikki ting på setrene, slår sund båtar og skigardar og så vidare. Heikki Held seg for seg sjølv, men vitjar innimellom andre finnar. Ein kveld han er hjå

gang for lenge siden hadde en ung mor slått i hjel en diger hoggorm da hun gikk med barn. Ormen freste og gikk til angrep, men mora var på post og fikk avlivet den fæle ormen, som var veldig stor. Så sterk hypnotisme var det i ormens øyne at det avspeilet seg i fostret, som ble en gutt og fikk slike ormeøyne. Det skulle være en ti av denne slekta med slike øyne, men ham har ikke jeg noe kjennskap til. Det er ikke umulig at det ennå kan slenge en og annen med slike øyne. Og da kan en være sikker på at han er etterkommer etter mannen med ormeøynene.» (s. 96-97). Haakon Garaasen skriv også om ormeaugo: «Pavo er ein høg, mager og skarp kar, med kvass nase og kvasse augo. Kring det mørke i augo hans ligg som ein orm. Somme nemner honom difor «Orm i augo». Svoltin er han etter magt, ære og kvinnfolk, og hard som stein.» (Garaasen, 1925, s. 34) .

¹⁹ Olaf Lindtorp skriv om denne historia: «I striden ved Dypen, på grensen mot Åsnes, ble omkring tyve finner utryddet, drept og senket i sjøen Dypen av svensker fra Dalby, sier sagnet. Stedet kalles ennå for Lahtijärvi (Slaktsjøen) og bekken, der ugjerningen foregikk, heter Lahtipuro (Slaktarbekken) (Lindtorp, 1942, s. 27) .

²⁰ Sven R. Gjems skriv «At de ble begravet på holmene kan ha sammenheng med at rovdyr ellers kunne grave dem opp igjen, eller at finnene rett og slett fryktet at de skulle gå igjen og derfor ikke ville ha dem jordfestet i nærheten av husene sine» (Gjems, 1990, s. 133).

Juntilla-Jussi får han høyra dottera hans spela på kantele, nasjonalinstrumentet i Finland. Når vinteren kjem set han fyr på heile garden til Kilemo. Han lukkast ikkje med å drepa fiendane sine, men dei kjem i staden for etter han. Heikki held dei unna i lang tid, og forfylgjarane legg seg inn på ei hytte. Då klarer Heikki å brenna dei inne medan dei søv. Så vandrar han heile vegen heim til Savolaks.

3.3.2 Fønhus og Olaf Lindtorp

Gjennom heile *Mannen med ormeøynene* er det tydeleg at han har prata med og lese Olaf Lindtorp (1877-1953). Lindtorp var fødd i Grue Finnskog, og har gjort eit stort arbeid med å samla inn munnleg tradisjon på Finnskogen. Han har gjeve ut bøkene *Finnskogens folk* (1940) og tre samlingar med *Frå Finnskogene i Solør og Vermland* (1942, 1948 og 1954) (Skirbekk, 1957). Tom Brenne²¹ skriv at Lindtorp fyrste gong møtte Fønhus på byrjinga av 30-talet, då Fønhus hadde slått leir ved Røgden. Lindtorp køyrde han til den gamle finnegarden Juhoila i Sverige, ått av Juhoila-Jussi. Juntilla-Jussi har visstnok namnet etter han. Karvas-slekta fanst også, og dei gamle hugsa den (Brenne, 1993, s. 143).

3.3.3 Finnegubben

Skogfinnar dukkar opp i andre bøker og tekstar av Mikkjel Fønhus også. «Finnegubben» skriv han om fleire gonger, fyrste gong i 1928, i joleheftet Joletre, som var jolenummeret til Norsk barneblad. I forteljinga *Finnegubben* skriv Fønhus om at han sjølv møtte Finnegubben, og at det var eit storhende for han og broren når det kom fantar til garden. Dei trur han er ein «taterfant», men når dei spør kor han kjem frå svarer han Finnskogen. Fønhus fortel at Finnegubben kunne trolle, ein gong han hadde vorte jaga hadde han hytta med staven mot fjøsveggen, og så døydde to kyr på den garden. På Movik hadde han spådd at når grandonkelen til Fønhus skulle døy ville raud hane gale i grannegarden. Og slik gjekk det. Då grandonkelen døydde brann det i grannegarden. Ei jol ser dei han for siste gong. Finnegubben har lagt seg til i ein utlåve, og somna inn. I striesekken hans fann dei ei bankbok på over to tusen kroner, som gjekk til statskassa, med unntak av nokre kroner til ein gravstein med teksten «Finnegubben. Død januar 1908» (Fønhus M. , 1928).

3.3.4 Veien over fjellet – en bok fra de herjede bygder

I 1939 ga han ut *Veien over fjellet – en bok fra de herjede bygder*. Dette er eit kampskrift mot vegutbygginga på fjellet, og kampen mellom den gamle og nye tida. Gamle-Frek på Bergo heisar flagget på halv stang når vegen opnar, medan sonen Vesle-Frek kjøper seg bil. Ein

²¹ I 1986 vann Tom Brenne 48 000 i tv-programmet *Kvitt eller dobbelt* med emnet Mikkjel Fønhus (Andresen, 2007).

spådom frå Finnegubben er viktig i boka: «Engang i tia kom det en finne her til Bergo, ingen vet så nøie hvor lenge det er siden; ventelig var det etterkommer av en av disse finnlenderne ved Solør og nordover, for noe slikt som tre hundre år siden, og som senere drog sig også lenger inn over Austlandet. Hin finnegubben gikk gjennom denne dalen her og spådde så mangt rart [...] Da sa han: jeg ser en vogn som triller op der. Men det er ingen hest som drar vogna, den går imot bakke av sig sjøl.» (s. 19). Han spår også at Bergo-ætta er ferdig på garden om lønna deira rotnar. Og lønna forsvinn, og garden vert fråflytta.

3.3.5 *Finnegubben overnatter under Lenningsfjellet*

Finnegubben kjem også att i den posthumt publiserte novella *Finnegubben overnatter under Lenningsfjellet* (1978). Finnegubben er eit kjent andlet på garden Tønsteinrud, han vandrar forbi der eit par gonger i året. Gutane på garden tykkjer han er spanande, og mora kan fortelja at han høyrde heime på Finnemarka mellom Modum og Tyrifjorden, men ikkje hadde nokon gard. Han vert definert som ikkje-tater; «Alltid gikk han aleine, ikke i følge med noen, som tatere gjerne brukte. Han var heller ingen tater, lignet dem ikke å se på, hadde ikke svart hår og øyne med mørk eld i. Finnegubben så mer ut som en av dalens egne, bare at ansiktet var så beinknudret, med store kinnbein, og han hadde sterk oppstoppernese – de skulle se slik ut de som var av folkeslaget han hørte til» (s. 178). «Tatere hadde gjerne med seg noe å selge eller bytte, og tigde mat samtidig. Finnegubben hadde ingenting, og tigde aldri» (s. 179). Finnegubben vandrar mot Lenningsfjellet, og der legg han seg til å sova i bjørnehi. Bjørnen kjem tilbake, men verer Finnegubben, skit på seg av frykt og spring sin veg (s. 177-187). Det er også ein finnegubbe som kjem med ein spådom i *Skogsgarden oppmed Espa elv* (1978).

3.3.6 *Gjemt i Villskogen*

I *Gjemt i Villskogen* (1967) er det derimot ei finnkjerring som kjem med spådomar. Kørgebindar-Kaisa «var av disse skogfinnene de kalte, folk fra Finland, som for et par hundre år sia var vandret inn i grenseskogene ved Solør [...] enkelte ble fattige, og Kaisa var en av disse. [...] Disse skogfinnene hadde ordet for å være sleipe til å trolle. Akkurat slikt beskyldte de ikke henne Kørgebindar-Kaisa for. Men hun spådde i handa. En gang spådde hun også uten å se i handa, og det hun sa, det kom til å bli husket på Kjeldskogen, og videre omkring, selv etter at Kaisa lengst var borte – hun skulle ha dødd ute på Modum» (ss. 10-11). Spådomen til Kaisa kom etter at ho vart kalt fantekjerring og nekta mat på garden Tøllerud. Ho spådde at Tøllerud ville verta «begravin» under Reftonhøgda. Gjennom resten av boka er det fleire hendingar der Tøllerud kjem i skuggen av Refton (s. 67), ein Tøllerud ramlar ned i eit hol ved Refton (s. 91), Tøllerud gard kjem under Refton (s. 169). På mange vis har spådommen såleis

kanskje blitt oppfylt. Dette er ei ganske fiffig måte å visa korleis munnleg tradisjon og spådomar kan overleva over generasjonar, og verta knytte til ulike fenomen og hendingar.

3.3.7 *I susen av Storelva*

I den historiske romanen *I susen av Storelva*, som vart ferdigskriven rett før Fønhus døydde (Stensrud G. F., 1985, s. 151), møter vi skogfinnen Juhani. Romanen føregår i åra 1808-10. Den litt enkle Tørgrim Moarud frå Hallingdal skal ut i krigen, og i Christiania vert han lurt til å selja garden sin til ein sambygding for to tusen riksdaler og eit lommeur. På veg heimover overnattar han ved Krokskogen. Der møter han sagverksarbeidarane Erik og Juhani. «Tørgrim la merke til at mannen ofte sa orda noe rart, og somme tider stoppet litt for liksom å få tak i de rette. Han hadde så store kjakebein, var så beinet og kantet i ansiktet, og med tjukk oppstoppernese. Navnet hans var også rart – Juhani... «Kor e´du ifrå då?» sa Tørgrim. «Frå Finnemarka». Erik fortalte nå at han var finlender, en av disse som for lang tid attende var innvandret fra Finland, hadde slått seg til ved grensetraktene ved Solør, og var sia trukket vidare hitover, til Nordmarka, til Krokskogen, og på åsen mellom Steinsfjorden og Modum var det en hel koloni av dem – Finnemarka kalte folk det der.» (Fønhus, 1974, s. 93)... Juhani skjenker Tørgrim med brennevin, i fylla bablar han i veg om pengane sine og dagen etter oppdagar han at dei er forsvunne. Det vert aldri sagt rett ut at Juhani og Erik ranar han, men det vert heller ikkje gjeve nokon annan forklaring på kva som har skjedd.

3.3.8 *Villmannshytta ved Glesa elv*

I kortromanen *Villmannshytta ved Glesa elv* (1978), sett til 1830-åra, ryker odelsguten Helmer Skeidmo uklar med far sin, og ranar ein postsekk. Han kjøper seg ein gard og skog på Solør for pengane, og vert ein storkar der. Heikki Starrsjø observerer Skeidmo med ein postsekk, og tenkjer det luraste er å halda kjeft om det han har sett. Seks år etter ranet ligg han og skal døy av kreft, og då skriftar han for presten om det han har sett. Heikki vert presentert slik: «Heikki satt og tenkte på om han i neste veke burde ta seg en tur innover til skogsbygda Skrukkelia, mot Hadeland, og gjeste noen finske slektninger han hadde der. Det var skogfinner som hadde ryddet i Skrukkelia, og finneslekt var det der ennå. Oldefar hans derifra var rein finne, men hadde giftet seg med ei jente fra Hurdalen, og sia hadde ekteskapene bare vært norske. Men det finske mannsnavnet Heikki, som svarte til Henrik, hadde hele tida sittet på en og annen gutt i slekta.» (Fønhus, 1978, ss. 15-16).

3.3.8 *Skogfinnene i Hurderlia*

I novellesamlinga *En skiferd* som også vart posthumt utgjeve i 1978 er *Skogfinnene i Hurderlia* med. Hurderlia er ei omskriving av Skrukkelia, etter kommunenamnet Hurdal (Brenne, 1993,

s. 146). Novella handlar om venskapet som utviklar seg mellom nordmannen Lars Misthaugen og finnen Häkkinen. «Häkkinen var en av disse løse finner, som de kaltes, enslige, ugifte karer, som ikkje dyrket rug, men rák omkring i skogsmarkene her og der over denne søraustlige delen av landet; noen oppholdstillatelse av myndighetene hadde de ikke, derfor holdt de seg helst unna bygda, og inne i skogene kunne de bedrive mangt, bryte seg inn på setrene og stjele, slå sund låset på fiskenaust, ta ut garna i naustet og bruke dem – og kanskje ta med seg garna også når de dro vidare» (s. 108). Häkkinen er knytt til trolldom, han har ei borse som alltid ráker det den skyt på, og han har ein tam hoggorm som husdyr. Då Häkkinen forstår han skal døy tek han børsa si og kastar ut i eit vatn, under isen. Han vil ikkje at andre skal få fatt i den. Det er langt til nærmaste kyrkjegard, og ingen av finnane i nærleiken ser ut til å bry seg med å køyra kista til Häkkinen dit. Misthaugen får med seg Matti på Mattila (frå *Mannen med ormeøynene?*), og før dei legg av stad på slede, tenkjer dei å henta egedelane til Häkkinen for å gje til lensmannen. Men hoggormen ligg på trammen, så dei tør ikkje gå inn (ss. 104-136).

4. Forfattarar som skreiv om skogfinnar frå om lag 1940

4.1 Hans Børli

Hans Georg Nilsen Børli, kjend som Hans Børli, vart fødd 8. desember 1918, og vaks opp på ein veglaus husmannsplass på Fjellskogen i Eidskog kommune, Oppistun Børli. Denne plassen låg fire kilometer frå næraste bilveg, og eit par mil frå næraste tettstad.

Plassen Børli vart rydda av skogfinnar på byrjinga av 1700-talet. Dei opphavlege rydningsfolka er ikkje i slekta til Børli. Oldefaren hans – farfaren til mora – flytta dit i 1860. Då var plassen delt i Oppistun (Oppistova) og Nestun (Nedstova) (Børli, 1988, s. 21).

Børli skriv dette om den skogfinske bakgrunnen sin i den sjølvbiografiske boka *Med øks og lyre*: «Hvem vet, kanskje det ruller noen dråper finsk blod i årene mine? Dette har jeg imidlertid ikke noe belegg for, jeg er ingen slektsgransker». I alle høve var oppveksten til Børli på ein plass der det var restar av finnebusetnaden, og han fann gamle piper og ei malmform for støyping av børsekuler (Børli, 1988, s. 12). Truls Gjefsen skriv i Børli-biografien *Syng liv i ditt liv!* (1998) at morslekta hans kom frå Fjellskogen- og Fjell-gardane, der fleire av brukarane hadde stått oppført i finnemanntalet (s. 13).

Hans Børli arbeidde tidleg i skogen, men var alltid glad i å skriva og lesa (Børli, 1988, s. 25). Han prøvde seg på handelsskule, men slutta etter kort tid. Dinest tok Børli befalsutdanning, men den vart avbroten av den tyske invasjonen. Han var innblanda i harde kampar, og såg bestekameraten frå befalsskulen verta drepen. I okkupasjonstida verka han som grenselos, og hjelpte flyktningar på veg til Sverige. Etter krigen vart han lærar og tømmerhoggar, medan han prøvde å livnæra seg som forfattar. På syttitalet fekk han forfattarstipend, men heldt framleis på i skogen til 1979 (Gjefsen, 2009).

I løpet av etterkrigstida vart Børli ein velkjent diktar, der *Louis Armstrong* og *Tømmerkoievise* (Der skulle vi ha vøri, Kal) er dei mest populære dikta. Børli slutta aldri heilt med skogsarbeid heilt, og var klar på at han var arbeidardiktar. Han vart buande i Eidskog heile livet, med unntak av opphald i Oslo og København.

Blant inspirasjonskjeldene hans var finnskogforfattaren Carl Vestaberg, den svenske skogfinnen Dan Andersson og Kalevala, men det var den svensk-amerikanske dikteren Carl Sandburg som verkeleg gav retning til arbeidet hans. Sandburg skreiv dikt om prærien og arbeidet der på ein måte som fekk Børli til å sjå at han kunne skriva om skogen og skogsarbeidet (Stensrud, 1988, s. 72).

I ungdomen rekna Børli seg som kommunist (Børli, 1988, s. 13) , men han vart ein trygg Arbeidarparti-veljar, med unntak av tida rundt EF-røystinga. Då røysta han SF/SV i protest mot at DNA gjekk inn for EF-medlemskap. Han markerte seg også sterkt mot kommunistane, både i NKP og AKP (ml). Til dømes nytta han høvet til å diskutera med kommunisten Åsta Holth når han møtte på ho.

Hans Børli var ofte skuffa over at han meinte han ikkje vart lesen og forstått i miljøet han kom frå. Han fortel både om korleis eldre skogsarbeidarar som øydela manuskriptet hans ute i tømmerkoia, om at skogsarbeidarar ikkje ville lesa det han skreiv fordi det berre handla om slikt dei kjende frå før likevel og om at det ikkje var råd å finna folk å diskutera litteratur og kunst med (Børli, 1988, s. 88). Han sette difor stor pris på å reisa inn til Oslo og møta andre forfattarar og kunstnarar. (Børli, 1988, s. 204)

Han debuterte med diktsamlinga *Tyrielden* i 1945, og gav ut om lag 20 diktsamlingar med *Frosne Tranebær* i 1984 som den siste. Han skreiv ei rekkje noveller og forteljingar, mange av dei publiserte i *Magasinet for alle*. Børli skreiv også tre romanar; *Han som valte skogen* (1946), *Sølv og stål. Roman fra grenseskogene* (1951) og *Under lomskriket. Roman fra Gransjøen* (1953).

4.1.2 *Sølv og stål*

Det er *Sølv og Stål* som er mest relevant for denne oppgåva. Boka skal vera bygd på ein historisk person, Børje Ralla, som rydda Børja-plassen ved Jarald i Sør-Odal. Børli hadde vore lærar der, og fekk fortalt historia av ein av Børje Rallas etterkomarar, Jørgen Thorsrud (Gjefsen, 1998, s. 124). Truls Gjefsen meiner den fyrste delen av romanen er bunde sterkast til desse historiene, medan avslutninga er meir fri dikting. Folk meinte likevel at Børli ahdde hengt ut forfedrane deira, og det var ei tid snakk om søksmål og oppreising. Jørgen Thorrud tok det med ro, og meinte at noko var sant, og resten var «godt løgi» (Gjefsen, 1998, s. 126). Boka selde i 5000 eksemplar, og det vart lagt planar for ei filmatisering (s. 127).

Sølv og Stål føregår mot slutten av 1600-talet. Børje Mattison Ralla har vakse opp i Närke i Sverige, i ein finnekoloni. Han gjer militærtjeneste og betaler skatt, snakkar svensk og føler seg svensk. Likevel ser han at han ikkje vert akseptert som svensk, og merker hat og mistillit. Året han fyller 30 år bestemmer han seg for å gjera som så mange andre unge finnar, og vandre over grensa til Noreg, der det ligg store skogar og ventar på den som vil finna seg ein plass. Han tek med seg Kerstin Jonsdotter, og dei går til dei finn ein fin plass ved Jaralden i Odal.

Den fyrste tida strir dei med å byggja ein heim, med å halda bjørnen unna og skaffa seg nok mat. Dei ryddar seg plass for å så rug, og går på jakt og lever av dei jorda tilbyd. Børje skjer til sleiver og trau av tre som han sel til bøndene nede i bygda. Dei tek han for å vera svensk, og svenskane er ikkje populære i området etter fleire år med krig og herjingar. Det gjorde ikkje saka betre at han var svensk finne – «Det var en blanding av de to værste folkeslagene på Guds grønne jord, mente de norske grensebøndene» (Børli, 1951, s. 24). Børje må fara lenger, heilt til Romerike. Der får han til gjengjeld seld alt han produserer til ein landhandlar. Med pengane han tener kjøper han ku og sauer av ein bonde som må betala gjelda si.

Ein dag held dei på å mista heile garden, ein ung og urøynd skogfinne skal svi av rugbråte. Han mistar kontrollen på elden, og Børje jagar han vekk frå området. Brannen har teke halve Jaralden. Krøtter har døydd, torp har brunne ned. Haldninga til finnar vert endå dårlegare, og den unge finnen rømmer over grensa til Sverige.

Etter ei tid vert Kerstin gravid, og Børje ordnar i stand med vogge og alt anna som trengst. Barnet vert fødd, og dei vil kalla guten Salve. Ein vandringsmann kjem forbi like etter at barnet er fødd og påstår at han er prest. Børje og Kerstin let seg overtala til å la han døypa sonen, og det går bra heilt til det kjem fram at dei ikkje er gifte. Framandkaren vert sint og vil ikkje ha noko meir med dei å gjera. Dei forstår at dei er nøyddde til å gifta seg, og Børje tek turen inn til presten for å avtala bryllaup. Presten meiner seier fyrst frå om at han meiner det er usedeleg at dei har fått eit barn utanfor ekteskap, men går med på å ekta dei. Dei giftar seg ikkje lenge etter, men opplever nok ein gong at bygdefolket kjem med spitord og hets. På veg heim frå bryllaupet råkar dei på eit taterfylgje. Taterane vil gjerne byte kniv, og medan Børje snakkar kniv byrjar ein av taterane å klå på Kerstin. Børje jagar dei, men får eit hogg i armen. Dette såret gjer at han ikkje kan jakta så mykje som han elles skulle ynskt på vinteren.

Når han endeleg vert betre i armen, og kjem seg ut på jakt møter Børje på den vakre jenta Aino og mor hennar Marja. Dei to kvinnene bur for seg sjølv, faren til Aino er daud. Dei er også finske, men har budd i Noreg i lenger tid. Børje ender opp med å overnatta hjå dei, og den nygifte mannen er utru med Aino. Han møter Aino fleire gonger, og skammen han kjenner gjer at han glid vekk frå Kerstin.

Naboen deira, Ole, har funne sølv på garden sin, og får med seg Børje på å vinna ut sølv. Dei to held seg meir og meir til å få sølv ut av fjellet, og arbeider mindre med jorda og går mindre på jakt. Og Børje er mindre med Kerstin. Han har også kutta Aino heilt ut, men ho er vorte gravid med barnet hans. Etter eit besøk i byen der Ole og Børje viser fram sølvet sitt går rykta

blant folk om det er sølv å finna. Ein dag er det tre karar som vil få Børje til å fortelja kor han har sølvet sitt. I slagsmålet ender det med at ein av dei vert drepen ved eit uhell. Børje går frivillig med på å la seg fengsla, og etter eit langt opphald i fengselet kjem saka opp. For domaren vert det klart at Børje er uskuldig. Men, Aino kjem og vitnar mot han, og det vert uråd å frikjenna Børje. Børje vil ikkje fortelja at han har gjort henne gravid, og forsvarer æra hennar og sin ved å ta i mot fengselsstraff. Aino får samvitskvalar, og ser uansett ikkje for seg korleis ho skal leva med barnet til Børje, og tek livet av seg i elva.

Børje klarer å rømme frå fengselet, og er på veg til Sverige. Han skal berre heimom til Kerstin. Der ventar soldatar, og Børje vert skoten.

Ei veldig interessant side ved romanen er måten Børli nyttar ulike språk og dialektar. Børje og Kerstin talar svensk, Aino og Marja talar lokal dialekt. Bygdefolket talar også dialekt, presten, domaren og andre embetsmenn talar dansk. Overklassefolk talar ei blanding av dansk og dialekt, og tyske og flamske personar snakkar ei blanding av norsk og tysk. Taterane talar romani. Som regel vert ikkje desse språklege skilja gjort noko nummer ut av, det er berre ei skildring av det språklege mangfaldet i området. Det vert gjort eit poeng av at bonden Ole ikkje forstår ordet 'silber' med ein gong, men elles flyt språka og språkvariantane. Derimot er det ingen som talar *finsk*. Ikkje ein gong enkeltord som 'jumala' (gud), som ofte vert nytta som markørar for finsk etnisitet i andre skogfinske skildringar.

Det er også andre ting som 'manglar', element ein ville rekna med å finna i ei skildring av skogfinnar. Det vert ikkje nemnt at det er badstu hjå nokre av finnane. Børje drep ein bjørn, men ser ikkje ut til å ta vare på bjørnen slik det vert skildra andre stader. Han bryr seg ikkje med å ta med kjøtet, han tek ikkje med seg bjørneskallen.

Likevel, *Stål og sølv* omtalar mykje av historia om den finske innvandringa til Sør-Noreg, spesielt i opninga av boka. Der går Børli gjennom dei politiske og økonomiske tilhøva som sette fart i vandringa vestover frå finnegrendene i Sverige. Etter at hertug Karl av Södermanland ynskte finnane velkomne for å rydda skog og utvida skattegrunnlaget kom det ein periode der bergverka meinte finnane brann opp skogen dei trong til gruvedrift. Og bøndene meinte finnane tok for mykje for seg av vilt, fisk og beiteområde. Motseiingane førte til at finnetorp vart brende ned og til drap og lemlesting av finnar. I 1636 kom det eit riksdagsvedtak om at statens menn kunne brenna ned finske hus og åkre om det vart sett på som skadeleg for bergverka.

Stål og Sølv føregår i Sør-Odalen, som ligg lenger sør enn dei skogfinske kjerneområda i Noreg. Skogfynnane her heldt ikkje på finsk språk like lenge som rundt sjøen Røgden, og vart raskare assimilerte.

Denne romanen er det mest eksplisitte eg har sett Børli skriva om skogfynnane. Det er også den mest populære romanen hans. Men det er ikkje som prosaforfattar Børli er mest kjend, det er dikta hans som gav han plassen i norsk litteraturhistorie. Blant dei tusen dikta hans er ein nøydd til å leita lenge for å finna nokon liknande handsaming av det skogfinske.

4.1.3 *Tyrielden*

Den fyrste diktsamlinga til Hans Børli, *Tyrielden* (1945), nyttar same meter som *Kalevala* - trokéisk tetrameter, utan enderim, men med bokstavrim. *Kalevala* er det finske nasjonaleposet, folkedikting som vart samla inn og samanstillt av Elia Lönnrot på 1800-talet (Fliflet, 1967). Nokre delar skal vera funne blant skogfynnane i Noreg og Sverige. Her er eit døme på meteret.

Kalevala:

Jo oli sanoma saatu,
viety viesti tuonnemmaksi
neien nuoren nukkumasta,
kaunihin katoamasta.
Vaka vanha Väinämöinen,
tuo tuosta pahoin pahastui (Project Runeberg, 1996)

Børli refererer jamvel til *Kalevala* i opningsdiktet i samlinga *Tyrielden* (s.5):

Tyrielden lever, flammer,
kveder ødets Kalevala.
Gnistene er gylne sanger,
som må dø i sprang mot himlen.

Ei anna *Kalevala*-referanse er namnet til Aino i *Sølv og Stål*. I *Kalevala* er Aino namnet på systera til Joukahainen, som lover henne bort til Väinämöinen for at han skal bryta trolldomen han har kasta over Joukahainen. Aino vert fortvila og set seg på ein stein som rullar ned i vatnet slik at ho druknar²², nett slik Aino i *Sølv og stål* døydde. Børli attdikta delar av *Kalevala* for NRK på femtitalet (Gjefsen, 1998, s. 131).

²² «Som ho nådde fram til steinen, sette seg ho ville kvile

I diktet *Sagn frå Tyrielden* (s. 31-32) er det eit anna eksplisitt skogfinsk tema. Diktet handlar om finnkallen Heiki som er på bjørnejakt, men krutet er rått og han vert slegen i hel av bjørnen han jaktar. Heiki kjem til Radimægs slott, som det i ei fotnote står er paradisi i samisk mytologi. Kona hans går heime og ventar på at Heiki skal koma tilbake, og i den siste strofa i diktet dukkar han som fortel segna opp:

Je hørte ho hauket så skjelvende grant
 engang je på orreleik lå –
 «Heiki – å, Heiki» -- gråt det iblandt
 «kom hematt til koja vår nå.»

To liknande hending, der krutet er rått og bjørnen går til åtak på jegeren, er også med i *Sølv og stål* (s. 36-41 og 92-93). I det fyrste tilfellet er det Børje Ralla som vert slegen ned av bjørnen, men overlever. Heiki Ikonen, derimot, vert drepen på bjørnejakt, og kona finn etter lang tid berre att «rifla og en halvgnagd hudsko». Atle Mysterud meiner dette er ei attforteljing av ei segn om ei kvinne som mista mannen i eit basketak med ein bjørn (Mysterud, 1997, s. 110).

Bjørnejakttemaet går att i skogfinsk litteratur, og kopla med referansen til Radimægs slott kan ein seia dette er eit «skogfinsk» dikt.

4.1.4 *Men støtt kom nye vårer*

I samlinga *Men støtt kom nye vårer* (1949) opnar Børli med diktet *Det har vøri lenge stilt --*. Der talar forgjengarane til dikteren – «dom kommer tel meg om natta/Je får itte fre' før dom». Dei fortel om slitet og svolten, om nyrydding og såing.

«Men håkken veit nåe om detta?
 Nei, *du* må førtelja verda om slite vårt,
 Om kjærleiken og truskapen vår.
 Det har vøri lenge stilt innpå grenseskoga»

Så lovar dikteren å syngja om dei, å reisa eit minne om dei, og dei tuslar bort med neversekkane og neverskoa sine, inn i natta. Neversko og neverkont var typisk for skogfinnane, og eg tykkjer det er mykje som talar for at Børli her snakkar om skogfinnar, kanskje dei som rydda plassen

uppå berget, var so droglut, uppå steinen, skein og glima.
 Steinen sokk så brått i vatnet, berget fór med fart til botnar;
 Der sokk gjenta òg med steinen, Aino vart bori ned med berget»
 (Fliflet, 1967, s. 45)

han vaks opp på. Wærp gjer merksam på at dette diktet kom *før* Finnskog-trilogien til Åsta Holth, Finnskog-bøkene til Dagfinn Grønøset og praktbøkene om Finnskogen (Wærp, 1997, s. 335). Eg kan jo leggja til at det også er før Børli's eigen *Sølv og stål* frå 1951. Det er derimot etter Åsta Holth's *Gamle bygdevegen* og *Porkkala-fela*, som båe er bøker som snakkar om grenseskogane.

4.1.5 Villfugl

Diktet *De tunge milene* frå samlinga *Villfugl* (1947, s. 31) er tileigna «de gamle rydningsmenn på utpostene i villmarka». Her talar han om dei mange tunge mila skogingane måtte gå, med neversekk og stakaslae (stakeslede). Det var ikkje berre skogfinnar som var rydningsmenn, sjølv sagt, så dette er ikkje naudsynleg ein referanse til dei.

4.1.6 Likevel må du leve

I diktsamlinga *Likevel må du leve* (1952) står diktet *Vi eier skogene* (s. 85). Det handlar om tilhøvet mellom skogen og dei som bur der, og motseiinga til dei som har papir på at dei *eig* skogen.

Fremmede menn eier trærne,
og jorda,
 steinrøys-jorda
som mine fedre ryddet
i lyset fra månens løkt.

Dette temaet går att hjå Haakon Garaasen og Åsta Holth, om korleis skogen vart kjøpt opp av engelskmenn, eller Anker, eller som i dette diktet, Borregaard. Denne historia tek Børli opp att i *Stien innover Fjellskogen* frå samlinga *Ved bålet* (1962), s. 37-40.

Her gikk, de folk av mitt folk.
Det eneste minnet om dem
Er denne krøklete stien som
de sleit inn i landet
[...]
En neverhatt kvitner på en kjepp
Attmed ei pulrende kallvass-ile
En neverhatt
Som arbeidsstøle fingrer brettet sammen
En dag da våren lo på stien.

Vi får høyra om korleis folka av diktarens folk fortel om arbeidet med å rydda plassen, rulla vekk steinar – «fra åkren som aldri ble vår.»

Forbannet! Så mange steiner ...

jeg snåver i veg lik en blind.

Et tusenårs trellehat isner

Som barfrost djupt i mitt sinn.

Denne kjensla av samhörersle med dei som sleit før han går att hjå Børli, men kan vel like mykje vera klassemedvit som etnisk eller regional identitet.

4.1.7 Tusseleiken

Børli fekk prenta ei rekkje forteljingar og noveller i *Magasinet for alle*²³. I *Tusseleiken – Fortellinger og skisser* (1987) er det samla fleire av desse, og nokre stykke frå ulike jolehefte, attåt nokre uprenta forteljingar. Børli skriv om denne boka at det «historier bygd over ting jeg hørte bestefar fortelje ved svartomnen» (Børli, 1988, s. 20).

Ei av desse forteljingane er *Jehuri og Jakop – En beretning om kjærlighet og hat inne på Finnskogen i gamle tider* (ss. 31-39). Den sto opphavleg på trykk i *Magasinet for alle* nr 51 i 1955. Forteljinga opnar slik «Jehuri og Jakop var brør. Sønner av en svensk-finne som svalt seg gjennom livet på et steinrøystorp ved Bograngen inni Värmland». Dei to brørne vert foreldreause etter at foreldra dør i ein epidemi, og bur i lag på torpet. Jakop steller jorda, Jehuri går på jakt og finn seg arbeid rundt om. Ein dag kjem Jehuri heim og seier dei to må dra til Noreg, ettersom han har drepe ein mann. Dei vandrar til dei kjem til Odalen, og der slår dei seg til. Det viser seg at det alt er eit finnetorp i nærleiken, Jehuri «skjønte straks at garden var finsk, for husa var bygd i solleia øst-vest, og det sto både rye og badstue fram på vollen. Slikt var sjeldan å se på buplassene hos svenske og bagge». Garden heitte Juhala, og husbonden Akki Juhainen, som sjølv hadde flytta dit frå Malungstraktene, «så var de som skyldfolk å rekne» (s. 32). Juhainen hadde ei dotter, Waimo. Jehuri vert forelska i jenta, og byrjar å vanka på Jehuri støtt og stadig, medan Jakop arbeider med jorda. Jehuri prøver å nærma seg Waimo, men ho avviser han. Waimo har eit auge til Jakop, og når Jehuri oppdagar det vert brørne uvener, og snakkar knapt saman. Når Jehuri skyt ein elg nektar han å dela kjøtet med bror sin, til dømes. Jakop og Waimo har møttest i skjul, men dei veit ikkje heilt korleis dei skal få funne saman.

²³ Dette tidsskriftet knytt til arbeidarrørsla heitte opphavleg *Arbeidermagasinet*, og kom ut frå november 1927 til desember 1970. Nils Johan Rud var den drivande krafta i bladet frå 1932 til nedlegginga. Det skifta namn til *Magasinet for alle* under krigen, og til berre *Magasinet* 1945-53. Så vart det *Magasinet for alle* fram til 1970. (Iversen, 1980) og (Store norske leksikon, 2018).

Etter ein hard vinter skal Jakop svi bråten, og bed med seg Jehuri, som deltek motviljug. Medan dei brenn, kjem Akki og Waimo til rugfallet for å sjå kva som hender, og då ser Jehuri snittet til å stikka ned bror sin. Jakop er raskare, og køyrer kniven i hjarta på Jehuri. Novella sluttar med at Waimo omfamnar Jakop, og slår fast at no kan dei vera i lag. Denne forteljinga inneheld ein nokså detaljert skildring av svedjebruk.

4.1.8 Stadnamn

Henning Howlid Wærp meiner at Børli er blant dei fremste stadnamnbrukarane i nyare norsk poesi (Wærp, 1997, s. 319). Han har lista opp alle dei lokale namna Børli har nytta, og han fann 99 ulike stadnamn. Med tanke på at stadnamna nok er den mest levande skogfinske kulturarven er det interessant i seg sjølv. Dei fleste namna Børli har nytta er ikkje frå finsk, då.

4.1.9 Skogingar

Wærp viser til eit sitat Ola Jonsmoen henta i eit brev der Hans Børli skreiv om motseiinga mellom bygdefolk og «skogingar»: «Folk nede i tettbygda kalte oss der inne på steinrøysplassene for «skoginger». Og viss du hadde vokst opp i skogstrøkene her nede i lavlandsbygdene, så ville du visst hva dette ordet, skoging, innebærer av diskriminering og mindremannskjensle. Vi ble faktisk sett på som en pariakaste av de velfødde åkerbøndene nede i bygda.» (Wærp, 1997, s. 268).

Wærp peikte også på eit anna sitat frå sjølvbiografien til Børli, *Med øks og lyre*: «Men vær sikker, viss en eller annen morosam-gut serverer ei historie i lystig lag nede i bygda, så er det alltid en gubbe eller kjerring «innante skogen» som får spille klovnerollen i historia. Skogingen har i alle år stått som en molbo og en heimføding i det alminnelige omdømme» (Børli, 1988, s. 159). Denne motsetnaden mellom bygdefolk og skogingar går att hjå mange finnskogsforfattarar, men det er interessant å sjå korleis den er etnisk markert. I dag skriv Levi Henriksen og Adelheid Seyfarth om «skogingar», som eg kjem attende til, men dei etnisk markerte orda finnskoging, skogfinne, rogfinne, svedjefinne og liknande er mindre i bruk. Skoging tek opp i seg det sereige skogfinske utan å vera berre finsk, det å vera finnskoging utan å vera berre på Finnskogen. Alle som bur «innante skogen» kan vera skogingar. Det er såleis ein meir inkluderande og ekspansiv nemning, medan det skogfinske kanskje i endå større grad vert reint blodsrelatert og DNA-styrt. Ein kan seia at ein har splitta det skogfinske i kultur og natur, der skogskulturen er knytt til geografien, medan det etniske opphavet vert knytt berre til det finske, og ikkje treng vera kopla til kulturelle uttrykk på noko vis.

4.1.10 Finnskogforfattar

I boka *Diktets natur*, bygd på doktoravhandlinga hans, drøftar Wærp spørsmålet *Hans Børli – en finnskogforfatter?* (Wærp, 1997, ss. 331-344). Han poengterer at det ikkje er urimeleg å kalla han ein Finnskog-forfattar, men at det er viktig å peika på at han ikkje er *lokal*forfattar. Han trekk særleg fram finnskogtrekket *stien* som dikterisk motiv. Dette er også blant dei viktigaste trekka Eva-Marie Syversen nemner i si doktoravhandling,

I eit intervju med Dagfinn Grønset i *Finnskogens folk* vert Børli spurt om det har hatt ein påverknad for diktinga at han bur i draget frå Finnskogane. Børli svarte slik: «Ja, for så vidt som det er finnskoger vi i grunn har rundt oss her og hvor jeg har levd livet mitt. Plassene på Fjellskogen, området jeg kommer fra, har finner ryddet. Finneinnvandringene kom jo innover alle skogene her, like inn mot Tyrifjorden og Ringerike. Landskapet har samme toner, et lyrisk landskap, og det er dette landskapet jeg har sleti i – her er vatn, skog og store linjer.» (Grønset, 1985, ss. 216-217).

4.2 Martin Vestlien

Martin Vestlien (1907-1985) kom frå Tyskeberget på Åsnes Finnskog, og bygde hus på Solbakken nokre hundre meter derifrå i 1951. Han var skogsarbeidar, og debuterte med diktsamlinga *Vers fra Finnskogen* (Vestlien, 1941). Det kom ei diktsamling til, *Skogens barn* (1946), og eit utval av dei to bøkene og nokre upubliserte dikt, *Der skogene suser* (1973). Han ga også ut ei religionskritisk bok i 1949, *Forbannelsen*, på eige forlag. Han sat i kommunestyret i Åsnes for NKP ein periode etter krigen (Eriksen, 1996, s. 43)

Åsta Holth fortel om då ho fekk *Vers frå Finnskogen* i jolegåve: «Eg hadde aldri hørt namnet før. Men det var ei bok med granbar og kvae i, det var eit pust heimefrå. Det var muntre og vemodige og beiske vers» (Holth, 1979, s. 106). Ho inviterte seg heim til han, og det var der ho møtte mannen sin, Per Vestlien.

Martin Vestlien hadde aldri lese ei diktsamling før han sjølv ga ut ei, berre nokre vers hist og her. «Mange trudd jeg hadde lesi Fröding, for jeg lignet på ham» (Eriksen, 1997, s. 43). I ein biografi om Rolf Jacobsen står det at Martin Vestlien kom innom kontoret hans ein dag og spurte etter han. Dei to gjekk og såg på kladdeboka med dikt Vestlien hadde med seg, og då Vestlien gjekk ropte Jacobsen til nokre unggutar som arbeidde i avisa at dei skulle skriva inn dikta hans på maskin. «Her lukter det skogskar og kvae og bark! Her er en ny dikter fra Skogene!» (Røsbak, 1998, s. 179). Hans Børli meinte at ingen skreiv betre dikt frå det gamle skogsarbeidarmiljøet enn Martin Vestlien (Stensrud A. , 1988, s. 73).

Avisa Glåmdalen fekk den strålende ideen å senda Martin Vestlien og Hans Børli saman til Las Palmas, som i «Der skulle vi ha vøri, Kal». Martin Vestlien hadde vore ein gong i Oslo før reisa, og elles ikkje lenger enn til Flisa. Det vart ein ganske mislukka tur, dei to skogskarane heldt seg mest på hotellet, og Vestlien oppsummerte at drømmen om Syden var betre enn oppfyllelsen. «Det var mer svensker enn folk. Kunne like gjerne reist en tur over grensen», sa Børli (Gjefsen, 1998, ss. 225-6).

Vestlien er tydeleg finnskogsforfattar, som namnet på den fyrste diktsamlinga, *Vers fra Finnskogen* viser. Tyskeberget er eit gammalt finnetorp, og diktet *Tyskebergshetta* knyter han dit. Diktet *Badstu*, som eg har nemnt tidlegare, handlar om tapet av den tradisjonelle badstukulturen. I diktet *Finnskogens folk* (Vestlien, 1973) fortel han historia om innvandringa til Finnskogen:

Med utlengt som drog og med hemvé som batt
tok de avskjed med barndommens strand
og rusla og gikk over skoger og kratt
mot drømmens forjettede land.

[...]

De stoppet en dag i ei drømmende li
som smilte i kveldssolas skjær –

De visste det begge, der ville de bli.

Der følte de helandet nær

4.3. Åsta Holth

Den viktigaste forteljaren om det skogfinske i Norsk skjønnlitteratur er Åsta Holth. Med dei to trilogiane om fars- og morsslekta skreiv ho saga til skogfinnane frå innvandringa til byrjinga av 1900-talet. Ho gjorde myter, ord og personar frå Finnskogen kjende attåt dette var ho aktivistisk, ho fekk i stand lag og organisasjonar, tok initiativ til å skapa ein Finnskog-drakt, til kulturmønstringar og så bortetter. Ho er både blant dei viktigaste forfattarane frå ein nasjonal minoritet, og av dei viktigaste nynorskforfattarane.

Åsta Holth vart fødd 13. februar 1904 på Klondyke i Svullrya, Grue Finnskog. Far til Åsta, Aksel Holth, hadde vore i Amerika før han vende att og bygde huset. «Eg skal grava gull i grusen» svarte han når folk spurte om namnet (Holth, 1979, s. 15). Seinare flytte dei til Sør-

Revholt, der Holth-namnet kjem frå. H-en er det faren som sett til namnet, det var trendriktig på den tida (Holth, 1979, s. 44). Raiski-Morten hadde bygt ulovleg der på 1700-talet, og det var framleis restar etter røykdommen hans der (Holth, 1979, s. 16). Åsta byrja tidleg å lesa, og las det ho kom over. Då ho starta skulen som sjuåring hadde ho lese verdshistoria, og bøker som *Norges binæringer* og *Sand kjærlighed mellem mand og kvinde* (Holth, 1979, s. 19). Det som «tok ho mest» var diktet *Syng mig hjem* av Bjørnstjerne Bjørnson som, som sto på trykk då han døde, og ho var seks år gamal (Holth, 1979, s. 32).

Åsta Holth skriv i stykket *Den gongen* (1974), frå ei tekstsamling der forfattarar skriv om barndomen, om den einaste fristunda om dagen, skumringstimen, eller slanketimen²⁴. Eit namn Holth ikkje har funne meining i. Frå tidleg haust til sein vår sette ein seg rundt omnen på kvelden. Det var strikking, fløytespeling, segn og soge. Noko var om skrømt og underlege hendingar, men det meste var ættesoge om Pål-ane som kom frå Finland og slo seg ned der for tre hundre år sidan. Den eldste heitte alltid Pål. Andre sonen skulle ha namn etter faren. Åsta gjev att ein skogfinsk song ho hugsar frå desse samlingsstundane:

Jos minä olin korean poikka
ei reissuvainen rauka!
Hei illalan minä laulan
- että reissuvainen rauka!

Denne teksten gjev ikkje lenger meining på finsk, sjølv om det *er* finsk for dei som song den. Åsta Holth nemner også konkrete personar ho hugsar dei høyrde om, Akka-Karlo (kjerring-Karl), Mat-Arne, Attenåringen og Habikki-Pekka (Holth, 1974, s. 100).

Læraren hennar var frå Sogn, og målmann og venstremann som faren, bae heldt nynorskavisa *Den 17de Mai*, og faren var glad over å ha fått ein ven som snakka om noko anna enn jakt (Holth, 1979, s. 23). Faren tok seg også råd til å tinga barneblad, fyrst *Børnetidende*, men så *Norsk barneblad* då det byrja koma (Holth, 1979, s. 37). Den fyrste forteljinga Åsta Holth fekk på trykk var i *Norsk barneblad*, *Raiski-Morten* 22. september 1918 (Sørli, 1977, s. 9).

Åsta Holth vart konfirmert i Revholt kapell 13. oktober 1918 (Sørli, 1977, s. 6). Måndagen etter byrja ho på huspost i Grue, i hovudsoknet. Det var ikkje mange mil frå heimstaden, og ho var framleis innanfor kommunegrensa, men «her fekk eg kjenne hoss det er å vera minoritet i eit

²⁴ Hans Børli kalte dette «skreddertimen». *Tusseleiken* er bygd på forteljingar han fekk høyra bestefaren fortelja ved svartomnen (Børli, 1988, s. 20). «Skreddertime» er langt meir utbreidd enn «slanketime», og både P. Chr. Asbjørnsen og Arne Garborg har nytta ordet (Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, 2017).

framandt land. Det hadde eg ikkje skjenkt ein tanke før. Vi var norske nok, trudde vi, vi feira søttande mai og song *Ja, vi elsker* av fullt hjarte. Men Grue var *Bygda* og Grue Finnskog var *Skogen*, og bygdefolket og skogsfolket hadde aldri likt kvarandre. Vi sa «bagger» om dei med same forakt som dei sa «finner» om oss. Vi tykte dei var hovne, overlegne. Vi var tyste og blyge og misunte dei at dei var så frie og sjølsikre. To hundre års undertrykking og utbytting hadde gjort skogfolket slik. Men alt dette hørte fortida til – som vi trudde hørte fortida til – hadde nok sett merke etter seg både hos Finnskogingar og norskætta. Eg veit ikkje om eg kan kalle det rasehat. Det var vel den evige motsetnaden millom den vesle og den store, millom den rike og den fattige. [...] Eg «finska» – det hadde eg ikkje visst før. Den fine finske melodien i dialekten vår var til å le av og herme. Og så sa vi *mama* og *papa*, vaksne folk skulle seia far og mor! [...] Dette var berre småting, men mangfoldige slike småting fekk femtenåringen til å kjenne seg som eit kryp. Ikkje berre eg, heile Finnskogen måtte vera ein grå flekk, eit folk av mindreverdige» (Holth, 1974, ss. 109-110).

4.3.1 Utdanning og arbeid

Utdanninga hennar var fyrst eit år på den nyopna Vea hagebrukskule hausten 1923 (Sørli, 1977, s. 7), og så byrja ho som gartner i Oslo på sumaren, og på huspost på vinteren (Holth, 1979, s. 60). Seinare gjekk ho og lærte handveving på Kunst- og handverksskulen i Ullevålsvegen (Holth, 1979, s. 64). Ho byrja og skriva amatørskodespel, og fekk dei gjeve ut på Noregs Boklag. Etter *I Luråsen* og *Gurijenta* ville ho skriva ein roman. Den var på riksmål, og gjekk rundene på forlaga, men vart ikkje teken av dei (Holth, 1979, s. 67). Ho slutta på Kunst- og handverksskulen etter at faren døydde i januar 1930, og sumaren året etter reiser Åsta på den nystifta Nordiske folkehøgskulen i Geneve. Ho fekk støtte frå LO til å reisa, sjølv om ho ikkje var medlem i nokon fagforeining. Dette var eit tiltak knytt til dei sosialdemokratiske partia og fagrørslene, og Åsta Holth møtte folk som Alva og Gunnar Myrdal (og sonen deira Jan, den komande forfattaren, på fem) (Holth, 1979, s. 72-73). Tilbake i Noreg flytte ho heim for å hjelpa mor si nokre år, før ho vendte tilbake til Oslo for å arbeida på systove. Ho byrja å skriva for *Arbeidermagasinet*, og andre vekeblad. Ho skreiv for pengane, og måtte levera ei forteljing kvar veke. Romanen vart liggjande, og det som skulle vera hovudoppgåva vart ei attåtning. Ho vart med i fagforeininga for vekebladsforfattarar Illustrert Presses Forfattere, Feriekolonien for Arbeidsløses Barn og Sovjetunionens venner. Åsta hadde rekna seg som kommunist frå 1917, men aldri meldt seg inn i partiet. Ho vart med i arbeidet til Otto Luihn (som hadde vore med og starta *Arbeidermagasinet*) med eit nytt blad, *Arbeider-Revy* (Holth, 1979, s. 94). *Arbeider-Revy* kom med sitt fyrste nummer i 1933, og hadde i undertittelen «Organ for norske arbeiderforfattere (Foreningen til fremme av revolusjonær litteratur)». Det var tilslutta

Internasjonale revolusjonære forfattarar, IVRS. IVRS hadde sete i Moskva (Rognerød, 1978, s. 20). Åsta Holth har sagt at dei stifta *Arbeider-Revy* fordi *Arbeidermagasinet* ikkje var kommunistisk (Tønnesson, 1976, ss. 117-118). Etter ei kjærleikshistorie med ein gift mann, og eit opphald på sjukehus etter overarbeid og underernæring, flyttar til austkanten i Oslo medan ho byrjar å byggja hus heime i Revholt (Holth, 1979, s. 99-104). I 1940 får ho jobb i NTB's Novelleformidling, eit nytt tiltak frå Otto Luehn, der ho får 500 kroner i månaden. Jula 1940 får ho den fyrste diktsamlinga til Finnskog-diktaren Martin Vestlien, *Vers frå Finnskogen*. Ho skriv brev til han og inviterer seg sjølv. Der møtte ho «skjebnen» sin, broren til Martin, Per Vestlien. Novelleformidlinga vart nedlagt, og Åsta vert tilsett for ei symbolsk løn på småbruket Vestlia (Holth, 1979, s. 106-108). Ho fekk gjeve ut ei samling med Finnskog-forteljingar på Rosén forlag, *Gamle bygdevegen*. Boka kom ut i 2000 eksemplar, og selde ut med ein gong²⁵. Holth visste ikkje at det var kulturstreik, ho hadde ikkje tilgang på særleg med illegale aviser. Ho byrja å skriva dikt etter *Gamle bygdevegen* kom ut (Holth, 1979, s. 111-112). I ein kort artikkel for det feministiske tidsskriftet *Sirene*²⁶ skriv Åsta Holth at ho vart oppmoda om å gje ut *Gamle bygdevegen* under krigen fordi når freden kom ville alle som kom heim frå Sverige og England skriva om det dei hadde opplevd, og då måtte ho ha gode ålboger for å hevda seg (Holth, 1976).

Ein roman ho prøvde å få gjeve ut gjekk framleis runden på forlaga, men ho fekk napp på ei diktsamling på Aschehoug, *Porkkalafela* (Holth, 1979, s. 113). Etter krigen vart ho lærar på to udelte skular, og seinare på storskulen i Svullrya. Ungdomsskulelevane vart for krevjande, og ho byrja som handarbeidslærar i staden for. I 1947 vart huset hennar ferdig (Holth, 1979, s. 121-126).

Den store Finnskog-romanen fekk ho endeleg snøring på. Ved å granska slekta si losna det. «Der kom den eine etter den andre av farne frender og bad om å komma til orde. Pål den fyste som rydde Tysketorpet. Pål den andre på Askosberget, alle med koner og bån, alle med ulike problem. På morsida kom det ein klokkar, bak han ein prest, bakerst gullsmeden i gamle Oslo. På morsida åt klokka ei uendelegheit av prestar. Du og du – eg kunne velta meg i motiv.» (Holth, 1979, s. 130). Likevel tok det lang tid å få ut boka. Åsta Holth hadde skriva på bokmålsrettskrivinga frå 1938, men ho tykte ikkje det bar eit heilstøypt språk. Ho såg ikkje for seg å gå attende til 1917-normalen, og valde i staden for å gå over til nynorsk. Ho skreiv så nært

²⁵ I *Sirene* skreiv Åsta Holth at boka vart slukt og selde i eit opplag på 6000 eksemplar (Holth, 1976).

²⁶ Stein Tønnesson spør i *Røde skoger* om Åsta Holth les *Sirene*, og ho svarer «Ja, den kjøper jeg så fort jeg kommer over den. Somme tider synes jeg nok den overdriver litegrann, som da de begynte å skriva om kjønnslivet til idrettsmennene. Det var å gå over streken.» (Tønnesson, 1976).

opp til eigen dialekt som råd. *Kornet og freden* kom ut på Gyldendal i 1955 (Holth, 1979, s. 130).

Åsta Holth var omvisar på Finnetunet, som Olaf Lindtorp tok initiativet til i førtiåra (Holth, 1979, s. 140). Ho var misnøgd med framstillinga av Finnskogen i aviser. Hennar kåseri om Finnskogen og finneinnvandringa handla om den «stille, våpenause kampen finnane hadde ført mot pengemakt og utsugarar, attåt den kampen dei hadde mot frost og stein og rovdyr. Ennå møter ein rett som det er folk som ikkje veit meir om Finnskogen enn at der er så mye overtru og heimebrenning. Og journalistane kjem og vil veta om denne overtrua, og skriv morosame artiklar om heimebrenning og vilt liv på ungdomshuset. For dei leitar og dei finn. Gubbane flirer og fortel om heimebrenning, om det er best – grava satsen ned i kumøkk eller mestemøkk og slikt. Og visst er det hulder! *Huldra* har da annankvar gubbe sett. Og å ta bort vorter eller stemme blod, det er da inga sak. Joda, bestefar *hans* hadde svartboka, og bestemor *hennes* visste hoss en skulle få ostmjølka til å løype, og hoss ein skulle få kuene til å komma heim frå skogen. Det bladmennene- og kvinnene ikkje ser, er fantefliren i auga åt objektet» (Holth, 1979, s. 141).

Åsta Holth tok opptaket til å laga ein eigen Finnskog-bunad. Ho leitte fram skriftlege kjelder, og reiste rundt og fann gamle klede og gammalt stoff, i Sverige og i Noreg. Ho tok også utgangspunkt i bunaden i Tavastland i Finland (Holth, 1979, s. 143).

4.3.2 Jann-Båra

Eg vel å sjå heilt bort frå skodespela Åsta Holth skreiv på trettitalet i denne oppgåva. Dei er interessante nok, men dei er ikkje relevante med tanke på skogfinsk innhald etter det eg har lese. Eg har heller ikkje sett på alle novellene ho fekk på prent i ymse blad og aviser, med unntak av novellesamlinga *Nådens år* (1982) og *Jann-Båra* (1943). *Jann-Båra* kom fyrste gong på trykk i *Arbeidermagasinet* 4/1939, men eg har lese novella i *16 mann forteller*, ein antologi med noveller som kom på Arthur Rosén forlag i 1943. Randi Brenden refererer til novella i doktoravhandlinga si, og i artikkelen *Frå Kerttu Mullikka til spåkvinna Volva* (2003). *Jann-Båra* føregår i Kettu-Harju²⁷ ein gong før 1870, ettersom det ikkje er kome veg til Grue. Truleg 1700-talet ein gong, ettersom dei framleis brenn bråte. Jann-Båra, eller jann-Ingeborg, lagar pølser i lag med mora av dyra dei har slakta før vinteren. Faren døydde midt under slaktinga, og no må han berre liggja på låven til dei har fått gjort klar vintermaten. Blant finnane var det vanlege at eldstedottera tok over garden, og faren hadde sett ho inn i alt arbeidet. Dei eldre brørne hennar hadde drege bort og rydda nye torp. Yngstebror hennar, Anti, har lyst til å ta over

²⁷ I dag Gettoharjo, revåsen på norsk, i Brandval.

garden, men om ikkje Båra vert gift er det ho som får han. Og Båra er ikkje ven, og folk trur ho skal verta like hard som mora, Gunne. Ein dag melder Anti at han har funne ei kone, og Gunne svarer han «Få deg gard før du får deg kjerring!» (s. 143). Det vert ein krangel, og Båra seier at ho kan ta over tjæremila og jernblåsteren, så kan Anti få garden. For å verkeleg understreka det seier ho «Je har vøri med pappa og blesi jann hundre gonger. Je har vøri med og brent tjyru. Og je er like sterk som du, Anti. Trur du itte je skal greie meg? Je er før stygg til å vera kvinnfolk likevel. Så je kan like godt vera mann» (s. 144). Båra får hjelp med bygging og bråtebrenning av Yrjö Luka, ein ung mann som er den einaste som har «klemt» Båra nån gong. Men han fortel at han har møtt ei norsk jente han ikkje kan gløyma. Båra slit vidare åleine, og det går treigare med arbeidet utan ein mann til hjelp. Ho fekk tilnamnet Jann-Båra fordi ho driv med jarn, og fordi ho var hard som jarn. «Ho var meir kar enn kvinnfolk, sa folk. Somme lo rått og sa ho var *båe slaga*. Gjentene i bygda var halvt redd henne – det var no nifst og skamfullt å vera «båe slaga». Men Båra brydde seg ikkje om folk» (s. 145). Båra held fram med å gjera alt mogleg mannfolkarbeid, sjølv om blodsmaken står i kjeften, og ho slit seg ut. Yrjö kjem innom ein dag og kan fortelja at det ikkje vart noko av giftarmålet med de norske jenta. Ho hadde håna han og sagt «Trur du je vil ha ein muttifinne?». Yrjö vert hjå Båra og hjelper til med ulikt arbeid. Ein dag han er i Kettuharju, og Båra er heime og uroleg over ein smerte i brystet, kjem det ei ung jente og set seg på dørhella. Det er jenta Yrjö hadde fridd til, Agnete Elvmoa. Ho skulle vitja Yrjö i Kettuharju, men hadde gått seg bort. Agnete angrar på at ho sa nei, ho hadde venta at han skulle spørja igjen, slik dei andre gjer. Agnete får leggja seg i senga til Båra, og ho skal berre ein tur i fjøset. Ho får nye smerter i brystet, og då ho skal inn att i stova får ho ikkje døra skikkeleg igjen. Båra bruker dei siste kreftene på å halda igjen døra. Neste morgon finn Yrjö henne ståande frosen med hovudet mot døra, og forstår at Agnete ville døydd om ikkje Båra hadde stått.

Randi Brenden kommenterer at ulukka til Båra er at ho er maskulin og sterk i staden for feminin og svak, og at dette er eit krav til kvinner som går att hjå Åsta Holth. Ho peiker også på at det er talande at det er hjarta som sviktar Båra, ho var ikkje så sterk som ho tenkte. (Brenden, 2003, s. 78). Eg er samd i dette, det er vanskeleg å lesa novella som noko anna enn som ei åtvaring mot å ta ein kjønnsrolle ein ikkje er skapt til. Yrjö vel Agnete, som er så «spinkel og vakker». Båra har «ein praktfull kropp, men det viste ho ikkje. Ho visste berre at ho hadde breidt og kantet ansikt [...] og at hendene var digre og ru og svarte. Noko eg tykkjer er veldig interessant med denne teksten er dette om at Båra er av «båe slaga». «Slag» var meir vanleg å nytta om sexus enn «kyn» (kjønn) om vi skal tru *Norsk Ordbog* av Ivar Aasen (Aasen, 1873). Eg trur

ikkje eg har sett Åsta Holth skriva om kjønnsidentitet på denne måten nokon annan stad. I eit queer-perspektiv kan det vera mykje å sjå på i denne novella. Setninga «Ho fekk dregi henne inn i stugua, fekk av henne klæa og pakka henne ned i senga.» endrar lit ut frå korleis vi les Båra. Eg skal ikkje leggja meir i dette enn det, men eg tykte det var veldig interessant å sjå Åsta Holth i det heile teke skriva om at nokon kunne vera av «båe slaga».

4.3.3 Gamle bygdevegen

Gamle bygdevegen – Finnskog-fortellinger kom ut i 1944 – også den på Rosén forlag, og er ei samling med 12 stutte forteljingar. I desse forteljingane, eller novellene, etablerer Holth nokre motiv som kjem til å koma att gjennom forfattarskapen. Det mest openberre er sjølvsgt Finnskogen sjølv, men eg vil nemna opp nokre til, her berre frå fyrste side (s. 7) i den fyrste forteljinga, som også heiter *Gamle bygdevegen*:

- Vegen smyg seg som ein orm
- Hundre på hundre år av menneskeleg aktivitet har skapt vegen
- Bygdevegen, den einaste tynne knutete tråden som batt skogen til bygda
- Brursteinen, ein kvilstein der sju brurer rasta ein gong
- Finnskogingane må mange mil til Grue kyrkje
- Stemming av bjønn
- Finske namn (Skasberget -> Kassimäki)
- Jarnmyrer og jarnutvinning
- Bruk av stadnamn

Det er eigentleg oppsiktsvekkjande kor mykje av heile forteljinga om skogfinnane som vert romma berre i ei utgreiing av desse motiva. Den gamle bygdevegen var eigentleg mest ein sti. Då Eilert Sundt reid på den i 1848 omtalte han vegen slik «Da eg tog afsked frå den sidste sæter, var det med en følelse, som om eg skulde begive mig ind i et fremmed land. De regnsvangre skyer lå tungt over de mørke åse; der var dystert rundt omkring, og ingen vei, men kun sporene af skovfinnernes fødder, som havde avslidt lyngen over stenuren, og hist og her nogle stokke, lagte som bro over en strid skovbæk eller en altfor blød myr, vidnede om civilisationen i finnernes rige.» (Sundt, 1974 [1852], s. 142).

Denne vegmangelen tek Holth opp att fleire gonger. I *Kornet og freden* vert jola på skogen kontrastert med norskbygda, der finnane held seg inne på garden, medan dei norske «kjørde jula ut med lange tog av hestar og sleder» (Holth, 1955, s. 233). I *Steinen blømer* skriv ho om korleis finnane på Askosberg strevar seg fram vegen, seint i mars, når ingen har gått vegen

sidan hausten året før og snøen ligg djupt (Holth, 1963, s. 34). Grunnen til at dei er ute og går i mars, då det ikkje er skiføre eller mogleg å bruke hest, er at dei er kalla til tings på Grue. «Om han var vårherre, så skulle fut og skrivar og lensmann få gjera denne vegen kvar vår i all evighet til straff for syndene sine. I *Kapellet* kjem faktisk kommunestyret ut til skogen for å drøfta bygging av ei kyrkje, det vert vedteke ei løyving til kyrkjebygg, og ordføraren og dei andre gjer seg klare for å ta vegen til Grue. Då kjem det frå Per Kallnes: «Det neste får bli ein skikkelege veg hit til skogen!» «Men då truga ordføraren til han med knytneven, og alle lo» (Holth, 1967, s. 103). Seinare vert det vegbygging, jamvel i Per Kallnes' levetid (s. 161). Og i *Gamle bygdevegen* skriv Åsta Holth at den nye bygdevegen kom i 1870 «og gjorde finnene til nordmenn» (s. 11).

Brursteinen er eit døme på lokale merkesteinar. Dagfinn Grønset nemnder denne steinen i ei oppramsing i *Finnskogens folk*: «Vi dro [...] på jakt etter steinharde minner innpå Finnskogene. [...] Det gikk ikkje lenge før prat og prek dreide seg om navngitte merkesteiner ved veg og sti, i berg og utmark – jutulstein og brurstein, pukstein og prekestol, ruggestein og hengestein, alt saman små, viktige avsnitt i bygdehistorien (Grønset, 1985, s. 92).

Åsta Holth har som nemnt vore kritisk til kor opptekne journalistar utanfrå er av historier om overtru, og skreiv at dei ikkje såg «fantefliren» hjå dei som fortalte. I forteljinga *Gamle bygdevegen* gjev ho døme på kor motseiingsfylt det er med slike historier. Ho fortel to segn om stemming av bjørn. Det eine er om Pål Kassimäki (Skasberget), som «kunne stemme bjønn». Ein dag han stelte skigarden kom det ein mann han ikkje var nokon god venn av. Mannen kom med nokre spitord, og Pål tidde ei stund. Så sa Pål «har du sett bjønn nån gong?» Mannen hadde ikkje det. «Skulle du ha hug til å sjå'n?» Det kunne kanskje ver artig, svarte mannen. «Sjå bak deg», sa Pål då. Der stod ein diger bjørn og såg på han, og Pål hørde aldri noko meir frå han (s. 7-8). Denne historia er meir ei historie om å vera snartenkt og utspekulert. Holth fortel ho på nytt, og utvida, i *Steinen blømer*. Finnane på Askosberget og andre er utkommandert av «fullmakta» frå Det Ankerske Fideikommiss til å hogga tømmer. Fullmakta driv menn og hestar hardt, og Ola vil gje han ein ikkjevaldeleg lærepenge. Han spør om nokon kan stemma bjørn, og Pål Skasberget svarer at ja, det kan han, men det er hardt. Dei andre finnane har forstått planen, og oppmodar han om å gjera det, men han berre gjentek at det er hardt. Fullmakta fer igjen, og kjem att neste vår. Då helsar dei høvisk, men seier at han ikkje skulle ha slegi hesten til Tyyskiäinen året før. Etter nokre dagar lurar Pål Skasberget fullmakta bort eit stykke frå hogstplassen, og spør «Har du sett bjønn noen gong?». Og då fullmakta seier han vil sjå det, og snur seg, så står det ein bjørn på to bein og ser på dei to karane. Pål slår i ein tre med øksa og

seier «Du kan gå nå, gamlefar! Til eg kaller på deg att!». Holth skriv dinest at «Pål hadde nok sett at det var ein grasbjønn [...] Pål skulle visst at gjetordet om at han kunne stemme bjønn går den daga i dag , hundre og femti år etter (Holth, 1963, ss. 193-195).

Den andre historia frå novella *Gamle bygdevegen* er langt meir blodig og overnaturlig, men også veldig morosam. Ein annan stad langs bygdevegen slo Oinoinen i hel sju av hestane til Moilainen. Då Moilainen lurte på kvifor og korleis han drap hestane, svarer Oinoinen ved å forvandla seg til ein bjørn. Men det gjekk litt etter litt, og då Oinoinen var halvt bjørn og halvt menneske skaut Moilainen han. Då fekk han halv bot for manndrap på fire dalar, og halv skottpeng for bjønn på fire dalar, så det bar seg (s. 8). Olaf Lindtorp har den same segna med i *Finnskogens folk*, men då med Moilainen og *Orainen* (1940, s. 15). Eg tippar Åsta Holth har denne segna frå munnleg tradisjon, og ikkje frå boka til Lindtorp. I alle høve så er det eldgamle mytar om menneske som kan omvandla seg til dyr.

Det at Holth bygdevegen «smyg seg som ein orm» peiker også til det mytologiske og trolling. Ormen er eit godt merke, skriv Olaf Lindtorp. Å eta ormesuppe gjev styrke og helse (Lindtorp, 1942, ss. 60-62). Og vi har alt sett historiene om ormar hjå Fønhus.

Åsta Holth opnar også *Gamle bygdevegen* med ei forklaring om finske og norske stadnamn. Ho nemner at Skasberget er Kassimäki hjå finnane (s. 7). Mäki er berg på finsk, og ein uttalar ikkje to konsonantar fremst i ordet, så Skas- vert Kassi-. Nett det same poenget tek ho opp att i *Kornet og freden*, «Da Rusanen, Kaupinen og kva dei elles hette fann fram til dit, var namnet det einaste som var att av norsk busetting. Grasberg. Det var ikkje til å uttala med finsk tunge. Det vart til Kraasperi» (s. 122).

Det vert også snakka finsk i forteljinga, når gravfølgjet seier «Jumala, Jumala». Det går ikkje klart fram for lesaren at dette er Gud på finsk.

Det siste motivet eg vil peika på frå den fyrste sida i *Gamle bygdevegen* er om jarnmyrer og jarnutvinning. «Ennå ligg det fullt av malm- og slagglomper der etter jarnblåstren. Båna plukker dei med seg når dei går der, det er underlege forvridne figurer som sett fantasien i sving». Jarnutvinninga vert mellom anna trukke fram av Åsta Holth som ein grunn til at finnane var velkomne til å busetja seg i skogane i Värmland: «Kungen trong vaper! Finnane var flinke smedar, og Värmlands myrer var raue av jarn» (Holth, *Kornet og freden*, 1955, s. 8).

Det er ei rekkje stadnamn på den fyrste sida: Gamle bygdevegen, Grue kjerke, Revholt, Brursteinen, Rotna, Jarnmyrerne, Skasberget, garden Skasberget/Kassimäki. Om eg ser på heile forteljinga på fire sider er det også namna Hestbråten, Vaisis, Glomma, Røgden, Haljasvik, Yrjanlamp, Grue (bygd), Finnskogen. Dei fleste av desse stadnamna er ukjende om ein ikkje kjenner til området frå før. Vegnamnet Gamle bygdevegen seier seg for så vidt sjølv, men det krev meir innsikt å vita kvifor nett overgangen frå den gamle til den nye vegen var så viktig her. Ein kan nok rekna med at alle som skal lesa boka kjenner til Glomma. Finnskogen er nok kjent, men det er nok ikkje alle som kan plassera den heilt på kartet. Grue er nok også kjent utanom regionen, kanskje også Røgden. Men resten av namna gjev nok ikkje meining anna enn regionalt. Eva-Marie Syversen peiker i si doktorgradsavhandling om Finnskogslitteratur på at autentiske stadnamn impliserer en lesar som har den same, eller tilsvarande, regionale tilknytninga som området stadnamna kjem frå. Samstundes vil grunnleggjande historiske eller antropologiske opplysningar implisera ein lesar utanfor området. (Syversen, 2014, s. 25). Forteljinga *Gamle bygdevegen* er nok meint som ein invitasjon inn på Finnskogen, men den er heller ikkje heilt open. Ein må arbeida litt med alle namna, og tenkja seg til ei forklaring på at det i det heile teke er finnar der ved Glomma.

Forteljinga *Gamle bygdevegen* er eigentleg ei samling av ulike forteljingar, nesten som ein slags kortutgåve av heile boka. Ho inneheld desse «forteljingane»:

- Den gamle vegen som vart erstatta med ein ny. Vegen var ikkje farande om vinteren, men kunne nyttast med kløverhest på vår og haus, og finnskogbrurene kunne ri der om sumaren.
- Her bur det finnar som har sett egne namn på plassane, og som vart nordmenn med den nye vegen
- Finnane kan stemma bjørn, med to ulike segner
 - Pål Kassimäki skremde ein uven
 - Moilainen drap Oinoinen som tok på seg bjørneham
- Gravfylgjet til Vaisisgubben som passerer Kassimäki i uvêret. Dei skal gravleggja dottermordaren ved Grue kjerke. Han skaut dotter si for at det skulle verta god «daue» i børsa hans. På vegen ser dei skrømt etter hunden hans som vart skoten samstundes som dottera, Marja.
- Illgjerningsmannen Yrjõ Haljainen vart fakka ved svenskegrensa, og skulle fraktast til rettarstaden. Vakta torde ikkje halda han så lenge, han var ein finngubbe som sikkert kunne trolla, så dei putta han ned i eit hol på i isen på Røgden.

- Finnskogungdomen gjekk for presten i Grue, tre mil over berget. Sjølvbiografisk innsmett: «Far min sa det slik: Vi sprang heim lørdagskvelden.»
- Vegen har mykje å fortelja; segner, jakthistorier, naturskildringar, kjærleikshistorier

Som sjølvstendig forteljing fungerer ikkje dette, men det lokkar ein til å stiga inn i universet hennar Åsta Holth. På desse fire sidene er det tre drap, ei skrømtsoge, ein som tek bjørneham, det er lokalsoge, slektssoge, innvandringssoge. Ikkje minst den grufulle historia om Vaisis-gubben. Han var så svolten og desperat etter at han ikkje hadde jaktlykke at han sa til seg sjølv at han skulle drepa det fyrste levande han såg, for å få god «daue i børsa». *Jeftas dotter* er ei lengre utgåve av forteljinga om Vaisis-gubben i *Gamle bygdevegen*. Åsta Holth skriv i ein artikkel om Finnskogen for verket *Hedmark* at dette bør lesast som ei soge om kor viktig det er med eit godt våpen, og om ei brutal tid då ein like gjerne kan skyta dottera som å late ho svelta i hel (Holth, 1978, s. 335). I *Steinen blømer* tek Holth opp att denne sogasom eit døme på «fattigdom, svolt og sedløyse, likesæle og kanskje mord og ran» på tida då det Ankerske Fideikomiss tek over skogane på Finnskogen (Holth, 1963, s. 151).

Dei andre forteljingane i *Gamle bygdevegen* er:

Pionerer er ei forteljing om Lars (Lauri) Laitinen som går frå Rautalampi i Finland til Rykiskjärvi (Røgden), der han byggjer ei koie og brenn bråte før han går tilbake til Finland og hentar kona si Kaisa. Denne forteljinga opnar med eit sitat om at Lauri har eit skøyte på jorda si frå dagbøkene til C. A. Gottlund. *Han som gikk forbi* har også eit sitat frå Gottlund som motto, der han skriv om ei vakker jente han har sett på ein gard. I denne forteljinga går Gottlund innom eit fattig finnetorp der husbonden er sjuk og gamal, og den 17 år gamle dottera hans Helga prøver å halda drifta i gang. Berre det at Gottlund er der vekker framtidsvona hjå jenta, og ho lyttar til det han kan fortelja om Finland, og tykkjer landet smeltar i hop med Finnskogane. Og når ordet kjem om at Gottlund skal hjelpa dei med å byggja ei kyrkje med prest som talar finsk, at han har stukke ut tomt og skal søkja staten om midlar, då bestemmer Helga og guten hennar Erkki seg for å gifta seg.

Porkkala-fela: dette er forteljinga om spelemannen Ola Porkkala, eller Halteguten, og fela hans. Han budde i lag med Pulsu, og då Halteguten døydde tok Pulsu fela hans og gøymde ho under ein helle. Halteguten hadde nemleg seld seg til Puken. Puken er, mellom anna, eit namn for djevelen. «Det var ikkje nokk med at han spela seg sjølv til helvete, han spela æra frå kjæresten sin, Pulsu, og helse og vett frå sonen sin. For det var klart at det var Guds

straffedom når barnet åt Pulsu vart tomset og halt og oppingomme.» Pulsu og Halteguten kunne ikkje gifta seg, ettersom han hadde seld seg til Puken, og korkje kunne koma nær Guds hus eller risikera at evna forsvann ved Guds signing. Åsta Holth skriv seinare ei heil diktsamling med namn Porkkala-Fela, og Halteguten og Pulsu dukkar også opp i *Kapellet*.

Harde tider handlar om motsetnader og mistru mellom «baggar» (nordmenn) og finnar, men der båe sider innser at dei har like store fordomar mot einannan, og det ender med kjærleik mellom ei norsk jente og ein finsk gut. *Brennevinsmyra* handlar om matriarken Eli Lasko som tek styringa over kven sonene hennar skal gifta seg med. *Presten* er saga om den fyrste presten i Østmark (Sverige).

I *Det vart jul i Nikkila* møter vi Pulsu igjen, som går og får litt varer til jol rundt på gardane. Replikkane til Pulsu er skrivne på ei blanding av finsk og norsk «Livet er nukk vond, men kuolema kommer stødt for tile. Monda kosti ja farvel, piga!». I forteljinga får ei tenestejente vita at faren hennar er bonden på garden, og dimed også faren til guten ho er forelska i. Ho vert knust, men det viser seg at odelsguten ikkje er son til far sin, men at mora fekk han før dei vart i lag. Så dei kan gifta seg, og det vart jol i Nikkila.

Salt er ei forteljing frå 1821, om tida då Det Ankerske fideikommis pressa folk til å selja gardane og torpa sine. Marit Karhinen vart nekta å kjøpa såkorn og salt før ho skreiv under på å selja, men ho sto i mot. I mottoet for teksten er det eit sitat om ho frå Gottlund, om at han førestelte seg Karhinen som ei pulverheks, men ho var berre ei forstandig og saktmodig dame. Marit var nemleg den einaste som sto i mot presset, og det imponerte Gottlund. Ho og Heikki går for å høyra han tala, og vert oppeldna av orda hans. Dei får ei bok, *Pieniä runoja*²⁸, og hugen på meir finsk lesnad vert kveikt, for andeleg føde er livets salt. Dagen etter kjem fire finnekoner med kva sin saltpose til Karhinen. Denne historia er også ein del av *Steinen blømer*.

Tomasdagen er dagen då ein kan smaka på jolebrygget, den 21. desember. Og denne forteljinga handlar om finnejenta Pennil og norske Per som møtest i Kongsvinger, dei dansar og lurar seg ut i skogen ein tur. Dagen etter spør Pennil om dei kan møtest igjen, men Per meiner det ikkje går, ettersom han er får ein stor gard og foreldra ikkje vil forstå. «Hadde du garden med deg i natt au? Je au har gard. Stor» svarer Pennil. «Du veit vi vil itte passe i hop, Pennil. Je er norsk – og du». «I natt var je norsk nokk! Men neste gong skal du møte Pennil

²⁸ Dette er nok *Pieniä runoja Suomen pojille ratoxi I*, som er ei diktsamling Gottlund ga ut i 1818 (Kansalliskirjasto Kirjastoverkkopalvelut, 2014).

Lethinen – og angre at du er fødd!». Men, Pennil inviterer han likevel til å koma til Finnskogen på Tomasdagen. Per er usikker på om han torer koma, men til slutt tek han skia fatt. Finnane han møter hjå Pennil er mistruiske fyrst, men då dei høyrer at han har gått heile vegen frå Kongsvinger på ski får dei respekt for han. Han vert med på styrkeprøvar mot finnane, og det ser ut til at han vert godteken. Så vert det eit munnhoggeri mellom Pennil og Per, og nokon kastar ei øks mot Per. Han vert såra, men Heinaho-kjerringa kan stoppa blodet. Per og Pennil finn ut at dei ikkje klarer å hata einannan sjølv om dei prøver.

Finnskog er den siste forteljinga i samlinga, og samanfattar slektssoga på farssida til Åsta Holth på snaue åtte sider. Den opnar med ein villare Finnskog, der elg, bjørn og ulv har fått gå i fred for menneske. Hauken fylgde med menneska som no flyttar inn. I eit lite tømmerhus sit ei ung kone og syng ei voggesong. Ho og mannen har vandra frå Savolaks, og funne ein stad som liknar heimeplassen. Paavo Paavolainen kom dit i lag med Räisänen og Mulikka, dei brenner bråte skogane som no har vorte Finnskog. Sønene hans arbeider vidare med jorda, til den siste Paavolainen reiser over havet til Amerika. Den same trongen som dreiv forfedrane til Noreg og Sverige driv no Mattis ut. Mattis heldt på å verta sendt til Europa for å slåst i den fyrste verdskrigen, men krigen tok slutt før han kom seg ut. Han vende i staden for heim til Finnskogen, der alt var så smått og grått samanlikna med Amerika. Han finn saman med søskenbarnet Kjersti, ei i den lange rekka med kvinner som saka i si hand når ting sto på, oldemora Marit Karhinen som trassa det Ankerske Fideikommisset, og bestemora Vappu Paavolainen som nekta bestefaren å selja garden. Mattis vert heime og ryddar åkrene for stein, og i framtid skal sonen hans, Pål, køyra motorplogen køyra frå den eine enden av garden til den andre. Livssoga til den siste Paavolainen minner om den til broren til Åsta, William. Og dei hadde ei oldemor som heitte Mari og ei bestemor som heitte Vappo.

Gamle bygdevegen er den fyrste, breie skjønnerære framstillinga av skogfinnane i Noreg. Det er fyrste gong dei framstår som meir enn nokre korte eksotiske innslag, eller der konflikten med baggane eller bøndene er det viktigaste. Det er overveldande kva Åsta Holth fekk plass til på under hundre sider. Råmeverket for den skogfinske forteljinga vart lagt med denne utgjevinga.

4.3.4 Porkkalafela

Den neste boka til Åsta Holth var diktsamlinga *Porkkalafela* (1946). Sjølv om samlinga har namn etter fela til Ola Porkkala, Haltegutten, så handlar berre seks av dikta direkte om han og Pulsu. Motiva fordeler seg slik:

Porkkalafela, Halteguten og Pulsu:

Porkkalafela, Spellmannen, Tonen, Gærningen (slengdans), Bytingen, Pulsu

Historiske dikt (Utvandringa frå Finland, busetjinga i Noreg, utvandring til Amerika):

Utvandring, Raattikainen, Heim, Hungerår, Amerika, Attgangarar på ein utlagd plass, Vegen, Røgden sjø, Ettermæle

Livet på Finnskogen: Kulokk, Mjølkepuken, Støkkarn, Livet på Finnskogen, Ola Skaslia, Gammel-Marja, Kjelda

Naturdikt: Myra, Skogstjerner, Regn, I Breisjølia, Gammal skog, Miskunn deg, natt, Syng for meg, heimbygds skogar

Kjærleik: Smette husuband, Heimlengt

Ola Porkkala eksisterte verkeleg, men det er mykje usikkert om han. Atle Lien Jenssen har samanfatta ein god del av det som er kjent, og sagt, om han i boka *Solørmusikken – Solørmusikken : O.M. Sandviks oppteignelser fra Solør, Odalen og Finnskogen* (1996). Berre det å finna namnet hans er ei utfordring. Porkkala er ein gard, som var i slekta Porkka. Attåt dette ville Ola også ha hatt eit slektsnamn, men Jenssen har ikkje det med, han skriv snarare at det ikkje var vanleg at Ola Porkkala ikkje er å finna i offentlege dokument. Han siterer også ein samtale med Åsta Holth for å setja ein alder på Halteguten, så han har snakka med ho (Jenssen, s. 31). Åsta skriv i *Kapellet* at namnet hans var Ola Lehmoinen (Holth, *Kapellet*, 1967, s. 36). Han levde på byrjinga av 1800-talet, og døydde visstnok i Lindtorp i 1840. Tradisjonen seier at han lærte å spela av djevelen, eller puken. Han skulle gå tre torsdagskveldar til Styggefossen og der skulle han halda seg i ro same kva som skjedde. Den fyrste natta så han ei mus som gjekk opp bakken spent for ei vogn med eit høyllass, andre natta kom ein flådd geitebukk forbi og tredje natta kom puken og spelte for han. Puken styrte fingrane hans. Etter dette vart Halteguten heilt forandra, og klarte aldri å retta ut handa igjen. Det går forteljingar om at Lomjansguten frå Sverige og ein annan spelemann også var med den fyrste torsdagsnatta, og at den ukjende trakk seg etter ei natt og Lomjansguten etter to netter. Tradisjonsforteljingar seier at både Ole Bull og Henrik Wergeland skal ha høyrte Halteguten spela, og invitert han til Kristiania, men at han takka nei. Ole Bull har vore på Finnskog-garden Tvengsberget, så det er mogleg at dei møttest. Jenssen meiner det kan vera ei samanblanding med historiene om spelemannen Anders Larsen Langbraaten, som Wergeland tok seg av i 1832. Mytene om korleis Halteguten spelte seier at han gjekk inn i ein

slags ekstase, og mista kontrollen, stampa i golvet og skreik. Folk måtte tulla føtene hans inn i halm, riva frå han fela eller klyppa strengene for å dempa han eller få han til å slutta å spela. Når han spelte *Gråtarn* kunne ikkje folk lata vera å gråta. Fela hans vart attfunne under ei helle då dei bygde ny tollstasjon i Röjdafors i 1905 (Jenssen, 1996, ss. 31-33). Fela er no på Torsby Finnskogcentrum (Finsrud, 2017).

Åsta Holth forvandlar forteljinga om Halteguten til ei kjærleikssoge, eller kanskje ho berre hentar ut og viser fram kjærleikssoga. Om Halteguten seier ho i diktet *Porkkalafela* «Alt han elska var ei fele / og si unge gjente Pulsu.» og «Han ga sjela si for dette / som for han var størst i livet». For Pulsu var «sterkere enn helvits skræmsle / det var hennes elsk og truskap». Åsta skriv om seg sjølv at «Eg har levd og lidd med Pulsu / vesle sterke, trugne kvinne». Pulsu er trufast og full av kjærleik til Halteguten og sonen. I *Bytingen* heiter det om guten at «Bånet som skrik i vogga / er ein tomset, uskapleg skrott». Det einaste håpet Pulsu har er at Gud ikkje skal straffa guten slik han har straffa foreldra. «Må han der oppe ta bånet! / Det ønsket er alt eg kan. / Vi kan ikkje *be* eg og Ola. / *Eg* har gitt sjela som han.». Pulsu, slik Åsta Holth fortel om ho, elsker Ola så høgt at ho også i praksis sel sjela si til puken, ved at dei ikkje kan verta gifte i kyrkja, og må leva i synd. Pulsu får berre straffa frå Gud, og ein mann som har gjeve seg sjølv heilt til musikken. Det er ikkje ei lukkeleg kjærleikshistorie, men den er veldig rørende, og gjev så mykje tyngd og djupne til Pulsu-figuren, som elles lett berre kunne vore ein stereotypisk stakkarsleg figur.

Den viktigaste strofa i samlinga *Porkkalafela* er i diktet *Ettermæle*, tykkjer eg. Den gjev innsikt og forståing for dei to komande trilogiane med slektshistorie, og også den politiske og litterære innstillinga til Åsta Holth ålment. Heile diktet lyder

Ikkje fordi du var finne	Flekker av villmark la du
gir eg deg dette kvad.	under din sjølsmidde plog.
Ikkje fordi du vart nordmann	Små, lyse blømande øyer
eller fylde i soga eit blad.	i det veldige hav av skog.
Men for dette: Du var den fysste	Eg ville gi deg ei gravskrift
som sette ein spade ned	– kjende eg berre di grav–:
i verdas hardaste steinmark,	Det var du som ga meg det landet
men skjerma av skogens fred.	eg held så innerleg av.

Dette er det siste diktet i boka, og oppsummerer prosjektet til Åsta Holth. Respekten for arbeidet, strevet og innsatsen i å skapa eit land frå ein steinmark. Dei som skapte blømande øyer i skogen, men ikkje fekk namnet sitt eller historia i bøker. Ikkje ei etnisk eller nasjonal reising, men ei innsikt i at også dei namnlause, som er haldne utanfor historia fortener eit ettermæle og ei gravskrift. Det minner om Børllis «det har vøri lenge stilt innpå grenseskoga».

4.3.5 Slektstrilogiane

Det skal gå ni år frå *Porkkala-fela* til neste bok, men Åsta Holth hadde arbeidd med *Kornet og freden* endå lenger enn det. I sjølvbiografien *Piga* skreiv ho at ho hadde skrive om boka fire gonger (s. 95). Mellom anna måtte ho gå over frå riksmål til nynorsk, som nemnt tidlegare. *Kornet og freden* er fyrste band i ein trilogi, men boka er også den fyrste i det ein kan kalla eit seksbandsverk om slekta til Åsta Holth. Det er tre band om farsslekta (F), og tre om morsslekta (M). *Kornet og freden* (1955) (F), *Gullsmeden* (1958) (M), *Steinen blømer* (1963) (F), *Kapellet* (1967) (F), *Presten* (1978)(M) og *Johannes* (1975) (M).

I *Steinen blømer* vert det lagt ved ei stamtavle frå Pål Tyyskiäinen (f. 1647) og Kettu Mullikka (f. 1657) til søskenbarnet Pål (f. 1935). Dette vert prenta opp att i *Kapellet*. Tilsvarende er det ei stamtavle frå Berent Johansen Plate (d. 1689) og Anne Christophersdatter Lang (d. 1696) i *Johannes*, men ikkje i *Gullsmeden* og *Presten*. Det er ein interessant detalj at yngste Pål ikkje er med på stamtavla til morsslekta, men er med som den (inntil då) siste i rekkja av Pål-ar. Effekten av desse stamtavlene var slåande fyrste gong eg las bøkene. Det vart så veldig tydeleg at dette var faktiske menneske, og at hendingane i dei verkelege liva deira vart spegla att i bøkene.

Som føreord for *Steinen blømer* skriv Åsta Holth: «Dette er ikkje ei soge om einskildmenneske, men om ei slekt. Det er soga om dei udødelege Pålane, garden dei klora seg fast til, og ein strid som vara i hundre år.» (s. 5). Dette gjeld for alle bøkene i serien, at dei handlar om *slekta* jamvel om dei kan ha ein hovudperson. *Johannes* opnar med ei fortale om at «hadde ikkje Johannes Plate gjort det som han gjorde den dagen, så hadde det ikkje vori noen etter han. [...] Denne kjempeslekta ville ikkje vori til. Og oldebånet hans hadde ikkje sotti og skrivi denne boka.» (s. 5).

Det er også ein interessant kopling mellom dei to slektene og slektsbokseriene, som Holth gjer klart i opningsteksten av *Kornet og freden*: «Same året som gullsmedgesellen Bernt Plate drog ut frå heimen sin på dei frisiske slettene, braut ein kuva og plaga bonde opp frå jorda si i Dei

tusen sjøars land» (s. 8). Eg veit ikkje kor viss ho kan vera på dette, men det gjev ein nydeleg parallellitet til historiene.

Den norske forfatterforeining heldt eit seminar i 1972 der Åsta Holth var deltakar. Diskusjonane på seminaret vart skrivne ned og publisert året etter. Holth uttalte seg kritisk om korleis bøkene hennar vart mottekne, og ho sa noko om korleis ho meinte dei burde lesast. Om metoden sin sa ho: «Det er itte slik med meg at je må leite etter et sugett. Det kjem og ber om å bli skrivi, og spørsmålet for meg blir da håssen je skal få desse menneska til å tala til folk nå. Je vil dom skal hoppe i støvlene til Pål Henriksen, og je vil dom skal smyge inn i Kirsti Madsdotters vakre taftskjole og leve i den tida. Je vil væra kjerringa som sitt i omnskroken og fortel.» (Carlson, 1973, s. 90). Eg tek med litt av dette om dei ulike bøkene.

Kornet og freden: «Om kritikerne sa Åsta Holth at selv om hun hadde fått god kritikk, så var det vesentligste gått dem hus forbi. Ingen som skrev om *Kornet og freden* hadde nevnt den fåfengte krigen hun der skrev om, Gyldenløvefeiden som varte i flere år uten at grensen ble flyttet en tomme.» (Carlson, 1973, s. 90). Eg trur vi kan tilgje kritikarane her. Historia om Pål og Kerttu, om korleis dei finske innvandrarane kom til Noreg og rydda seg plassar, om korleis møtet mellom kulturane fungerte; desse spørsmåla vekte nok meir interesse enn ein meiningslaus krig. *Kornet og freden* tek til når Pål Hindriksson Tyyskiäinen er ein ung mann som bur einsam i ei badstove på Røtneberg. Han er fødd i Dalarne, i 1647, og foreldra hans utvandra frå Finland. Dei ville sleppa unna krig og svolt der, farfaren hans vart avretta for å ha vore med i opprøret mot Clas Fleming. Pål møter Kerttu Mullikka ein dag ho er ute og leiter etter ei geit. Ho er dotter av ein av dei fyrste finnane som slo seg ned i området, og er blant dei meir velberga, medan Pål ikkje har kome skikkeleg i gang med nyriddinga. Det vert ikkje anna enn eit møte og ein prat denne fyrste gongen. Pål frir til ei anna jente, og får nei, men det vert han glad for, ettersom han møter Kerttu igjen og det vert dei to. Dei ryddar seg ein gard som står ferdig i 1676.

I 1675 bryt det ut ny krig mellom Danmark-Noreg og Sverige, og dei får merkja det inne på skogen også. Etter at faren til Pål døyr tek han med seg noko av arven for å handla i Kongsvinger, og «i Vinger var det militær på vegane, svenske fangar med vaktfølgje og såra menn på bårer. Det var sant – det var krig. Og snakka han svensk, heldt folk på å flyge i auga på han. Han lærte fort at det lønte seg å blande finske ord inn i pratet, elles la han seg etter norsken så godt han kunne» (s. 84). Krigen kjem inn i heimen til Pål og Kerttu også, når Kaisa vert buande hjå dei. Ho er flyktning, mannen hennar vart kalt inn til den norske hæren, og skoten på eit plyndringstokt i Sverige. «Ikkje av *sine* fiendar, han visste ikkje av at han hadde noen,

men av Kristian den femtes» (s. 90). Dei fleste bureisarane i området slapp unna militærtene fordi ombodsmennene til Gyldenløve ikkje fann dei. Men ein dag kjem det ein lensmannsdreng og kallar inn Pål som kunnskapsmann, tre år ut i krigen. Pål syter for å få gøymt bort sonen Vesle-Pål, slik at han ikkje står i listene nokon stad. Då lensmannsdrengen for kom to nye gjestar, Erkki og Klemmet Tyyskiäinen, slektningar på andre sida av svenskegrensa. Dei er kalt ut i krigen mot «baggen». Erkki vel å røma frå Sverige for å sleppa å slåst, medan Klemmet vil visa at han er tru mot Sverige. Svenske soldatar herja og plyndra langs Glomma, og finnane fekk skulda. Mange finnar var også svenske soldatar, men straffetog inn mot grensestroka råka skuldige og uskuldige. «I desse åra vart grunnlaget lagt for eit hat mellom finnar og «baggar», som det skulle ta århundrer å slette ut» (s. 96). Pål var speidar for dei norske styrkene, men jobben han gjorde var så som så. Han gjorde seg skuldig til «dom og daue», fordi han ikkje ga opplysningar om svenske avdelingar der finnar var med, tvert i mot varsla han stammefrendane på svensk side. Og etter kvart mistenker dei norske offiserane, som snakka fransk, tysk og dansk, han for å ha gjeve falske opplysningar, og han vert sett i arrest på Kongsvinger festning. I avhøyr seier Pål at dei han avla rapport til måtte ha misforstått. «Ja, han *kunne* jo ha snakka gali, sjølv og, han gjorde dei merksam på at ord som *til og frå, hos, ved* og så vidare ikkje fans på finsk, og at finnane hadde lett for å bruke desse orda gali» (s. 98). Etter mange månader vert offiserane samde om at Pål nok var uskuldig. Dei sender han heimover med ei åtvaring om at dei er vakne og passar på han. Pål svarer på finsk «Eg har lyst til å drepa seg, hovne bagge! Elles er de kjeltringar alle i hop, og sattan skal snu dør på gaffelene sin ein gong!». Dei smilte og sa farvel. Heime på garden finn han Klemmet, som ikkje orka meir av krigen då han såg inn i ansiktet på ein finne han kjende, kasta frå seg vapenet og rømte til Tyyskilä. Klemmet hadde vore med på å plyndra og øydeleggja på Grue, og tok det svært tungt. Han finn saman med Kaisa, to som krigen har teke mykje frå.

Krigen tok slutt i 1679, men det vart ikkje fred i grensetraktene. Menn frå dei ulike herane gjekk no rundt i røvarbandar. Pål vert nok ein gong kunnskapsmann, denne gongen for ei avdeling som skal ta røvarar. Dei finn fram til ein gard der ein av bandane held til, og brenn dei inne, etter å ha fått ut kvinner og born. Pål og Kerttu tek over torpet til Kaisa, Grasberget eller Kraasperi på finsk. Der plantar dei tuntre, noko dei ikkje hadde gjort i Tyyskilä. «Difor vart dei ikkje fast der» sa Kaisa. I 1700 døyrr Kerttu av kreft same dag som Karl 12. går til åtak mot Danmark, og krigen bryt ut på nytt.

Steinen blømer:

I *Steinen blømer* er det kamp for å halda på jorda, når tømmersekskap får kontroll over stadig meir av skogen, finnane vert utestengte frå fiskevatn, det kjem forbod mot å brenna bråte, forbod mot å ha geiter i skogen og dei vert tyna for leige og arbeidskraft. Attåt er det kornmonopol, så ein må handla dyrt korn frå Danmark, og den nye potetplanta vert aktivt motarbeidd av dei kreftene som tener pengar på kornet. Skildringane av korleis poteta skaper glede og framtidsvon er nokre av dei beste delane av heile serien.

Åsta Holth var ikkje imponert over å verta kalt romantikar. :«I *Steinen blømer* er det den hellige private eiendomsrett hun går til kamp mot, med stoff fra en tid da det gikk an å jukse til seg en skog for en rull tobakk. Rasemotsetningen mellom finner og nordmenn, som kommer frem i flere av Åsta Holths bøker, den var ikke så stor før skogene ble verdfulle. «Men da var hin laus, da gjaldt det å få slutt på bråtebrenninga, da gjaldt det å få kuste og knekke dette innvanderfolket og få gjort dom til slaver. Det var da finna vart til den nedtrykte minoriteten ... Men uretten hevde rett, og dom som itte begriper å je vil hen med romanen mine og talar om romantikk, dom har lesi slik som fanden les Bibelen. Hvis han les den da.» (Carlson, 1973, ss. 90-91).

Mot slutten av *Steinen blømer* er et lysare tider, det Ankerske fideikommiss går konkurs og Carl Axel Gottlund vandrar rundt på Finnskogen og oppeldnar finnane til å få større tru på seg sjølv, og stoltheit over målet og kulturen sin.

Kapellet: Endringane som kom med Carl Axel Gottlunds visitt på Finnskogen held fram, og ein kjem nærare og nærare å få ei eiga kyrkje for finnane. Det er ein lang kamp med mange omvegar, men til slutt står kapellet der. Det kjem også ny veg, og dimed vert finnane integrerte i det norske storsamfunnet på eit heilt anna vis, og Eilert Sundt får rett i spådomen sin, eller oppfylt ynsket sitt, om at ein veg ville gjera dei meir norske.

«I *Kapellet* er det finnenes språklige mindreverdighetstempel Åsta Holth tar opp, og deres kamp for å fri seg fra det.» (Carlson, 1973, ss. 90-91). Det er veldig medrivande når finnane får oppleve ei preike på finsk i det nye kapellet.

Johannes og *Presten* har også handling på Finnskogen, men vert ofte ikkje rekna med blant Finnskog-bøkene. I *Johannes* er kyrkjebrannen i Grue i 1822 den definerande hendinga.

5. Oppsummering og konklusjon

Det eg trur eg har undervurdert mest i tenkinga mi og arbeidet med dette emnet har vore tradisjonsmaterialet, folkeminne og folkekulturen. Eg har vel tenkt at det er på sida av litteraturen, at det det folkloristikk eller etnografi. Eg har i utgangspunktet sett etter samband mellom diktarar og forfattarar, men det eg kanskje har forstått er at den forteljinga er ein samtale mellom den munnleg overleverte tradisjonen, dei nedskrivne folkeminnesamlingane og skjønnlitteraturen. Dette gjeld jo for alle nasjonallitteraturar, på sine vis. Jan Myrdal, som Åsta Holth møtte då han var fem år gamal i Genève, skriv i boka *Indien väntar* om eit møte med intellektuelle i India mot slutten av 1970-talet. Dei har lese Friedrich Engels og lagt merke til referansen til *Voluspá*, «Brødrar kvarandre banesår gjev / systrungar dei skyldskap spiller» (Mortensson-Egnund, 1944). Dei finn det interessant, for heile *Mahabaratan* handlar om korleis ættebanda vert slitne over for gje plass til ei ny makt. Og diskusjonen om det kan vera riktig og moralsk å bryta ættebanda for å oppnå eit høgare mål. Og Norden er jo litt annleis, i Europa, seier dei. «Ni har ju släkter och en hel del förfeodala och stambetonade traditioner, det märker man, och jag har läst lite om det också. Allemans rätt och sådant. Hur diskuterar ni på vänsterkanten? Är det mycket debatt om *Völuspa*?» (Myrdal, 1980, s. 89).

Det er det jo ikkje. Men kva om vi, og ikkje berre venstresida, hadde diskutert oppløysinga av ættebanda? Åsta Holth skriv, som den allvitande forfattaren, i *Kapellet* at «det kom aldri noe godt ut av å bryte med gammal sed. Ein gong ville det hemne seg.» (Holth, *Kapellet*, 1967, s. 23). I kva grad er skogfinne- og finnskogslitteraturen uttrykk for draumen om ein tapt gullalder? Er det som med *Voluspá*, som skildrar brytningane mellom det tradisjonelle ættesamfunnet og ein ny kristen statsdanning? Haakon Garaasen skildrar dei gamle ættegardane som skamkøyrde, sundbrotne og utlevde i *Rogfinne*. Men freistnadene på fornying, industrialisering, ei kapitalistisk organisering av produksjonen ender med ny splid, nye nederlag. Åsta Holth var lei for at det heilage forsvann frå saunaen, at det ikkje var eit sosialt tiltak for alle på garden, men berre ein måte å verta rein på. I bøkene *Fem år på Nuttila* (1957) og *Fattigmans kokebok – årbok frå ein liten gard* (1984) handlar det om å flytta frå byen og ut på landet, for å dyrka sin eigen mat, ha eigne dyr – og «å vera glade i jord og tre og stein og dyr og i kvarandre.» «Folk er berre glad i pengar. Ikkje i arbeidet sitt, ikkje i jorda dei trør på.» (Holth, 1984, s. 146).

Er det eit opprør mot framandgjeringa i den kapitalistiske produksjonen og eigedomsforholda, vi møter i den skogfinske, eller finnskogske, litteraturen? Hans Børli's dikt *Vi eier skogene* (Børli, 1952) er i alle fall ein konfrontasjon med de. Den rike mannen med bil og bankbok og

aksjer i Borregaard kan hevda at han eig mange tusen mål skog, skog han aldri har sett. Men Børli og hans folk eig jorda gjennom århundrar med slit og blod. Og dei som kan kjøpa ein skog, kan ikkje kjøpa solefallet og ikkje suset av vinden heller. «Nei, vi eier skogene / slik barnet eier sin mor».

Magi og trolldom er knytt til Finnskogen, og særleg til skogfinnane. Det har vore vanleg å sjå på idear om magi som eit stadium ein legg bak seg med utviklinga av kapitalismen og sekularisering i samfunnet. Det er jo også mogleg å sjå for seg at interessa for sjamanisme, magi, trolldom og slikt har auka med framandgjeringa. Det kan vera ein måte å ta tilbake kontrollen over arbeidsdagen, helsa og verda rundt ein. Når skreddartimen eller slanketimen forsvann med betre lys og andre underhaldningstilbod, så finst det framleis behov for forteljingar og å skapa fellesskap.

Slektsromanane til Åsta Holth tek føre seg heile den skogfinske historia, frå dei kom over grensa for om lag 350 år sidan til i dag. Bøkene knyter seg til hendingar i historia, stamtre, kyrkjebøker, mytar og segner. Det gjer at eg kan sjå for oss ein skogfinsk «nasjonallitteratur», altså ein vev av bøker og tekst. Skogfinnane er jo ikkje ein nasjon, men dei er utnemnt, på godt og vondt, til ein nasjonal minoritet. Jon Haarberg skriv i *Nei, vi elsker ikkje Norge at «Litteraturen blir nasjonal først når den kartlegges og presenteres som et nasjonalt attributt»* (Haarberg, 2017, s. 17). Og «Nasjonaltatene blir altså etablert og konsolidert ved hjelp av en form for mytologisering. I Norge brukes de første hundre årene av det nye kongerikets historie til å «bygge» nasjonen på denne måten.» (s.23). Eg trur ikkje skogfinnane skal verta ein ny nasjon eller ein ny stat. Men det finst ein litteratur, det finst noko ein kan byggja på og halda fram som nasjonalt attributt. Spel som *Spillet om innvandrerne* og *Verresspelet* gjer alt det. Ein kan tykkja det er reduktivt, men Åsta Holths verk er ein faktisk inngangsport til å læra om, verta interessert i og engasjert i det skogfinske – og Finnskogen. Mytologien trengst det ikkje skapast så mykje nytt av, der er finnskogane betre stilt enn dei fleste. Rikdommen i mytar, segner, forteljinga, spanande personlegdomar er heilt enorm.

Eg fekk ikkje lese alt eg ville, og heller ikkje skrive om alt eg ville, men eg ser veldig positivt på framtida for en litteratur om og/eller av skogfinnar. Og ikkje minst vidare undersøkingar. Eg skulle gjerne samanlikna det store verket til Brit Karin Larsen med Åsta Holth sitt, og sett på likskapar og ulikskapar. Levi Henriksens bøker frå Skogli viser godt korleis den skogfinske identiteten ligg der i bakgrunnen, og innimellom kjem han fram i forgrunnen. Eg tykkjer det er veldig spanande å sjå korleis både Adelheid Seyfarth og Levi Henriksen skriv om ein moderne finnskogsidentitet, og Skoging-omgrepet må utgreiast betre enn eg fekk til.

Eg burde ha nemnt og skrive om Carl Vestaberg, Olaf Hofoss og Fredrik Persson, men der vil eg tilrå avhandlinga til Eva-Marie Syversen. Så er det ei heil rekkje andre, Bjørn Frang, Aud Korbøl, Frank Eriksen, Rolf Rønning, Kollbein Helstad, Merete Wiger (for resten av forfattarskapen utanom «Spillet»), Amund Lindberget, Sigrun Glomsås, Reidar Holtvedt, Dagfinn Grønset, Magne Østby, Jan Fr. Waage, Berit Sagen Ramfjell, Torunn Tangen og mange fleire som har skrive skjønnlitterært om skogfinske emne.

Volva Ásta Holth manar oss til å diskutera *Voluspá*, og fylgja hennar døme med å grava der ein er for å skapa noko som kan snakka til oss alle. Det er ikkje berre skogfynnane som har vore usikre framfor presten eller i ein ny by. Det er mange av oss som har flytta til eit nytt land, vekk frå krig, uår eller berre det at det ikkje var ro til å utfalda seg. Den norske nasjonen er ung, og vart mellom anna bygd ved å setja nokre grenser for kva som var norsk og ikkje. Skogfynnane hamna utanfor i ein del år, og så vart dei så «usynlege» at ingen lenger reagerer. Om skogfynnane og historiene deira vert meir kjent som en del av norsk litteratur, så er det eit bidrag til heile felleskapen.

Referansar

- Andresen, Ø. E. (2007, 16. mars). *Vinnerne gjennom tidene*. Henta november 4, 2018 frå NRK: <https://www.nrk.no/kultur/kvitt-eller-dobbelt-mestere-1.2059421>
- Anttonen, M. (1998, 1). The dilemma of some present-day Norwegians with Finnish-speaking ancestry. (A. R. Nielssen, B. Olsen, D. Storm, & T. Thuen, Red.) *Acta Borealia: A Nordic Journal of Circumpolar Societies*, ss. 43-57. doi:10.1080/08003839808580474
- Asbjørnsen, P. C. (1845). *Norske Huldreeventyr og Folkesagn – Første samling*. Christiania: W C Fabritius.
- Asbjørnsen, P. C. (1859). *Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn. 1* (Anden forøgede Udgave. utg.). Christiania: Steensballe.
- Asbjørnsen, P. C. (1870). *Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn* (Tredje Udgave. utg.). Christiania: Forfatterens forlag.
- Asbjørnsen, P. C. (1949). *Norske huldreeventyr og folkesagn – Første samling*. (K. Liestøl, Red.) Oslo: Tanum.
- Asbjørnsen, P. C., & Moe, J. (1995). *Norske folkeeventyr 2*. Oslo: Libriarte.
- Bakke, G. (2011). Skogfinnene nord i Nordmarka. I T. Paule (Red.), *Heftet Ringerike 2011* (ss. 42-46). Hønefoss.
- Benestad, F. (2009, 13. februar). *Edvard Grieg*. Henta 1. november, 2018 frå Norsk biografisk leksikon: https://nbl.snl.no/Edvard_Grieg
- Bjørnsen, J. F. (1951). *Rudolf Nilsen – mennesket og dikteren, hans livsverk og livshistorie*. Oslo: Gyldendal.
- Bratberg, T. (2009, 13. februar). *Ole Andreas Øverland*. Henta 2. oktober, 2018 frå Norsk biografisk leksikon: https://nbl.snl.no/Ole_Andreas_%C3%98verland
- Brenden, R. (2002). Åsta Holth og den skogfinske kulturen. I *Kulturell identitet og regional utvikling - rapport fra en forskningskonferanse* (ss. 290-305). Elverum: Høgskolen i Hedmark.
- Brenden, R. (2003). Fra Kerttu Mullikka til spåkvinna Volva. I S. R. Gjems (Red.), *Åsta i våre hjerter – Utgitt i anledning Åsta Holths 100-årsminne* (ss. 69-82). Grue Finnskog: Finnetunet museum/Norsk skogfinsk museum.
- Brenden, R. (2013). *Åsta Holth – Feminist og postkolonialist*. Helsingfors: Nordica.
- Brenne, T. (1993). *Mikkjel Fønhus – hans liv og forfatterskap*. Oslo: Landbruksforlaget.
- Brønsted, M. (2016, 23. desember). *Holger Drachmann*. Henta 1. november, 2018 frå Store norske leksikon: https://snl.no/Holger_Drachmann
- Børli, H. (1945). *Tyrielden*. Oslo: Aschehoug.
- Børli, H. (1947). *Villfugl – dikt*. Oslo: Aschehoug.
- Børli, H. (1949). *Men støtt kom nye vårer*. Oslo: Aschehoug.

- Børli, H. (1951). *Sølv og stål : roman fra grenseskogene*. Oslo: Aschehoug.
- Børli, H. (1952). *Likevel må du leve - dikt*. Oslo: Aschehoug.
- Børli, H. (1962). *Ved bålet - dikt*. Oslo: Aschehoug.
- Børli, H. (1987). *Tusseleiken - Fortellinger og skisser*. (J. Stubberud, Red.) [Skotterud]: Eidskog kulturforlag.
- Børli, H. (1988). *Med øks og lyre*. Oslo: Aschehoug.
- Carlson, C. (Red.). (1973). *Forfatterseminar 1972*. [Oslo]: Den norske forfatterforening.
- Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. (2017, 21. desember). *skreddertime*. Henta frå Det Norske Akademis ordbok: <https://www.naob.no/ordbok/skreddertime>
- DNT Finnskogen og omegn. (u.d.). *Oversikt over skogfinsk litteratur*. Henta 10. november, 2018 frå DNT Finnskogen og Omegn: <https://finnskogen.dnt.no/skogfinsk-litteraturliste/>
- Elmgren, S. G. (1855-57). Stodius, Mårten, professor 1590-1675. I M. Akiander (Red.), *Finlands minnesvärde män - samling af lefnadsteckningar. Andra Bandet*. (ss. 293-316). Helsingfors: J. C. Frenckell & Son.
- Eriksen, F. (1996). Om Martin Vestlien – "men støtt kom nye vårer". I T. Tønnessen (Red.), *Alvorsord : seminarinnlegg fra Hedmark litteratur festival 1996* (ss. 41-45). [Arneberg]: Hedmark forfatterlag.
- Eriksen, F. (1997). *"Da er du hem'att-" - solørslaviske viser, historiske streif*. Søre Trysil: Trysil-forlaget.
- Finsrud, E. (2017, 13. november). *Fela som var stemt av fanden sjøl*. Henta 8 .november , 2018 frå musikkultur: <https://musikkultur.no/nyheter/fela-som-var-stemt-av-fanden-sjol-6.54.493594.8fd37c24bb>
- Fliflet, A. L. (1967). *Kalevala*. Oslo: Achehoug.
- Fossen, A. (1994). *Historien om de norske skogfinner*. Asbjørn Fossen.
- Fyllingsnes, O. (2010, 8. oktober). Døtrer av Finnskogen (intervju med Adelheid Seyfarth og Brit Karin Larsen). *Dag og Tid*, 23-25.
- Fønhus, M. (1928, Desember). Finnegubben. *Norsk barneblad - Joletre*, 41, 13-15.
- Fønhus, M. (1939). *Veien over fjellet – en bok fra de herjede bygdene*. Oslo: Aschehoug.
- Fønhus, M. (1951). *Mannen med ormeøynene – roman fra Finnskoga*. Oslo: Aschehoug.
- Fønhus, M. (1967). *Gjemt i villskogen*. Oslo: Aschehoug.
- Fønhus, M. (1974). *I susen av Storelva*. Oslo: Aschehoug.
- Fønhus, M. (1978). Finnegubben overnatter under Lenningsfjellet. I M. Fønhus, *Nye romaner og fortellinger. 4 – En slagbjørn ; Fuglefangeren* (ss. 177-187). Oslo: Aschehoug.
- Fønhus, M. (1978). Skogfinnene i Hurderlia. I M. Fønhus, *Nye romaner og fortellinger. 8 : Ørnefjell ; En skifer ; Fjellfolk* (ss. 104-136). Oslo: Aschehoug.

- Fønhus, M. (1978). Skogsgarden oppmed Espa elv. I M. Fønhus, *Nye romaner og fortellinger. 7 – Skogsgarden oppmed Espa elv ; Fasleføss ; Det ropte fra Kambatjernet* (ss. 7-81). Oslo: Aschehoug.
- Fønhus, M. (1978). Villmannshytta ved Glesa elv. I M. Fønhus, *Nye romaner og fortellinger. 5 : Villmannshytta ved Glesa elv ; Storvargen* (ss. 7-99). Oslo: Aschehoug.
- Garaasen, H. (1908). *Fraa skogbygda – forteljingar*. Kristiania: Olaf Norlis forlag.
- Garaasen, H. (1916). *Rogfinne*. Kristiania: Olaf Norlis forlag.
- Garaasen, H. (1923). *Frå grensebygder og finnskogar. Samling 1 – Trysilholm og andre malmr*. Oslo: Det norderlandske forlag.
- Garaasen, H. (1925). *Frå grensebygder og finnskogar. Tredje samlinga – Emigrantane frå Suomi, Kalevalas land*. Oslo: Olaf Norli.
- Garaasen, H., & Lundh, P. (1929). *I Dalaskog: skildringar og dikt, forteljingar og småstubbar*. Oslo: Olaf Norlis forlag.
- Garborg, A. (1893). *Jonas Lie – en utviklingshistorie*. Kristiania: Aschehoug.
- Gjefsen, T. (1998). *Syng liv i ditt liv! – Hans Børli liv og diktning*. Oslo: Aschehoug.
- Gjefsen, T. (2009). *Biografi*. Henta 2. november , 2018 frå Hans Børli-selskapet:
http://www.borli.org/index.php?option=com_content&view=article&id=2&Itemid=2
- Gjems, S. R. (1990). *Finnskogene : spenningens grenseland*. Oslo: Landsbruksforlaget.
- Gjems, S. R. (2017, 15. november). Ola Martinus Høgåsen – dikter og ordfører, ukjent i hjembygda. (T. Tønnessen, Red.) *Hedmarkforfatter'n, 2017*(3-4), ss. 44-48.
- Grønøset, D. (1985). *Finnskogens folk*. Oslo: Aschehoug.
- Gulbrandsen, A. E. (2003). Åsta: elsket i hjel? I S. R. Gjems (Red.), *Åsta i våre hjerter - Utgitt i anledning Åsta Holths 100-årsminne* (ss. 82-89). Grue Finnskog: Finnetunet Museum/Norsk Skogfisk Museum.
- Gulbrandsen, A. E. (2004). Det nye minoritetshierarkiet. (K. O. Åmås, Red.) *Samtiden, 113*.
- Gyldendal forlag. (2018, 9. november). *Den kulturelle nasjonsbygging*. Henta frå Gyldendal:
<https://www.gyldendal.no/Om-Gyldendal/Den-kulturelle-nasjonsbygging>
- Halvorsen, I. (1982). *Hard asfalt – en selvbiografi*. (L. Finstad, & C. Høigård, Red.) Oslo: Pax.
- Halvorsen, J. B., & Koht, H. (1896). *Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1880 : paa Grundlag af J.E. Krafts og Chr. Langes "Norsk Forfatter-Lexikon 1814-1856". 4 : M-R*. Kristiania: Den Norske Forlagsforening.
- Haraldseid, J. (1959). Fire portrett. I H. Skirbekk, O. Skogstad, T. Bjørge, & J. Haraldseid, *Vårt norske morsmål – Austmannalaget 1899-1959* (ss. 34-40). Elverum: Opplandske målkontor.
- Hermann, S. (u.d.). *Historien*. Henta 9. november, 2018 frå Verresspelet:
http://verresspelet.com/?page_id=77
- Hohle, P. (1974). *Finnskoger og skogfinner*. Oslo: Gyldendal.

- Holth, Å. (1943). Jann-Båra. I *16 mann forteller – novellesamling* (ss. 140-152). Oslo: Rosén forlag.
- Holth, Å. (1944). *Gamle bygdevegen – Finnskog-fortellinger*. Oslo: Rosén.
- Holth, Å. (1946). *Porkkala-fela*. Oslo: Aschehoug.
- Holth, Å. (1955). *Kornet og freden*. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1957). *Fem år på Nuttila*. Oslo: Norsk barneblad.
- Holth, Å. (1958). *Gullsmeden*. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1963). *Steinen blømer*. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1967). *Kapellet*. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1974). Den gongen. I G. Hølmebakk, *Det første halvsekel – bilder fra norsk barndom* (ss. 96-110). Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1975). *Johannes*. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1976, mai). Hoss eg ser på meg sjøl som forfattar og hoss andre ser på meg. *Sirene*, s. 25.
- Holth, Å. (1978). Finnskogen. I S. Moren (Red.), *Hedmark* (ss. 332-340). Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1978). *Presten*. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1979). *Piga*. Oslo: Gyldendal.
- Holth, Å. (1982). *Nådens år – noveller*. Askim: Arbeidern forlag.
- Holth, Å. (1984). *Fattigmanns kokebok – årbok frå ein liten gard*. Oslo: Gyldendal.
- Høgåsen, O. M. (1923). *Vaarbekk vaknar – klunk på ymse strenger – dikt*. Kristiania: Norske forfatteres forlag.
- Høgåsen, O. M. (1939). *Mat for Mons - eventyr*. Oslo: Noregs boklag.
- Høgåsen, O. M. (1955). *Pelle Ping-pang og andre eventyr*. Vågåmo: Jotun.
- Høgåsen, O. M. (1999). *Skrinet med det rare i – eventyr, dikt og songar*. (I. Myrstad, & R. Stauri, Red.) Lillehammer: Nord-Fron Mållag.
- Haarberg, J (2017). *Nei, vi elsker ikkje lenger - litteraturen og nasjonen* . Oslo:Universitetsforlaget
- Iversen, I. (1980). Magasinet for alle. I H. F. Dahl, J. Elster, I. Iversen, S. Nørve, T. I. Romøren, R. Slagstad, & M. Vaa, *PaxLeksikon Bind 4 Ku-N* (ss. 209-210). Oslo: Pax forlag.
- Iversen, R. (1959). *Finsk på norsk grunn – relikstudier. 1*. Trondheim: F. Bruns Bokhandel.
- Jahr, E. H. (1973). *Østlandsk reisning 1916-1926*. Oslo: Novus.
- Jenssen, A. L. (1996). *Solørmusikken – O.M. Sandviks opptegnelser fra Solør, Odalen og Finnskogen*. [s.n.]: Solørforlaget.
- Johansen, A. (2014). "At sådan ukrutt måtte ganske utryddes" - om de finske innvandrerne på Østlandet på 1600-tallet, og deres møte med det norske bondesamfunnet. Oslo: Masteroppgave ved IAKH UiO.

- Johansen, A. (2018, 30. august). *Skogfinner i Norge*. Henta frå Norgeshistorie.no: https://www.norgeshistorie.no/enevelde/artikler/1247_-skogfinner.html
- Jæger, H. (1883). *Norske Forfattere : Literaturbilleder*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Jørgensen, J.-K. (2009, februar 13). *Harald Meltzer*. Henta oktober 3, 2018 frå Norsk biografisk leksikon: https://nbl.snl.no/Harald_Meltzer
- Kansalliskirjasto Kirjastoverkkopalvelut. (2014, 10 28). *Pieniä runoja Suomen pojille ratoxi - 1 osa, 2 vihko*. Henta frå Doria: <http://www.doria.fi/handle/10024/100872>
- Klepp, I. G. (1998). *På stier mellom natur og kultur (Acta Humaniora 23)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kommunal- og regionaldepartementet. (2000). *St. meld. nr 15 (2000-2001) Nasjonale minoriteter i Noreg – Om statleg politikk overfor jødar, kvener, rom romanifolket og skogfinner*. Oslo: Kommunal- og regionaldepartementet.
- Langeland, S. (2001). *Karhun emuu – runesanger fra Finnskogen*. Oslo: Aschehoug.
- Langeland, S. (2012). *Urfremføring – «Sammas – Himmelsøyle» av Sinikka Langeland 17.03.2012*. Henta 8. november, 2018 frå Sinikka Langeland: <http://www.sinikka.no/urfremforing-sammas-himmelsoyle-av-sinikka-langeland-17-03-2012/>
- Lie, J. (1891). Evina Fejer. I J. Lie, *Trold – en Tylft Eventyr* (ss. 190-211). Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Liestøl, K. (1949). Innledning. I P. C. Asbjørnsen, *Norske huldreeventyr og folkesagn - Første samling* (ss. V-XIII). Oslo: Tanum.
- Liestøl, K. (1949). Kommentar. I P. C. Asbjørnsen, *Norske huldreeventyr og folkesagn - Første samling* (ss. 195-264). Oslo: Tanum.
- Lillebo, H., & Bentzon, I. (1998). *Ord må en omvei: en biografi om Rolf Jacobsen*. Oslo: Aschehoug.
- Lindbach, K. M. (2001). *Kvenlitteratur i nord – Med spesielt blikk på Idar Kristiansens romaner*. Tromsø: Dr.art.-avhandling Det humanistiske fakultet, ved Universitetet i Tromsø.
- Lindgren, A.-R., Hauan, M. A., Niemi, E., Niiranen, L., & Thuen, T. (2009). *Kvener i fortid og nåtid – rapport fra seminaret "Kvener og skogfinner i fortid og nåtid", Tromsø november 2007*. Tromsø: Institutt for historie og religionsvitenskap, Universitetet i Tromsø.
- Lindtorp, O. (1940). Finnskogens folk. I O. Lindtorp, T. I. Itkonen, & K. Vilkkuna (Red.), *Kansatieteellinen arkisto IV* (ss. 1-117). Forssa, Tavastland, Finland: Forssan kirjapaino oy.
- Lindtorp, O. (1942). *Fra Finnskogene i Solør og Vermland – beretninger og folkeminne fra grensebygdene*. Oslo: Olaf Norlis forlag.
- Lindtorp, O. (1954). *Fra Finnskogene i Solør og Vermland – beretninger og folkeminne fra grensebygdene – tredje samling*. Kongsvinger: [s.n.].
- Mathisen, S. R. (2009). Festivalising heritage in the borderlands: constituting ethnic histories and heritages under the rule of the Finn forest republic. *Journal of Ethnology and Folkloristics*, 3(2).
- Melby, T. S. (2012). *De skogfinske bosettingene i Aurskog, Setskog og Eidskog 1650-1725*. Oslo: Masteroppgave i historie, Institutt for arkeologi, konservering og historie, Universitetet i oslo.

- Meltzer, H. (1912). *Politinotiser : Smaabilleder af Folkelivet* (Niende. utg.). Kristiania: Gyldendalske Boghandel.
- Midbøe, H. (1966). *Dikteren og det primitive. 3 – Jonas Lies mesterskap*. Oslo: Gyldendal.
- Midtbøen, A. H., Orupabo, J., & Røthing, Å. (2014). *Beskrivelser av etniske og religiøse minoriteter i læremidler*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Mortensson-Egnund, I. (1944). *Edda-Kvæde – norrøne fornsongar* (3.. utg.). Oslo: Det norske samlaget.
- Myhrvold, J. (2011). Hvor mange barn fikk C. A. Gottlund på Finnskogen? *Finnkultur*, 35(2), ss. 28-32.
- Myrdal, J. (1980). *Indien väntar*. Stockholm: Norstedts.
- Mysterud, A. (1997). *Med meitestang og remington - jakt og fiske i Hans Børllis liv og diktning*. Oslo: Landbruksforlaget.
- Mørch, E. (1901). *Da Kristiania var Smaaby: erindringer*. Kristiania: Aschehoug.
- Niemi, E. (2003). Skogfinnene – en stat i staten? I E. Niemi, J. E. Myhre, & K. Kjelstadli, *Norsk innvandringshistorie. Bd. 2* (ss. 106-127). Oslo: Pax.
- Nilsen, R. (1925). *På stengrunn – dikte*. Oslo: Ny Tid.
- Nilsen, R. (1926). *På gjensyn – dikte*. Oslo: Ny Tid.
- Olsen, T. (2007, 17. januar). - *Peer Gynt passer ikke her!* Henta 8. november, 2018 frå Aftenposten: <https://www.aftenposten.no/osloby/i/rP6xl/--Peer-Gynt-passer-ikke-her>
- Ovlien, L. (2012). *Jonas Lie*. Henta oktober 30, 2018 frå Gamle Øvrebyen vel: <http://www.ovrebyen.no/jonas-lie/>
- Programdirektøren [Eyvind Mehle?]. (1943). *Nasjonalsosialister i norsk diktning : 1. samling foredrag holdt i Norsk Rikskringkasting vinteren 1942-1943*. Oslo: J. M. Stenersens forlag.
- Project Runeberg. (1996, 3. oktober). *Viides runo*. Henta frå Projekt Runeberg: <http://runeberg.org/kalevala/05.html>
- Ratche, A. (1936). *Finsk fare for Finnmark*. Oslo: Gyldendal.
- Ringdal, N. J. (1993). *Ordenes pris - Den norske forfatterforening 1893-1993*. Oslo: Achehoug.
- Rognerød, D.-I. (1978). *Den litterære internasjonale, 1927-1940 : oversettelsesbibliografi : sosialistisk og antifascistisk skjønnlitteratur oversatt til dansk, norsk, svensk, engelsk, fransk og tysk ... : med forlagshistorikk, historisk innledning og 2 tillegg*. Oslo: [Forfattere].
- Rottem, Ø. (2009, 13. februar). *Knut Hamsun*. Henta 1. november , 2018 frå Norsk biografisk leksikon: https://nbl.snl.no/Knut_Hamsun
- Rydje, G. M. (2015). *Gudslånet - et fantastisk teater om skogfinnene*. Henta 9. november, 2018 frå Trysil kommune: <https://www.trysil.kommune.no/tema/barn-og-unge/skole/Sider/Gudslånet---fantastisk-teater-om-skogfinnene.aspx>
- Røsbak, O. (1998). *Rolf Jacobsen: en dikter og hans skygge*. Oslo: Gyldendal.

- Sars, E. (1913). Bjørnsons Plads i Norges politiske Historie. I E. Sars, C. Collin, & H. Eitrem (Red.), *Artikler og taler* (ss. 5-34). Christiania: Gyldendalske boghandel.
- Saugestad, K. (2013, 13. februar). *Fra skam til stolthet for skogfinner*. Henta frå NRK: <https://www.nrk.no/kultur/finnene-i-skogen-1.10908340>
- Schall, V. (2017). Språk, identitet og minoritetspolitikk. I N. Brandal, C. A. Døving, & I. T. Plesner (Red.), *Nasjonale minoriteter og urfolk i norsk politikk fra 1900 til 2016* (ss. 219-236). Oslo: Cappelen Damm.
- Simenstad, L. M. (2012, 17. august). Den glemte minoriteten (intervju med Birger Nesholen). *Klassekampen*, 24-25.
- Sjøvall, S. (1966). Verklighetsmodeller till Jonas Lies "Troid". (K. Foss, & E. Beyer, Red.) *Edda*, 66, 410-418.
- Skirbekk, H. (1957). Olaf Lindtorp. I A. Sudmann (Red.), *Norsk allkunnebok. 8. bandet* (s. 150). Oslo: Fonna.
- Skrede, M. (1951). Finnskogen som stoffkilde – Børli og Fønhus' nye romaner. (N. Stang, Red.) *Vinduet, Femte årgang*, ss. 697-700.
- Skrede, M. (Red.). (1953). *Åsnesboka 1*. Flisa: Åsnes kommune.
- Skrede, M. (1964). Trysil i norsk diktning. I E. Lillevold (Red.), *Trysil-boka - bidrag til bygdens historie 4:2 Alminnelig del* (ss. 174-203). Hamar: Trysilboknemnda.
- Stensrud, A. (1988). Fra tømmerkogen til evigheten. I B. Andresen, & J. Stubberud, *Lyriker med kvist og kvae : festskrift til Hans Børli på 70-årsdagen 8. desember 1988* (ss. 67-80). [Skotterud]: Eidskog kulturforlag.
- Stensrud, G. F. (1985). *Mikkjel: far min*. Oslo: Aschehoug.
- Store norske Leksikon. (2009, 14. februar). *Per Hohle*. Henta 25. oktober , 2018 frå Store norske leksikon: https://snl.no/Per_Hohle
- Store norske leksikon. (2018, 29. oktober). *Magasinet for alle*. Henta 3. november, 2018 frå Store norske leksikon: https://snl.no/Magasinet_For_Alle
- Sundt, E. (1974 [1852]). *Verker i utvalg. 1 : Fante- eller landstrygerfolket i Norge*. Oslo: Gyldendal.
- Syversen, E.-M. (2002). Regional litteratur. I T. O. Engen (Red.), *Kulturell identitet og regional utvikling. Rapport fra en forskningskonferanse (Rapport nr. 8)* (ss. 274-290). Elverum: Høgskolen i Hedmark.
- Syversen, E.-M. (2014). *Skogen, hjemmet og veien - Kulturelle erindringssteder i finnskoglitteraturen 1920-1940 – Avhandling for graden philosophiae doctor*. Kristiansand: Universitetet i Agder - Fakultetet for humaniora og pedagogikk.
- Sørli, U. (1977). *Åsta Holth og Finnskog-trilogien. Biografi og en analyse av Finnskog-romanene med hovedvekt på Kornet og freden*. hovudoppgåve Universitetet i Oslo.
- Trøseid, H. M., & Hveberg, H. (1990). *Grueboka: Finnskogen - gards- og slektshistorie*. Grue kommune.

- Tveito, S. (1943). Haakon Garaasen - Rolf Jacobsen. I F. Halvorsen (Red.), *Nasjonalsosialister i norsk diktning 1. samling - foredrag holdt i Norsk rikskringkasting vinteren 1942-1943* (ss. 56-64). Oslo: J. M. Stenersens forlag.
- Tønnesson, S. (1976). *Røde skoger – skogsarbeidere forteller fra klassekampen på landsbygda*. Oslo: Vestlien, M. (1941). *Vers fra Finnskogen*. Oslo: Gyldendal.
- Vestlien, M. (1946). *Skogens barn – vers*. Oslo: Gyldendal.
- Vestlien, M. (1973). *Der skogene suser – dikt i utvalg*. Oslo: Gyldendal.
- Visit Hedmark. (2018, 14. februar). *Finnskogleden*. Henta 8. november, 2018 frå Norge må oppleves: <https://www.visitnorway.no/listings/finnskogleden/15142/>
- Wergeland, H. (1933). Huusmanden paa Manglefjeld (Sortkridttegning). I H. Wergeland, & D. A. Seip (Red.), *Samlede skrifter : trykt og utrykt. 3 B. 2 : Artikler og småstykker : polemiske og andre 1833-1836* (ss. 67-71). Kristiania: Steen.
- Wiger, M. (1998). *Spillet om innvandrerne*. Søre Trysil: Trysil-forlaget.
- Wærp, H. H. (1997). *Diktet natur: natur og landskap hos Andreas Munch, Vilhelm Krag og Hans Børli*. Oslo: Aschehoug.
- Øksnevad, R. (1950). *Finnland i norsk litteratur – en bibliografi = Suomi Norjan kirjallisuudessa – luettelo*. Oslo: Gyldendal.
- Østberg, K. (1978). *Finnskogene i Norge*. Odal: Solør-Odal Historielag.
- Østigaard, A. D. (2016, 11. mai). *Ivar Mortensson-Egnund*. Henta 1. november , 2018 frå Norsk biografisk leksikon: https://nbl.snl.no/Ivar_Mortensson-Egnund
- Øverland, O. A. (1888). *Fra en svunden tid. Sagn og optegnelser*. Kristiania: Alb. Cammermeyer.
- Aasen, I. (1873). *Slag*. Henta november 5, 2018 frå Ivar Aasen — Norsk Ordbog med dansk Forklaring (1873): <http://www.edd.uio.no/aasen/aasen1873.html>